



Hjartdal historielag

Årbok 2015

Hjartdal historielag
Årbok 2015

Hjartdal historielag

Årbok 2015

Hjartdal historielag 2015

*Oppsett og utforming: Hjartdal historielag v/LS
Framsidenbilde: Øystein inviterer oss inn. Foto: Bondal bygdetun
ISBN: 978-82-92053-76-8
Trykt hos Telemark Trykk, Notodden
© Hjartdal historielag 2015*

Forord

Det er jubileumsår i år og vi jubilerar med ei utvida årbok. Det er 25 år sidan Hjartdal historielag blei stifta 15.mars 1990 og Kjetil Fosse blei valgt til fyrste formann.

Vi meiner det er god grunn til å feire denne hendinga og bruke litt tid til ettertanke rundt verksemda vår. Kva er drivkrafa og målet med det lokalhistoriske arbeidet gjennom desse 25 åra? Er registrering og vern av kulturminne, innsamling og arkivering av eldre skriftleg materiale, møteverksemnd med foredrag og diskusjonar og organisering av historieturar innanbygds og utanbygds, berre for å fylle ledig fritid for oss med interesse for alt gammalt?

Sjølvsgatt er det bra og fornuftig å bruke tida på ting som interesserer og gjev oss gode og interessante opplevelingar – men det er mykje meir enn det.

Historielaget har bruka eit motto på plakatar og publikasjonar som uttrykker ei viktig meinig med det heile:

Vi arbeider i nåtida – med fortida – for framtida.

Både nåtida og fortida seier seg sjølv her, men framtida? Kva skjer med oss menneske og samfunnet vi lever i om vi mistar kunnskapen om fortida? Vi er overtydd om at manglande kjennskap til det som har vore, formar og påverkar det nye samfunnet. Alle er enige om at dei lidingane den andre verdskrigen førte med seg aldri må gjenta seg. Men korleis skal nye generasjonar med stadig større avstand til okkupasjonsåra syte for at så ikkje skjer om ikkje kunnskapen om krigen blir halde ved like?

Og da er det ikkje nok å kjenne til store slag som slaget ved El Alamein eller panserslaget ved Kursk, eller berømte hærforrarar som marskalkane Montgomery og Sjukov. For å få fram kjenslene og ei djupare forståing for kva krig kostar, må dei unge også kjenne til kva deira eigne slektningar og sambygdingar måtte gjennomgå.

Slik er historielagets arbeid med lokalhistoriske hendingar eit arbeid for eit betre og tryggare samfunn. *Med fortida – for framtida!*

Det er ikkje berre faren for okkupasjon og krig som viser kor viktig det er med kunnskap om fortida. For ikkje mange år sidan måtte vi produsere vår eigen mat og sy våre eigne klær. Kunnskapen om naturen og naturressursane var ein heilt annan enn i dag. Kompetansen og kunnskapen om mat- og klesproduksjon, metodar og reiskap blir etterkvart borte. Kunnskap som før var var å finne i kvar familie og på kvar ein gard.

Vi vil ikkje tilbake til det gamle samfunnet, men vil heller ikkje inn i eit samfunn der vi ikkje lenger er i stand til å brødfø oss sjølve om kriser oppstår. Vi i historielaget vil hegne om den gamle kunnskapen og syte for at dei gamle sine røynsler i smått og stort ikkje er borte når det blir nødvendig å hente dei fram att. *Med fortida – for framtida!*

I denne årboka kan Øystein Bondal og Trygve Nyheim stå som gode bilete på dette.

Øystein Bondal var ein stor kulturminnesamlar og hadde store kunnskapar om naturen og korleis naturressursane heldt liv i både folk og dyr. Museet i Bondal har ei imponerande samling av reiskap og utstyr som viser oss ein måte å leve livet på som er i ferd med å bli borte for oss.

I år er det 70 år sidan Trygve Nyheim fall for ei tysk geværkule, berre 14 dagar før freden kom. Han hadde vore med i kampane i Vinje og var aktiv i motstandsarbeidet under krigen til det siste. Hans lagnad er eit påminning om kva som kan hende igjen om vi ikkje lærer av fortida.

Men vi kan og presentere mykje anna stoff, viktige og interessante lokalhistorisk artiklar frå bygdene våre. Årboka for 2015 har blitt ei stor og variert årbok. Vi håper du vil få ei god lesaroppleving!

Torgunn Opsal

Leif Skoje

Svein Bakkalia

Torkjell Tjønn

Innhald

Forord	5
Innhald	7
Fjellbonden Øystein H.Bondal av Svein Bakkalia	9
Forkledas historie av Aslaug Mosebø	40
Barndomsår i Hjartdal under krigen av Kari Skoland og Lisa Halvorsen.....	51
Lekkjenuten av Olav Langåsdalen.....	56
Sauland legedistrikt 1860-1920 av Torkel Hytta	67
Christian Stenersen – teatermålaren som blei hjartdalsven av Olav Tho	79
Bygdeglimit Tekst og foto: Ivar T. Dahl	90
Gamle juleskikkar av Karl Slaattun	97
Stølsstell i Hjartdalsheiane av Synøve Våle	101
Om smør og sosialt liv i Tuddal av Ingunn Hovde	113

Han ga sitt liv – Trygve Nyheim av Kjell Klokkerud	128
Småskala jernindustri på Skoje i Sauland av Audun Solberg	133
Langeleiker fra Hjartdal av Anne Haugen Wagn.....	140
Tverrås-saga av Halvor H. Sisjord.....	151
Hjartdal historielag 25 år av Svein Bakkalia	154
Ting frå tidlegare tider.....	158
I avisa for 100 år sidan	159
Bidragsytarane til boka	162
Årsmelding 2014.....	164

Fjellbonden Øystein H.Bondal

av Svein Bakkalia

Jula 1921 kom til å sitte lenge i minnet til Hans og Gunhild i Suigard. Gunhild hadde fått brygga ølet slik skikken var og nykoka fisk og rakfisk med kaku og lefse blei sett på julebordet som vanleg. Men julestria hadde vore ekstra tung for henne dette året. Kanskje til og med treåringen Margit syntes det var litt rart? Det skulle ikkje vere mange dagane før ho fekk svar. Tredjedag jul kom broren Øystein til verden.

Skal tru om ikkje far Hans kosta på seg ein ekstra juledram denne dagen i romjula for å feire guten som endeleg hadde kome til gards.



Han var einaste guten i barneflokken

Øystein H.Bondal blei født den 27. desember 1921. Foreldra var Hans Halvorson Bondal og Gunhild Torkjeldsdotter Reisjå.

Øystein skulle bli aleine som gut i barneflokken og blei født heime i Suigard som dei andre fire syskena. Margit var eldst og den einaste som blei buande i Bondal utanom Øystein. Ho gifte seg med Jon N. Bondal og slo seg til i Bakken i Su-Bondal. Året før Øystein blei født kom Gro til verden. Ho blei gift med Birger Nilsen på Notodden. Etter han kom dei to yngre systrene berre med eit par års mellomrom. Den to år yngre Ingrid busette seg i Tuddal saman med ektemannen Olav Tveiten. Den yngste i syskenflokken, Gunhild, blei gift med Nils Ø.Aasen på Nord-Åsen.

Hans Halvorson Bondal fekk skøyte på Suigard i 1918, 28 år gamal, saman med broren Tov, men løyste ut broren i 1932. Han hadde foreldra og tanta, Guro Tovsdotter, på føderåd og brukte garden i nærmere 40 år, til Øystein overtok.

Hans var aktiv politiker og var m.a. medlem av Hjartdal heradstyre i 30 år. Når han skulle på møta på vinterstid måtte han gå 15 km på ski til Tuddal og vidare med buss til Sauland. Desse blei den gongen haldne i skrivargarden i Sauland. I åra etter 1920 måtte han ofte reise dagen før på ein tur som kunne ta 2-3 dagar, noko som seier mykje om Hans si store samfunnsinteresse.

Foreldra til Hans var Halvor Tovson Bondal og Margit Hansdotter Ingulfstrand. Ho var født på Dal i Tinn, men vokste opp i Nordgard-Bondal.

Gunhild Torkjeldsdotter Reisjå budde saman med foreldra sine på Nordgard Reisjå frå skulealder, til ho gifte seg og flytta til Suigard i 1918. Faren, Torkel Gjermundson, kom frå Uppistugu-Stuvrud og mor hennar, Gro Gunnleiksdotter Hovde, frå Selstugu Øvre Hovde. Her blei Gunhild født i 1895. Foreldra hennar brukte Sud Kjelldalen i fem år før dei kom til Reisjå i 1903.

Mange har nok møtt den staute budeia Gunhild på ein av stulane i bondalsfjellet. Ho dreiv med stulstell i 27 år og gav seg ikkje før i 1954. Etter at mannen hennar gjekk bort i 1957, heldt ho fram med arbeidet på garden saman med Øystein. Dei tunge taka på garden, eller

*Foreldra til Øystein, Gunhild Torkjeldsdtr.
Reisjå (1895-1990) og Hans Halvorson
Bondal (1890-1957) gifte seg i 1918.
Gunhild kom frå Uppigard Reisjå.*



dei mange heradstyremøta, hadde nok ikkje latt seg gjere utan Gunhild i heimen. Gunhild døde i 1990, 95 år gammal.

Ola Gunnarson og Ågot Eivindsdotter Møle kjøpte Suigard i 1765. Historia fortel at Ola og Ågot hadde pengane i smått og bar dei i sokkar da dei kjøpte garden.

Ågot si eldste dotter Gro brukte garden saman med mannen sin, Tov Gunleikson, frå 1770 fram til 1799, da han fall av hesten og drukna ved Kloppestronde ved Heddevatn. Det blei sett opp ei helle etter denne ulykka med innskrifta:

Her ved dette sted haver en mand ved navn T.G.B. druknet da han red på en fole foruden bidsel aar 1799. Dette står ikke for lyst, men til advarsel. (*Hjartdalsoga*)

Hella er nå på Bondal bygdetun.

Øystein var av Ågot si slekt. Åttande generasjon har nå overtatt. Systersonen Thor Tveiten og kona Wenche syter for at den gamle ætta frå 1700 talet framleis eig Suigard.

Ein unge hadde lettare for å springe enn dem gamle

Det første Øystein hugsar frå barndomsåra er livet på stulen. Mor måtte overta seterstyret da bestemor Margit blei dårleg. Ho overtok med fem ungar rundt seg og den yngste, Gunhild, var berre året gammal. Margit hadde nå blitt ti år og gammal nok til å hjelpe til både med barnepass og gjeting. Øystein seier han hugsar litegrann fordi Bergit Stuvrud var med om våren, og gutungen som enda ikkje hadde fylt seks, sprang att og fram på tresko til vårstulane Haugero eller Liset lenger nord. Det var berre budeia som låg i bua der, det blei så nærme så ungane før heim om kvelden.

Utpå sommaren flute dei til Hellstulane som ligg ovanfor Heddevassstulen, eller til Nåpåtjønn som ligg lengst inne. Når ein kom lenger nord i fjellet så budde dei på stulen.

Ungane hadde elles kvarandre i leiken. Dei fiska i vatna og i åin og var nok som ungar flest. Når veret var dårleg, måtte dei minste ungane vere heime på stulen for å passe primkjelen. Da måtte mor sjølv ut på beite og gjete kjy'n. Dei var likevel ikkje så gamle før dei måtte vere med å passe dyra.

Me var nå med og gjette etter beste evne. Ein unge hadde lettare for å springe enn dem vaksne når me blei sendt avgarde for å vende kjy'n eller stoppe dem.
fortel Øystein.

Hjuringen måtte finne seg i å bli våt

Det varte ikkje lenge før Øystein måtte bruke mesteparten av dagen saman med dyra. Han blei hjuring. Da kunne det nok vere dagar det både var kaldt og vått. Regntøy og gummistøvlar kom fyrst seinare, så han måtte finne seg i å bli våt dei fyrste åra som hjuring.

Gunhild hadde meir enn nok å henge fingrane i frå ho stod opp, mellom fem og seks om morgonen, til ho kunne gå til ro ikkje altfor seint utpå kvelden. Vi kan sjå ho framfor oss der ho prøver å riste liv i Øystein, samtidig som dei fyrste solstrålane viser seg i fjellheimen. Ho

Fjellbygda Bondal

Det har budd folk i Bondal heilt frå gamalnorsk tid. Ryddinga av bygda går truleg heilt tilbake til yngre jernalder (600-800 e.Kr.) Dei første fastbuande kom truleg frå nord i samband med jernutvinninga på Møsvassstangen og i Bondalsfjellet. Desse fangstbustadene vart etterkvart til to bondalsgardar i nord Bondal og minst ein i sud Bondal. Saman med dei tre bondalsgardane låg gardane Brekke, Åkre og Bergstugo, alle i sudgrenda. Kanskje og ein gard kalla Tveiten.

Mest folkerikt var det kring 1875, da budde det 84 personar på 11 bruk, 54 av desse var under 25 år. Storparten var gardbrukarar og mest ingen husmenn, det har det stort sett aldri vore i Bondal. I dag er det heller få som er fastbuande. Det er nå folk på tre gardar og bygda er blant dei minste valgkrinsane i landet. Gardane ligg frå om lag 760 til 900 m.o.h. på solsida av Bonsvatn og Skinandvatn. Mot aust ligg den 1293 m høge Bonsnos med sjølve Gaustatoppen bak, mot nord Heddevatn og Åtebjønn.

Til alle tider har sambandet og handelen med Tinn og Rjukan vore viktig. Ferdslivegen gjekk nord om Bonsnos, gjennom Gausdalen og vidare nordom Gaustatoppen. Frå Hjartdal kom ein stig av Prestvegen til Bondal frå Viken. Reisjå hadde hatt veg frå Tuddal sidan 1907, men det skulle nesten ta 50 år før bilvegen frå Tuddal kom innerst

i Bondal. Den stod ferdig i 1955. Telefonen kom så tidleg som på 20-talet, elektrisk strøm i 1945. Fedrift og stulsdrift har vore hovudnæringa så langt ein kan huske. I 1875 var talet på storfe og småfe på det høgaste. Omlag hundre år seinare var det berre eit tredvetal sau att.

Fjellområda mot Måråstaddalen og Windsjåen i vest og mot Tinn i nord, med store vidder og beiteområde, var ein sikker leveveg for bondølane. Det skal også ha vore ein gammal hestemarknad på Måråstadstulen der m.a. hardingane kom med hestane sine for å handle og prate hest.

I dette området har alle bondalsgardane hatt langhei. Nærare bygda har gardane i nordbygda hatt områda nord og vest for Skinandvatn, medan sudbygda har hatt sud for vatnet.

Fjellet har og gjeve bygdefolket fleire attåtnæringar. Fisket i fjellvatna har saman med fugle- og snarefangst gjeve kjærkomne inntekter. Alle gardane har skog til eige bruk og nokre driftar for salg.

Bondalsbygda lever fortsatt godt, sjølv om inntekter fra hyttebygging og hyttefolk nå kanskje er viktigare enn noko anna for dei som fortsatt bur her. Bygda kan i dag vise til eit fredleg kulturlandskap med eit vell av kulturminne og gamle tømmerbygningar, noko mange set stor pris på i dag når ein skal koble av frå eit travelt kvardagsliv.

Kjelde: Hjartdalsoga Band 1

må få i han ein matbit før han hentar kjy'n for henne. Stulsbua blir bruka til stort sett alt. Her sov dei om nettene, her et dei maten sin, her blir det laga smør, ost og prim og her blir kyrne mjølka. Vi får tru dei minste systrene får lov til ligge litt lenger enn hjuringguten, han måtte utrustast med niste og klær for dagen så fort mjølkinga var overstått.

Øystein hadde nok ikkje kome så langt på rekslevegen til beitet før mor hans var godt i gang med ystinga. Osten måtte hellast over i ostebala og knas godt for å få mysen ut, ellers blei han sur. Så var det å kinne smør i ei stavkinne eller ei drakinne, det måtte vaskast i godt øllevatn og det måtte knåast og saltast.

Snart hadde ho fått fyr under mysekjelen for å koke prim, noko som tok heile dagen. For å unngå at primen brann innat måtte han rørast i jamt, det same når han var tatt av varmen for ikkje å bli for grov.

Truleg kunne Gunhild høyre bjølleklangen frå kretura på heimveg når ho stod med reingjering av holkar og byttur i kveldsstellet. Øystein var kanskje både sliten og våt etter ein lang dag, men kjy'n måtte likevel leiast inn i bua for å mjølkast før stulsfolket fekk i seg kveldsmåltidet og ei god seng venta.

Budeia lokka vanlegvis kjy'n ut på beite om morgonen og attende på kvelden, men om dagen var han mykje aleine og såg lite til dei andre hjuringane. Dyra blei urolege når det kom ukjend buskap i hop. På



*Gunhild med ungeflokken sin på stulen.
Frå v.: Gro, Ingrid,
Gunhild og yngstedottera med samme namn,
«hjuringen» Øystein, og
Margit.*

Bildet er tatt framfor stulsbua på nedre Hellstul midt i 1930-åra.

Nå påtjønnstulen fekk dei likevel jamt besøk frå Måråstaddalen der det sat budeier på stulane. Praten gjekk nok livleg i slike stunder.

Dei fleste dagane gjekk med til å halde selskap med seg sjølv, så det var ikkje så rart at fiskestonga blei brukta flittig av den unge guten. Han lærte seg tidleg der fisken stod og fiskevatna var mange.

Han var med på stulen til han fylte 14 år. Gardsarbeidet tok over den sommaren han gjekk for presten. Dei to yngste, Ingrid og Gunhild, blei att med mor på stulen. Men barndomsåra i fjellet verkar til å vera blant dei kjæraste minna hos Øystein, eller slik han seier det med eigne ord;

Du verden når ein tenkjer på det nå o godt det e at ein har opplevd slike ting.

Stulssmøret hadde god avsetning

Stulslivet er viktig for mange eldre når dei snakkar om gamledagar. Øystein lika dårleg at stulane blei lagt ned og dyra sendt på slaktehuset. I fleire hundre år har folk fått smør, ost og prim frå stulane. Nå når det ikkje lenger er kry i fjellet veit heller ikkje dei som veks opp noko om stulsdifta. Han kan snakke lenge og varmt om livet på stulen.

Sankthans var tida for å dra til fjells med kretura, vanlegvis ei veke på vårstulen og så nordover til langheistulane etterkvart. Dei flutte frå stule til stule etter som vinteren slapp taket og stulsvollen blei beita ned. Flyttedagen var eit følt strev for menneske og dyr, ikkje minst for hesten. Alt av koppar og kar blei kløyja på hesteryggen. Mellom atten og tjuge mjølkekryr var med innover. I tillegg kom havningsdyra, kalvar, kviger og sauherdene som følgde med og skulle passast på.

Mor Gunhild var ikkje berre budeie på Suigard-stulane, ho sat og på stulane i Måråstaddalen. Da Kjetil i Bergstugu blei aleine etter at kona hans Sigrid døde, ville han gjerne at ho var ein månads tid på Haugestul, slik at dyra fekk gjødsla vollen oppatt. Ho var og på Deilstul for Tov Bondal på Nigard. Det var akkurat det samme der.

Det var fem seks budeier nordover på stulane, og ein tok dyr like frå Heddal og Lisleherad. I Suigard hadde dei ikkje dyr frå Heddal, men det kom nokon frå Gransherad med kry. Ellers kom dei frå Tuddal, frå Kjelldalen og Sletta og frå Reisjå.

Øystein fortel at det under krigen var om å gjere for folk å få tak i dyr som ein kunne ha på stulen

...for dem trudde dem skulle skaffe seg ekstra mat. Men skulle dem betale forsakt, som det heitte det dem levera med smør og ost og prim, så var det ikkje stort som var att.

Stulslivet tok seg veldig opp under krigen. Det var viktig med smør, og mange ville ha det med ein gong. Det var om å gjere å få det tidleg frå stulen om det skulle seljast, for stulssmør hadde god avsetning.

Dem blei enige på våren at det skulle leverast så og så mykje smør slik at det kom ned på butikken i Tuddal. Der var dei aller fleste skuldinge, så dei var glade for å få betalt på gjelda.

Skulle dei ha smøret sjølv, blei det lagra i holkar. Da hadde det ikkje så følt å si om det gjekk eit par månader før det blei levert. Det var alltid spørsmål om når kua hadde kalva, mjølka var betre da. For å ha kjy'n på stulen blei det betalt med smør og mjølk. Dyr som ikkje mjølka, kviger og kalvar, blei betalt med kontantar.

Ungane skulle ha det moro mens dei enda var ungar

Det var ingen andre ungar nord i grenda enn syskena i Suigard, men dei fekk besøk frå ungane i sugrenda og var sjølv dit att og leika. Ungane fekk lov til å leike med det dei ville.

Far gjorde ein trehest, den som er på museet, og ei vogn med hjul som ein kunne sitte i å dra kvarandre, fortel Øystein. Hans ville visst at ungane skulle ha det moro mens dei enda var ungar.

Øystein var og tidleg med på garnfiske. Han var med og rodde slik at faren fekk garnet der han ville.

Og det greidde eg nå da. Han hadde eit bord rett over båten og tok åra på utsida av hendene mine og skåta til neste garnplass, elles hadde det gått altfor seint. Utover hausten var det så keldt at me måtte sette garnkassa i vatnet for å greie det, for det tøå te. Stod det i vatn så greidde me det.

Vanleg jakt og toppjakt på tiur var det faren som tok seg av. Det var kragen som blei bruka på spilljakt og slikt og var nok for farleg å bruke



Her viser Øystein trehjulsykkelen som faren laga, og som har fått ein sjølvsagt plass på museet.

for ein gutunge. Han fekk salonggevær som tolvåring, men måtte love å vere i marken aleine når han skulle bruke det. Dei yngre systrene fekk ikkje lov til å vere med da.

Bestekameraten var Olav Brekke, son til Aslaug og Gunleik Brekke. Det var Olav Brekke som bygde Bondal fjellstoge, Fjellhaug, i slutten av førtiåra. Han overtok garden Tveiten på Vestsida i Heddal og flutte dit i 1956.

Han var eg mykje saman med som gutunge. Han var 4 år eldre enn meg og veldig flink, og så uendeleg snill til å hjelpe i skule og slikt noko.

Landkunna og rekning gjekk veldig greitt...

Øystein blei 7 år og skulen med eitt klasserom og 12 elevar avløyste den frie leiken. Han var einaste fyrsteklassing, men han lika seg godt på skulen. Lærarinda heitte Torbjørg Lande. Ho kom frå Setesdal og blei seinare gift med Gregar O.Hogstul på Sud Hogstul og var den einaste læraren Øystein hadde. Skulehuset som stod ferdig like før århundreskiftet, ligg på same staden den dag i dag og blir nå bruka som grendehus av bygdefolket. Det var skule kvar dag utanom på søndagen, i 14 dagar i slengen og fri dei 14 dagane skulen var på Reisjå. Rekning og geografi, eller landkunna, eller kartboka som dei også kalla

det, gjekk veldig greitt. Fullt så greitt var det ikkje når dei skulle lese om dei gamle kongane. Interessa for historie kom i fullt monn seinare. Reint ille blei det når dei skulle lese høgt frå testamentet med gamle gotiske bokstavar. Han grua seg følt når det nærma seg den timen og hadde mest lyst til å kaste heile boka.

Det blei ingen framhaldskule med han, slik som med to av systrene etter folkeskulen, men Torbjørg fekk ordna med framhaldskulebøker i rekning og gjekk gjennom desse med han i sjuande klasse. Øystein skryt av Torbjørg:

Torbjørg var flink til å hjelpe viss me ikkje kunne det. Det var berre å vinke på ho, så kom ho med ein gong. Me var veldig fornøgde med Torbjørg.

Det var eit stykke å gå til skulen for ein sjuåring, men han var vant med å gå. Vegen blei brøyta med hest og snøplog om vinteren, ellers var skia gode å ha. Ein tung skuleveg var ikkje det einaste som gjorde at skuleguten måtte tidleg opp om morgonen. Snurufangst var noko han dreiv med frå han var liten og orresnuru oppe i nuten måtte sjygnast før han kunne konsentrere seg om lese og skrivebøkene.

I staden for framhaldskulen gjekk Øystein to vintrar på snikkarskule, nokre månader kvart år. Snikkar- og vevkurs veksla med framhaldskule i hjartdalsbygdene. Det eine året hadde han Petter Oppebøen frå Kviteseid som lærar, det andre, trekunstnaren frå Langelim, Torvald Høydal. Han lika godt å snikkere.

15 år gamal stod Øystein til konfirmasjon for presten Kobro, som var ein grei prest og godt lika blant ungane. Han møtte på sommaren og måtte gå ned til Reisjå der faren hadde ein sykkel ståande og sykle til kyrkja derifrå. Konfirmasjonsstasen blei handla på handelslaget i Tuddal og rekninga kom på 62 kroner og 67 øre for konfirmasjonsdress, eit par sko, ei finskjurte og eit par sokkar. Det heile blei betalt med 31 kg molter og 58 kg rakerfisk.

Denne sommaren var den siste som hjuring. I staden for det frie livet på stulane i fjellet, måtte han nå vere med faren på garden heime saman med slåttekarar og rakstedeier.



Som 14-åring måtte hjuringen heim til gardsarbeidet. Her er Øystein saman med dei eldre systrene sine, Gro og Margit. Dei ser ut til å ha det svært så triveleg under ei kvil i slåtten.

Hjuringen må vike for gardsguten.

Dagane i ungdommen gjekk med til gardsarbeid. Faren måtte ha hjelp til mangt og mykje, og han gjekk såleis i ei slags lære som gardbrukar på ein gard som blei drivi på gamlemåten.

Mor Gunhild hadde nok mest med dyra å gjere både sommar og vinter, utan at karane blei arbeidsledige av den grunn.

Etter at høy og ved var kjørt heim med hest og slede frå stulane på vinteren, helst før påske, måtte mørka kjørast ut på jorda. Det var fast takst å kjøre ut mørker før snøen blei borte, med to mindre sledar. Det var og skikk å kaste åt. Det blei spadd hål på åkeren og kasta jord utover for å tære på snøen. Det var viktig å få sådd tidleg.

Sjoen kunne vørå så stor at hesten blei kjørt like til knea i sjoen i kanten på åkeren. Og enda sådde dem. Fekk ein sådd ein ludag i staden for å vente til over helga, kunne dem sjørå åkeren ei veke før på høsten,

fortel Øystein.

Suigard Bondal

Suigard Bondal var ein av to Bondals-gardar nord i grenda, og har alltid vore einbølt. Det samme var den andre garden, Vestigarð, fram til 1875. Da blei Nordigarð skilt ut som eige bruk. Suigard har med stort og smått 49 gamle hus, om ein i tillegg til stoge og driftsbygningar, reknar med utløer og stulsbuir i utmarka og i fjellet. Stoga på garden er sett opp før 1805, innreiinga og målinga stod ferdig i 1807 og lik dei fleste andre husa er ho ei gammal tømre. Inne er både kronesenga, langbenken og den kvitkalka peisen der framleis. Fjoset og hestestallen er sett opp i 1920-30 åra. Låven er eldre. Loftet er fra 1790 talet og står saman med vesleburet og uthusa ved sida av kvarandre ute på bakken ned mot vegen. Ellers er det m.a. sauestall, smie og badstoge. Eldhuset der dei budde frå tidleg på våren til seinhaustes, var i bruk til 1967. Ekra nord for husa heiter Kønningbring, der voks kornet godt og der fekk dei såkorn. Garden har vore sjølvforsynt med byggkorn, kveite og rug måtte kjøpast i butikken. Jordet nedanfor huset heitte Storåker, og nede ved vatnet Brannsekre. Når all jord var pløgd var 8-9 mål byggåker og 1 mål med jordeple i bruk, i tillegg kom nepe- og kålhage. Haugero og Liset var Suigard sine vårstular. Heddevassstulen blei bruka mest som hauststule og Haugestul, øvre og nedre Hellstul (Hellstålen), Gvanntjønn og Nåpåtjønn var langhei eller sommarstular.

Var våren god drog dei utanom vårstulane og direkte til Heddevassstulen. Den var og den siste stulen før buferdsdagen på hausten. Hit kom dei med kyrne i august og satt der til krossmess, midt i september.

Graset på stulane blei slått til om lag 1950 og høyet henta med hest på trug vinterstid, 25-30 hestelass i året. Dei henta mose nord på Gunnufstulfjellet, og lauva over 200 kjerv kvart år. Stuldrifta tok slutt i 1954. Det blei mindre høy og det stod berre att 2-3 kry i fjoset. Ein gong i 1960-åra var det heilt slutt med ku på Suigard, og sauene blei aleine att på garden.

Fisket i fjellvatna har vore viktig attåtnæringer til sist i 40 åra. Suigard har hatt 7 fiskevatn åleine og fiskerett i 21 tjønnar. Fuglejakt og snarefangst var ei anna næringskjelde. Dei veidde på faste plassar på Nåpåtjønn og Solfjell frå desember til mars. Suigard hadde både kvern og oppgangssag ved Åmot. Det blei og stelt til stampe mellom Skinandvatn og Bonsvatn.

Åmot under Suigard var ein av to husmannsplassar i Bondal. Han låg om lag midvegs mellom Nord- og Su-Bondal, ved å-møtet mellom Skinandvatn og Heddevatn.

Suigard har skog på nord- og vestsida av Heddevatn, i Lisetlien, Gvevin og Haugerohaugen. Det har vore nokre uthogstar, særleg etter århundreskiftet, men skogen har nok vore mest til eige bruk.

Kjelde: Hjartdalsoga Band 1



Suigard sett mot søraust, med Skinandvatn, og Bonsvatn lengst bak. Vesleburet og loftet, fjoset og stallen ligg etter kvarandre ned mot vegen. Verkstadbygget og eldhuset ligg på oppsida av stugu.

Suigard var sjølvforsynt med byggkorn, 6-rads bygg, og åkeren var på 8-9 mål. Jordepleåkeren var på omlag eit mål og blei gjødsla året før. Dei kasta hestegjødsel på epleåkeren, fordi potetene blei blautare med for hard gjødsling. Det blei mylla, som ein kalla det, før epletutane kom opp, enten med eit græv eller jønnrive. Seinare på sommaren blei det hyppa med græv, før hyppeplogen kom i bruk.

Kornåkeren blei stelt godt med og harva og hevda kvart år. I tillegg til korn og jordeple hadde Suigard kålhage og neper. Det er veldig god jord i Bondal, og det blir varmt i dei bratte bakkane når sola står på. Eitt år plukka dei all steinen vekk frå åkeren i Sudigard, noko som førde til at avlinga slo feil. Avlinga slo feil fordi steinane var nødvendige for å varme opp jorda og kornet blei liggande heilt nedpå når vind og regn slo åkeren ned. Det heile endte med at steinen måtte strøast utover på nytt for å få åkeren fornøgd.

Etter våronna var det ei stillare tid før buferdsdagen og buskapen skulle i fjellet ved sankthanstid. Gjerdinga hadde helst blitt gjort unda tidlegare, men ein hadde nå eit stort arbeid med å flette never som skulle brukast når taka på gardshus og stulsbuir skulle vølast. Det måt-

te gjerast akkurat når sevja var slik at neveret løsna. Taka på dei større husa heime blei ofte tatt på dugnad, men på stulane innover var det meir vanleg at kvar og ein gjorde det sjølv.

Slåttonn med lauvkjerving og samling av reinsmose

Slåttonna byrja fjorten dagar til tre veker etter buferdsdagen. Vanlegvis slo ein på stulane først, det var lettare slik fordi ein slapp å halde dyra vekk frå uslått gras. Stulsgraset stod for mesteparten av foret. Stulane blei godt gjødsla og det var stor forskjell på mjølka til dei dyra som fekk stulshøy når dei kom heim. Det var omtrent som kraftfor i forhold til det heimlege graset.

Men det var mykje raksteslått på garden så det blei leigd inn slåttekarar og rakstedeier som hadde ein fast pris på oppmålte slåttar. Slåttane i Bondal kunne vere på mellom 6 og 12 mål og hadde ofte namn. I Suigard var det ein som heitte Jammerdalslåtten. Han var steinut og sikkert ikkje særleg populær blant slåttefolket.

Rakstedeia røyva eller breidde høyet utover, hesjetråden kom først i 1930-åra.

Før slåtten var ferdig så måtte ein i gang med lauvkjerving. Ein måtte byrje å lauve før lauvet draus, så det blei tatt nokre dagar med lauvning, sjølv om det stod att ein del heimleg. Det var ikkje så mykje lauvning, det variera mellom to og tre hundre kjerv og henta mellom fire og seks moselass inne på fjellet i tillegg. Reinsmosen blei bruka til sørping og kjørt heim på vinterføre. Det var å vente på bra trugeføre for hesten, og mosen var godt for viss ein fekk bruka det skikkeleg.

Suigard hadde 7 fiskevatn aleine og fiskerett i 21 vatn i tillegg. Det blei fiska mest på hausten, garnfiske i tjønnane nord i fjellet, i Raubutjønn og Nåpåtjønn, og i Skinandvatn og Heddevatn lenger heim. Fisken var på rundt 1 kg, men etter at det kom røye i Heddevatn, så varte det ikkje mange åra før enkelte ruggar kunne komme opp i 5-6 kg. Den største Øystein kjente til var på 6 kg, i Heddevatn. I Bonsvatn tok dem ein på 9 kg. Auren åt smårøye for den var det mykje av. I dag er det omvendt, det er småfisken som har overtatt.

Det var òg fiskeri i åå mellom Skinandvatn og Bonsvatn, med sloe. Fisken blei leda ned i slou med eit steingjerde og med grove stokkar på sidene og fall ned på tørt, på sprinklar i bånn. Dette var fisk som hadde vore på bekken og gytta og var på veg nedatt.

Fisken som ikkje var til eige bruk, blei anten bori over fjellet og selt på Rjukan eller på forretningen i Tuddal. Det blei òg lagt mykje rak, selt i treholkar på 18-20 kilo til forretningane før jul. Det kunne bli opp mot 50 kg i alt, mesteparten til handelslaget i Tuddal i bytte mot andre varer. Men det blei og levert rakerfisk nedover i Sauland og Heddal.

På hausten var kornet klar for skurden

Det var tungt arbeid den skurden. Vanlegvis låg åkeren utoverbakke så ein måtte nesten stå på hue når ein skulle skjørå.

Kornet blei skori med kortljå eller skurdljå og sett på staur. Hukebandet var dei to banda som satt innved stauren nede ved bakken, så kom dei andre banda over og for å få på det øvste hattebandet måtte ein helst bruke ein staurkrakk for å nå opp. Det var ein fordel om det var kvist på kornstauren så ikkje banda seig saman.

Etter ein fjorten dagars tid blei heile stauren borene inn i kornstaen som var laga til om sommaren for å vere så tørr som muleg.

Øystein kan sjølv ikkje hugse anna enn treskemaskina, men før kom det folk til gards når det nærma seg jul for å ta seg av treskinga. Det blei først banka med flygil og rensa med sold og kasta med ein kasteskovi. Det tyngste og beste kornet blei kasta lengst og kalla veggeronde. Det lettare kornet blei liggande nærmare og brukta til dyrefor. Kornet blei lagra i fotekjær eller bylur og turka i badstoga før det blei male på bekkekvenna ved Åmot. Ein måtte male på våren fordi det da var nok vatn i Heddevassåa.

Med spark på fest på Fossehalli

Ungdommen blei tidleg vaksne før, og etter konfirmasjonen kunne det bli mange tunge tak for gardsguten i Suigard. Men trass i mange plikter og mykje arbeid er det alltid tid til fest og moro når ein er ung.

Det var ikkje før me var så vaksne at me reiste på fest. Eg trur eg var sytten år når eg ville på nyttårsfest i Tuddal og da måtte eg spørje hei-

me om eg fekk reise. Det fekk eg selfølgeleg lov te. Eg og Jon Bondal brukar spark. Det var på Fossehalli.

(...) Det var ikkje fele, men meir trekkspel til dans. Det var tre brørar på trekkspel frå Notodden. Og så var det nokon med trekkspel og fiolin.

Hans Tråer, han som kjørte buss, spela til dans au. Og Jon Hovde hadde trekkspel. Me stod som medlemmar i ungdomslaget Fram.

Øystein var i sin beste ungdom, i attenårsalderen, når krigen kom her til lands og okkupantmakta la ned forbud mot fest på lokalet. Men festeane blei det ikkje slutt på av den grunn.

I gamalstugu i Åmot var me mykje. Og på Løkjestul ved Heddevatn.

(...) Vegarbeidet til Bondal foregjekk under krigen. Når dem byrja med vegarbeidet gjennom grenda så blei trilleplanken lagt upp, så la me berre den på vegen til dansegolv. Det var nordafor Olav Bondal, der han bygde huset sitt. Omtrent rett upp for der den fine hytta er, i nærheten av fjellstugu, berre lengre nord mot elva.

Det var heller ikkje tida for farting og lengre turar ut av bygda, utanom ein og annan til Notodden. På fesjå i Seljord kom han ikkje før året etter at krigen var slutt. Og enda nokre år seinare på Kongsbergmarken, etter at han hadde kjøpt seg den første bilen sin, ein jeep, og kjørte skinn for onkelen sin, Kjetil Sletta.

Det er likevel ein tur som sit godt i minnet, hopprennet i Narekollen vinteren 1937:

Det var Jon Lappebakke herifrå Sauland som kjørde. Tarkjell Johnsen frå Heddal var med og hoppa. Og han sveiv rondt han, men så gjorde det ikkje noko når dem kom i den bratte bakken, for den var så bratt.



Øystein hadde ungdomstida si før og under krigen. Her har han sveisa seg opp. Har han ein fest på Fossehalli i tankane?



Øystein var ikkje på Kongsbegmarken før han kjøpte den fyrste bilen sin, ein Jeep. Da kjørde han skinn for onkelen sin. Her er han på Røldalsfjellet på tur til Ølen i 1955.

Narekollen i Sauherad var ein stor og godt kjent hoppbakke langt utanfor landets grenser på den tida. I mars året før sette Arnholdt 'Nolten' Kongsgård frå Kongsberg ny rekord som fyrstemann på 95 meter i ein norsk bakke. Tre år seinare var Hilmar Myhra fyrstemann på 100 meter i samme bakken, men med fall. Det var vel ikkje så rart rundkastet til Tarkjell Johnsen i ein slik storbakke gjorde inntrykk på den 15 år gamle Øystein.

«Verker du for mykje får du berre bruke Globoid»

I det fyrste krigsåret blir Øystein sjuk. Han er i skogen, på vedhogst på susida av Bonsvatn. 10 favnar bjørkeved måtte leverast til Wehrmacht. Det er september og det er haust i veret. Bjørka har ligge nedskoren sidan august for å bli kvitt sevju i stokken, ho blei betre og lettare slik.

Og det var da han kjente det, i akslane og nakken. Det verkte. Øystein hadde fått poliomyelitt.

Poliomyelitt er ein smittsam virussjukdom som angrip ryggmargen og hjernen og kan føre til lamming i muskulaturen. Feber og nedsett allmenntilstand er vanleg. I verste fall kan sjukdomen vere dødeleg pga svekka andedrett. Epidemiane som ofte kom på seinsommaren eller hausten ramma mest barn og unge, og det er registrert ein større epidemi det året som Øystein blei smitta. Det var fleire som fekk det i bygda da.

Vaksine mot polio kom ikkje i bruk her i landet før godt utpå femtitatlet, så Øystein måtte klare seg utan medisiner og lite på gode råd frå den unge og nyutdanna legen Boye Sten Istre.

Eg låg heilt i fem veker som eg ikkje orka upp eingong. Istre sa at byrja det verke for mykje så får du berre bruke Globoid. Og nå må du ikkje ha putur i senga, du må ligge rett på madrassen, viss du har putur får du den krullen på aksla.

Han fekk beskjed om at det var berre å trenere seg oppatt. Da han var såpass at han kom seg ut av senga og kunne sitte ved skivu under måltida, klara han ikkje lyfte brødkiva med ei hand eingong, men måtte hjelpe til med den andre. Det gjekk fire år før han kunne lyfte armane skikkeleg att.

Øystein fortel at Istre kom opp seinare for å sjå korleis det gjekk. Han var nyutdanna og ville følge med. Han tok opp tollekniven sin og rispa for å sjå om nerver og musklar reagerte. Akslane og armane verka ikkje lenger, men han måtte likevel vere lenge heime pga smitten. Seinare merka han at armane ikkje var like sterke som før når han jobba som snikkar og skulle arbeide over seg. Men han fekk ikkje varige mèn. Det var mange andre som ikkje var like heldige.

«...ville heile Bondal blitt brent og alle vaksne karar skotne»

Det var ved Bøen-leet i Tuddal, på veg til eit møte i Sauland den 9 april, far Hans fekk greie på at krigen hadde brote ut. Ordførar og løytnant Knut H.Hovde stod midt i ei folkemengde og fortalte om den tyske okkupasjonen.

Men bondølane slapp å sjå så mange tyskarar i bygda si dei fem åra krigen varte. Heim til Suigard kom det berre i ein einaste ein for å bytte

Øystein deltok i opprydningsarbeid i Storsteinnes i Troms etter krigen. Her er han på hurtigruta Lofoten på veg heim til jul i 1945. Til h. for Øystein, Johannes Romme, på venstre side, Olav Lia og Halvor Bøen.



til seg smør og strikka klær. Han kom på ski gjennom Måråstaddalen, antageleg frå Vemorktoppen.


Folk i fjellbygda klara seg etter måten bra i okkupasjonsåra. Dei kunne jakte og fiske og hadde nok av mjølk og smør til seg sjølve, men måtte levere mjølk og smør, poteter og kønn til Forsyningssnemda saman med 10 favnar ved i året.

Øystein var i rekruttalderen og kunne fort ha havna midt i krigshandlingane. Han hadde vore på sesjon på Løvheim i 1939 og skulle vore ute i militæret året etter. Dette blei det ikkje noko av, men det skulle ikkje vere lenge før han fekk kontakt med motstandsfolk på hyttene i fjellet.

Frå hausten 1942 tok Olav Brekke til med å organisere ei motstandsgruppe i Bondal. Saman med motstandsgruppa i Tuddal blei bondalsgruppa Milorg gruppe 47. Olav Brekke var gruppeleiar i Bondal og i tillegg til Øystein var desse med: Olav N.Bondal, Øystein N.Bondal, Øystein K.Bergstugo, Arnfinn K.Bergstugo, Knut K.Reisjaa og Tov K.Reisjaa.

Sjølv om bondølane såg lite til tyskarar i bygda si under krigen, kunne likevel ei hending vinteren 1945 fått alvorlege følger. Ein nazivenleg Rjukan-kar dreiv og samla opplysningar om motstandsrørsla i Bondal. Han var på hytta til foreldra sine same helga som Milorg-gruppa hadde våpentrenings inne på Løytestul i suenden av Heddevatn. Gruppa hadde fått ein Sten-gun og ein revolver til instruksjonsbruk og stod inne i stulsbua og skaut ut på stulsvollen for å dempe smellen. Ingen av dei

Øysteins diplom for deltaking i motstandsarbeidet under krigen.
Vi ser signaturen til kronprins Olav –
forsvarssjefen. Dessutan har sentrale
Milorg-leiarar skrive under.



var klar over at Rjukan-karen på hytta på Brekkejordet i nærleiken var angjevar.

Seinare fann Øystein døra på Heddevasstulen brote opp, det same var gjort på fleire av stulane og hyttene innover. Det blei nå kjent at samme mann hadde vore innom ein bokhandel i Moss der bokhandlaren blei arrestert for illegal verksemد like etterpå. I ettertid viste det seg at han hadde namna på 16 motstandfolk herifrå.

Øystein meinte bestemt at hadde desse opplysningane kome fram til Gestapo i Oslo, ville heile Bondal blitt brent og alle vaksne karar skotne. Men opplysningane kom aldri fram til Gestapo. Angjevaren blei lurt med i ein bil av to Milorg-karar på Rjukan og frakta opp på Hovinheia og likvidert. Ei større katastrofe var stoppa i tide.

Krigen tok slutt og Olav Brekke og Olav Bondal frå Milorg i Bondal var med på arrestasjonane av nazistane i Tuddal. Dei blei frakta til Sauland og seinare internert ved Jernbanebrygga på Notodden. Øystein var med i vaktstyrken frå august til september og deltok i tida etterpå i oppryddingsarbeidet i Storsteinnes i Troms.

«Eg savna anlegget, det var veldig sosialt og ein fekk mange kjende...»

Etter at sjukdommen slapp taket tok Øystein etterkvart oppatt arbeidet i skogen, for det meste veding, for det var det mest behov for på stulane. Vinteren 1947 var han på uthogst på Reisjå.

Ein sommar fekk han seg jobb på tyskarlina over Råen. Det blei for tungt med 6 trådar på kvart stolpejern, dei bøygde seg under tyngda av isen som festa seg på trådane. Så det måtte settast opp ein ekstra stolpekurs langsetter den gamle for å fordele tyngda.

To somrar var han og syskenbarnet, Gunleik Bondal på Upp-Reisjaa (Nordigard), på Rjukan med vedlikehaldsarbeid på dei gamle hydrohusa der, for det meste utvendig oppussingsarbeid. Verkedagane budde dei i ei brakke i nærleiken av torvet, men i helgefria før han Gausdalen, opp Selstadli og heim. Øystein syntest det ikkje var noko å vere der borte i helga.

Så kom hjartdølautbygginga og Øystein blei anleggskar i fleire år, med 8-timars skiftarbeid, føremiddag og ettermiddag. Han var den fyrste som byrja for Furuholmen i Tuddal, med vegarbeid frå Reisjåbrekka til Bonsvatn i nokre månader våren 1952, seinare på sommaren på vegen til Lonstultippen. Han var og med på fundamentering og oppsetting av brakker før tunnellarbeidet starta for fullt i 1954, på hovedtunnellen med innslag oppe i lia ved Lonstul, sud for Steinsrud. Det var omlag 25 mann her på Lonstultippen.

Øystein meinte han var den fyrste i Tuddal som byrja for Furuholmen under vassdragsutbygginga på 1950-talet.
Her slappar tre arbeidskarar av på brakketaket på Lonstultippen.
Frå v.: Øysten, Olav Tveiten og Jon Bondal.



Tunnellarbeidet var noko han lika, han syntest det var eit triveleg arbeid og ein fin arbeidstemperatur der inne. Dei hadde nista med seg inn i tunnelen og det måtte vere noko heilt spesielt viss dei var ute att før skiftet var over. Betalinga på anlegget var bra mot det han var vant med frå før.

Me brukte dresin for å komme att og fram. Me kjørte på skinnun og måtte trå som på ein sykkel. Vaggane blei kjørt inn og ut med lok, diesellok. Det var svært skjella dei blei brukta til å frakte kånn sjølv med.

Skiensfjorden kraftselskap var byggherre for hjartdølautbygginga og Furuholmen hadde hovedentreppa. Anleggssarbeidet tok til i 1954 og varte fram til 1958 og omfatta dei største fjellvatna og ellevassdra- ga i Hjartdal kommune. Vatn frå Bonsvatn, Windsjaaen, Kovvatn og Skjesvatn blei ført i tunnell fram til inntaksmagasinet Breivatn og vidare til kraftstasjonen inne i fjellet ved Hjartssjø. I alt blei det sprengt ut 35 km med tunnell og bygd 55 km med anleggsvegar.

Te å begynne med henta me massa inne med vaggane og kjørte ut og tippa og kjørte vaggane innatt på eit anna spor. Så når me kom lenger inn så blei det mykje arbeid med ventilasjon, me la rør for å få inn rein luft. Dei blei hengt langs kanten uppe ved taket, det blei båra nokre hol og stramma ein tråd og strekt upp. Vifta stod ved inngangen til tunnelen.

De var nok ikkje så rein luft inne i tunnellane, sjølv om det ikkje tok så lang tid før støvet forsvant ut etter at ein hadde skote ei salve. Øystein jobba noko i stuffen også. Stuffen er heilt innerst i tunnelen der boringa skjer og dei som jobba her var nok dei som var mest utsett for steinstøvet og lungesjukdommen silikose. Dei hadde heller ikkje att blod i hendene etter å ha halde i bormaskinane i årevis, fortel Øystein. Alt var nok ikkje like sunt.

Eg fekk trening der inne. Dei hadde fire maskinar og vanlegvis var det ein som stod med to maskinar. Desse automatmatarane, når ein fekk stilt dem, så var det no berre å helde dem med båringa.

Vaggane blei fylt med ein lastemaskin som gjekk på luft, det blei ikkje lyfta på ein einaste stein med handkraft. Lastemaskinen gjekk på ein skinnegang og var kobla til ein kompressor. All lufta blei kobla inn på lastaren.

Da hjartdølaanlegget gjekk mot slutten, hadde Øystein tenkt seg vidare på anlegg. Han hadde fått jobb i Hemsedal, ved kraftutbygginga i Hemsila og skulle reise dit. Men slik skulle det ikkje bli.

Det å komme inn i Hemsila, det var nå det eg hadde mest lyst til da. Det blei ikkje noko av da far døde om sommaren. Eg måtte berre slutte eg da. Far døde så godt som samme tid som hjartdølaanlegget stod ferdig. Eg hadde nok å gjera, men eg savna anlegget. Det var veldig sosialt og ein fekk mange kjende. Istaden for at du skulle vere aleine.

Fjellbonden

Øystein var nå 36 år og skulle heretter bli heime i Suigard for å drive garden saman med mor Gunhild. Mor hans som nå var godt over sekssti, var avhengig av Øystein skulle ho klare gardsdrifta. Men ho hadde nok fortsatt eit ord med i laget. Dei to skulle drive garden side om side i mange år, Øystein overtok ikkje som eigar før i 1982.



Sommaren 1957 var det slutt på anleggsarbeidet for Øystein, han måtte heim til gardsarbeidet. Bildet viser Gunhild og Øystein ved omnene og den gamle spissen i stugu i Suigard. Vedkassa var god å sitje på når ein skulle varme seg.

Øystein framom «verkste» i Suigard. Ein dugande slåttekar visste å kunne bruke både langovr og stuttorv.



Skogsarbeid med øks og sag tok nå over for tunnellarbeidet. Motorsag blei bruka til å styve og kabbe med, og hesten drog tømmeret fram. Skogen i Suigard låg nord ved Skinandvatn, i eit ulendt og tungvint terren. Hesten kom fram over alt og var god å ha lenge etter at traktoren var tatt i bruk. Den første som blei kjøpt inn, ein Zetor, kom saman med vegen som stod ferdig fram til Nord-Bondal i 1955. Og nå kom også tømmerbilane heilt inn.

Øystein fortel at

det var ein del år ein kunne høgge om sommaren, sevrehogge, og kjøre det saman om høsten. Å kjøre dettan lette tømmeret, det var det ein god pris på, men så blei det aldeles slutt på det au. Det måtte leverast på ein månads tid.

Han synest likevel det blei for tungvint sjølv om tømmerprisane var brukelege.

Men så fekk me nå dennan stormen uppi her da. Da bles det ned, men ikkje berre det, det var tvinna isaman. Det var i 60-åra. Det var nå mange andre stader, men uppe hjå kånn der bles det ned, så eg måtte få tømmersalgslaget til å tåkå det. Da hogg dem 90-100 kubikk og da var det ikkje mange tre som stod uppe.

Øystein var tydeleg imponert over Arne Skårdal som kjørte den ram-mestyrte traktoren og bruken av vinsj i det stupbratte terrenget. Han syntest det gjekk utruleg bra og meinte han måtte ha drivi med det ei beite.

Og eg såg nå dem bruka desse lastarane au. Det var så skakt at ein skulle tru dem skulle velte. Så kjørte dem kранa på utsida så hadde dem likevekt.

Gardsdrifta i Suigard, som i resten av Bondal, var i stor endring i tida etter krigen. Men det var nok lyset og straumen som gjorde mest inntrykk. Telefonen hadde dei hatt lenge. Det var far Hans som var formann for det private telefonanlegget som tidleg på 20 talet blei bygd mellom Tuddal og Bondal. 16.mai 1945, snaue 25 år seinare, kunne dei slå på det elektriske lyset. Lyset kom saman med feiringa av freden, og det første som sveiv med elektrisk motor i Suigard var slipesteinen og kjøttkvenna. To år etter kom kokeplata, ein magasinkomfyr kjøpt inn på handelslaget i Tuddal.


Fjellslåtten tok slutt like etter krigen omlag samtidig med dyrkinga av bygg. Heretter blei det å handle mjøl på handelslaget. Og sommaren 1954 var det siste året med stulsdrift i Suigard. Drøye ti år seinare stod dei to siste mjølkekyrne att i fjoiset, saman med 1 hest og 15 sau. Sauene blei på garden til langt ut på 70-talet, men det dyret som fekk lov til å vere aller lengst i Suigard var hesten Megga. Ho gjekk lenge på gras nede ved vatnet, på jordet dei kalla Vårfjosmyra.

Leveringa av rakerfisk som alltid har vore viktig i Bondal, tok slutt sist på 40-talet.

Eg måtte skaffe tilveie det eg trøg sjølv av kønn og poteter. Det var til eige bruk. Det var i grunnen veldig lite med andre tilleggsting. Me fiska nå ein del da og selde rakerfisk. Det var nå kun ei beite på høsten det.

Me heldt på me fisk og rak i fleire år, saman med syster mi.

Fiskeriet blei mindre etterkvar, men fjellturistane blei fleire og hyttebygging og hytteutleige tok over og kom til å bli ei god attåtnæring. I Suigard var dei tidleg ute som vertsfolk. Kvar vår, til utpå 60-talet, flutte alle vaksne ut i eldhuset, og våningshuset blei vaska og gjort klar for besøk. Lensmann Eikeland budde her saman med kona når dei skulle ha seg fri. Ellers kom familien på besøk, og dei kunne bli i fleire dagar på den tida.



Øystein sa sjølv at hovudinntekta på garden kom frå hyttefolk eller turistar.

Arnfinn Langridn har leig den koselege stulsbua på nedre Hellstul i fleire år.

Bildet er tatt i 1994.

Foto: Ivar T.Dahl.

Det var ein mulighet å få noko betre inntekt med hytter og hyttebygging. Me sette istand alle dessan gamle buin som mor hadde vori i på stulen. Me stelte på taket på dem. Så blei det lagt på nokon gvarv slik at dem skulle vørå høge nok til hyttur når den tida kom.

Me legde ut for året. Det var på den tida folk ville ha tomter og bygge sjølve, på 50-talet. Da var det nå ikkje så moderne å reise til utlandet sjølv om du budde i Skien eller Drammen. Hadde dem hytte så kom dem hit i sommarferien au. Det var ikkje kommi i gang enda dessan utenlandsturane. Dem brukte hyttun både sommar og vinter. Det byrja med å leige stulsbuir, og seinare ville dem gjønne ha noko betre plass, så da var det betre dei hadde ei tomt.

Eg legde stulsbuin bort på åremål. Eg kunne ikkje skaffe inventar og utstyr og greier, når du skulle ha noko med det å gjørå. Det hadde dem faktisk heime slik at dem kunne fornye heime og få detta til hyttun.

Suigard sette bort 6 tomter langs skogsvegen og hadde 16–17 hytter og buir til utleige. Øystein seier sjølv at hovudinntekta på garden i hans tid kom frå turistane, men har sterke meininger om hyttepolitikken i kommunen. Det er altfor mange reglar og tomtene skulle vore sett ut mykje meir spredt. Problema med vatn og kloakk, slik ein mellom anna ser på Kovstulheia, kunne vore unngått, meiner Øystein. Naturen ordnar opp sjølv når hyttene ligg spredt.

Museumsstyrar og kulturminnesamlar

Øystein kom aldri til å bli lokalpolitikar som far sin. Men han blei valgt inn for Senterpartiet i ein periode og var med når tomta til bygdeheimen i Sauland blei bestemt. Han er tydeleg stolt av det.

Når dem kjem ned her da, elle i Tuddal må ned på kommunehus og bank og legen, og er det gamlingar da, så er det lett å reise innom her og besøke dem. Det kunne ikkje bære plass finnast. Stille og fredeleg. Slik har dem vore ekstra heldige.

Men politikertilværet gjekk fort over. Det var heller som kulturminnesamlar og museumsmann han skulle gjere slik ein framifrå innsats. Eller som Øystein har sagt sjølv; han var ingen kulturminnesamlar, men han samla saman det som var der frå før. Han forklarar det slik om korleis museet kom i stand:

Det er ikkje mange ting på museet som kom frå andre, det er berre slikt som dem har tatt vare på. Men etterkvart som dei skaffa seg nye ting så kasta dem ikkje det gamle, for me kan få bruk for det var tanken. Og så blei det sett bort da og heldigvis så kan ein plukke det fram att nå. Det har samanheng med at dem måtte gjørå alle ting dem skulle ha. Både tippoldefar og oldefar dem smidde. Slik at dem gjorde bjølleklaver, og han smidde til uppgangssaga og det som skulle te, så det har noko med det å gjørå. Så kunne dem bruke det uppat.

Det var i Tuddal, på arbeidet med bygdetunet der, tanken om alt det gamle heime i Suigard tok form. Hundrevis av store og små ting som



«Det var det som berga det – elt dugnadsarbeidet», sa Øystein om museumsbygget sitt. Her ser vi bygdemuseet under arbeid. Det sto ferdig i 1999.



Øystein lika godt å vere omvisar og dele kunn-skapen om alt det gamle. Her er Hjartdal historielag på besøk. Aslaug Mosebø, Lars Slaattun, Torkel og Aslaug Hytta er interesserte tilhøyrarar.
Foto: Ivar T.Dahl

hadde vore ein del av tilveret for gardsfolket langt tilbake i tid og korleis ein kunne ta vare på dette for framtida.

Museet åpna for publikum i 1999, det året Øystein fylte 78 år. Museumsbygget hadde kosta 780 000 kroner, og sjølv om det stod mykje att før alt stod ferdig, var nå uerstattelege kulturminne frå Suigard sikra for ettertida.

Men alt starta lenge før, alt på 70-talet viste han elevar som var på leirskule på Fjellstugu korleis ein mol kønn på kvennhuset ved Åmot. Dei gamle tinga som var samla i fjoset, på låven og i buret og ellers spredd rundt ikring, blei vist fram for stadig fleire. Det kom skuleklasser heilt frå Skien og Kviteseid gymnas og ville sjå og lære. Etterkvart fekk han besøk av fylkeskonservatoren og ein arkitekt og ville eigentleg bygge eit museumsbygg inntil saga, men det blei til slutt den store murbygningen som står der i dag.

Øystein skryt av dugnadsinnsatsen under bygginga. Han fekk veldig god hjelp både med muring og taktekking. Faktisk kom det så mange at han måtte sende folk heimatt. Det var det som berga det, alt dugnadsarbeidet, meinte Øystein.

Før alt blei flytt på plass var han på besøk på fleire museum i førevegen for å sjå korleis han kunne legge det opp. Og det gjekk tydelegvis svært så bra om ein skal tru ein familie som var innom:

Ordførar Olav Tho overrekker Hjartdal kommunes kulturpris til ein stolt mottakar på Tuddalsdagen 1994. Knut Buen gjev ein stor kulturminnesamar velfortent honnør.



Og han sier det at dettan her er faktisk det beste museum eg har vore på nokkon stand. Her kan du få lov å gange innte dei gamle tinga, ellers så er det stramma noko taug og kjettingar så du må stande på avstand og sjå. Her kan dem gange like innte og sjå åssen det er, så det har slått godt an.

Men før det kom så langt, måtte han dra alt på kjelke på snøen. Han fekk hjelp med dei største tinga, men mesteparten fekk han flytt heimafrå og bort på eiga hand.

... bondekvinnelaget frå Hallingdal ... så var dem her og dem sier at slikt hadde me heime, men hårre har det blivi ta det? Når dem fekk nye ting så kasta dem det. For eksempel slikt noko; gamle potetkvennur og tråg og slikt noko. Da dem fekk glasbøllar var det liksom ikkje noko å ha.

Øystein fekk Hjartdal kommune sin kulturpris i 1994. Og han har blitt utnemnt til «Årets tuddøl». Han mottok stolt og rørt utmerkinga på Tuddalsdagen sommaren 2001. Begge var vel fortent.

Øystein takkar for seg

Den 14 oktober 2010 seier Øystein nok er nok og flytter frå garden og bygda der han har hatt sitt virke gjennom eit langt liv. Neste generasjon har nå tatt over. Thor Tveiten, sonen til syster hans Ingrid, styrer nå i Suigard Bondal. Øystein nærmar seg 90 år og er ustø til beins. Det

er namnebroren Øystein, son til Gunhild, som kjører han av garde til bygdeheimen i Sauland.

For nokre år sidan hadde dei to vore inne på Nåpåtjønnstulen med snøskuter for å hente noko gamalt som skulle ned på museet. Turen inn på fjellet i det fine vårveret sette han stor pris på. Her hadde han vore mang ein gong både sommar og vinter. Han visste ikkje at dette skulle bli siste gongen han såg den snødekte fjellheimen ved Nåpåtjønn.

Turen dei to har til heimen i Sauland vekkjer nok andre kjensler i han. Men han synest det er godt å komme hit og han trivast her.

Og det var her på heimen den siste tida vi fekk oppleve hans store forteljarglede og kunnskap om alt det gamle, noko vi er svært takksame for.

Øystein H Bondal døydde søndag 3.august 2014, 92 år gammal.

Nokre ordforklaringar

Føderåd: Avtale mellom ny og tidlegare eigar om rett til hus og ytingar

Hjuring: Gjetargut eller gjetarjente.

Reksleveg eller reksteveg: Dyretråkk mellom stulen og beitet.

Ostebale: Tråg eller trebalje til å kna ost i.

Myse: Ved ysting blir mjølk delt i ostemasse og myse. Mysen blir brukta til prim.

Forsagt: (sagt på førehand) Avtalt del av avdråtten eller sanken eigaren av kua skulle ha.

Skåte: Ro bakover.

Sjygne: Sjå etter, kontrollere (om snarer/feller).

Rakstedeie: Jente som raka etter slåttekaren.

Hevde: Gjødsle åkeren.

Kjerv: Bunt med kvist med lauvet på (til for).

Sørpe: Oppsop frå låvegolvet, resthøy, mose o.a. blanda i vatn (til for).

Flygil: Handreiskap til å slå med for å skille/treskje kornet frå akset.

Sold: Sil, oftast av tre, for å skille kornet frå halmen.

Skivu: Lite bord festa til veggen med hengsle slik at det kunne slåast opp for å spare plass.



*Heile syskenflokken samla i stugu heime i Suigard.
Frå v.: Ingrid, Gro, Øystein, Margit og Gunhild.*

Kjelder

- ◊ Hjartdalsoga. Band 1 Gard og ætt Tuddal. Hjartdal kommune 1987
- ◊ Ivar T. Dahl. Glimt av Tuddal før i verden. Eige forlag. Tuddal 1998
- ◊ Trygve Nes. Bondal i Telemark. Stuler og stulsdrift. 1993
- ◊ Svein Vetle Trae. «Skriften på veggen». Krig og motstand i Hjartdal/Øvre Telemark 1940-45. Hjartdal historielag 1995
- ◊ Svein Bakkalia/Leif Skoje/Øystein Aasen: Intervju med Øystein H. Bondal. 2011-2013
- ◊ Hjartdal historielag v/Leif Skoje: Intervju med Øystein H.Bondal 2007
- ◊ Alf Mostue: Intervju med Øystein H.Bondal

Der ikkje anna er nemnt, tilhører bilda Bondal bygdetun.

Takk til Øystein Aasen og Ivar T.Dahl for hjelp og gode råd i arbeidet med artikkelen. Og takk til Jørn Stensvold for hjelp med bildebehandling.

Forkledas historie

av Aslaug Mosebø

Det ser ut til at forkledet har hørt med til kvinnekleda langt tilbake i tida. Få klesplagg er laga av så mange ulike materialer og fargar, og har så mange forskjellige utformingar, som forkledet. Sjølve hensikten med forkledet var at det skulle verne kleda, men er og var også bruka som pynt, f.eks. forkledet til bunadene våre.



Foreldra til artikkelforfattaren ved Vätjønn i Tuddal. Mor, Tone Nisi, har kvardagforekle på seg utanpå stakk og liv. Hårband høyrdet også med.

Forkledet har vore bruka både i kvardag og fest. Hadde forkleda kunne fortalt om alt dei hadde vore med på, ville det blitt utallige historiar.

Forkleda eg skriv om er del av ei samling på over 50 som eg har tatt vare på. Dei er velbruka av mor, født i 1901, av svigermor født i 1901, og av to tanter til mannen min, født i 1885 og 1889.

La oss ta ein tur med forkleda tilbake i fortida og fram til i dag:

Kvardagsforkleda

Desse kvinnene hadde sin plass i heimen. Det var i den tida da det ikkje var å gå i butikken og hente alt ein trond av mat og klede. Det måtte dei virke til sjølve, og det utan dei hjelpe midlane som me har i dag.

Registrere arbeidstid var eit ukjent begrep. Det var å arbeide frå tidleg morgen til seine kveld. Men sundag var kviledag, bortsett frå det nødvendige som måtte gjerast.

Kvinnfolka brukte alltid forkle. Dei var ikkje påklaidd før også forkledet var på. Noko nytt til jul, i alle fall eit nytt forkle, fekk dei.

Til dei forskjellige arbeida vart det brukte kvite forkle laga av lerret, og farga forkle laga av farga blåtøy. Stoffet var ofte heimevove og sjølv-laga. Alle hadde ikkje vev, men kjøpte stoff til ein pris av 20 - 25 øre meteren. Sukker og mjøl var å få kjøpt i tøysekkar. Når sekken var tom, vart den vaska og sydd til blant anna forkle.

Forkleda var laga i ulike fasongar og med forskjellig pynt, det kunne vere med krokisser og band. Dei eldste forkleda eg har, er frå ca. år 1900. Dei er store og laga av heimevove lerret. Denne vevnaden vart ofte lagt ut på snøen og vart bleika av sterkt vårsol. Store forkle dekte godt kleda under. Kleda vart nok ikkje vaska så ofte som me gjer nå til dags. Vaskemaskinen var enda ikkje oppfunnen. Klesvasken var å stå med vaskebrett, koke i kjelar, ofte ute ved bekken der ein kunne skylle kleda.

Desse forkleda har vore med på blant anna:

Høsting av bær og frukt

I løpet av nokre få sommar- og haustmånader måtte ein ta vare på alt som kunne nyttast utover året.



Ein vårveld i 2015 stilte Sauland bygdekvinnelag opp til forklefotografering. Mange av forkleda som er omtala i artikkelen ser vi her.

Modellane er frå venstre: Aslaug Mosebø, Bjørg Aamaas, Elsa Slaattun, Liv Tinnes Mork, Ragnhild Bekkhus, Astrid Wang, Marit Asland, Tone Brukås, Barbo Krosshus, Wenche Karlsen og Gudrun Bøe.
Alle nyare foto i artikkelen: Leif Skoje.



Det vart laga syltetøy og saft av ville bær, så som blåbær, bringebær, molter og tytebær – og av hagebær, så som rips, solbær, eple og plommer. Hermetiserte plommer, pærer og eple vart og gjort til dessert. Epleskiver vart og tørka - like eins nyper. Godt å ta fram til vinteren. Astrid og Gudrun på bildet på denne sida har på seg passande forkle til dette arbeidet

Slaktetida om hausten

Det vart laga kurv, sylte, rull, blodpølse, salta og hermetisert – og det på ein svart komfyr. Elektrisiteten vart teken i bruk i Sauland i 1919. Parafinlampa og stearinljoset gav lyset.

Baking

Store ruver flatbrød og gjæra brød måtte til. Finbakst: fattigmann, goro, julekake og smultringar høyrd med til jul.

Mjølkestell

Av mjølka fekk ein mykje god mat. Det vart kinna og laga smør, ysta ost og koka prim.

Øl- og vinlagning

Ein vanleg måte å skaffe seg øl og vin på var å lage det sjølv. Vin kunne bli laga av løvetann, forskjelleige bærsortar, eple og pærer og til og med av roseblad.

Stelle i stand lag og mykje meir i kvardagen, så som å ta seg av familien, bade ungar og gamle, var også aktivitetar der forkle høyrd til.

Folk var nøysomme. Dei sleit forkleda ut. Kvinnfolka tok ikkje imot lønningsposen slik dei fleste kvinner gjør i dag.

Mannen hadde kontantane, og det skulle strekke til mange ting, og ofte vart det minst på kjerringa.

Under krigen (1940-1945), særleg på slutten, var det lite å få kjøpt av stoff. Og det dei fekk var det merke på. Dei «stekte» opp gamle klede og fekk noko nytt av det. Eg ville så gjerne bruke symaskin, og det fekk eg lov til, men det var verre med stoff. Mor gav meg nokre lause skjortekragar som eg stekte frå kvarandre og det vart eit slags forkle. Det var lite stoff, og det ein hadde blei skjøtt saman.

Pynteforkle – gamle og nye

Folk lika å pynte seg litt ekstra til sundagen og når dei skulle ta seg ein tur til naboen. Dei gjekk oftare til kvarandre i nabolaget enn nå til dags.

«Heime var eg så vide kjent - og slapp inn kvar eg ville» er Ivar Asen sine ord.

Det før nokre som heitte kramkarar rundt i gardane før, og dei hadde ein stor kuffert med mykje rart i, alt frå knappenåler, strikk og bukseseler, men også litt påteikna handarbeid, f.eks. forkle. Mor kjøpte eit slikt forkle. Liv Tinnes Mork har dette på seg side 42-43. Det er blått, med påteikna roser. Ho broderte med perlegarn. Skulle ho vere fin, tok ho på seg dette forkledet.

Serveringsforkle

Alltid forkle når du bar fram mat i lag: så som bryllup, begravelsar og andre lag. Forkleda var nok mest til pynt på den som serverte. Forkleda var fine – laga av tynt bomullsstoff. Det var lagt mykje arbeid på utførelsen, med nuperellar, innfelte blonder, kapper og små legg. Barbo har på seg eit slikt forkle side 42-43.

Uniformsforkle

Mange arbeidsplassar kravde sin uniform. Skulle ein byrja på sjukepleieutdanninga laut ein stille i blåkjole og søsterforkle, med så og så mange forkle til bruk. Likeeins til husmorskule, Stabekk-utdanning (hustell-lærarskule) og jordmorutdanning fekk ein ei liste om det. I arbeid som helsearbeidar var også dette habitten.

Og heimkunnskap på skulen har sin uniform. Forkle, ofte sydd på skulen, med tørkle til jentene og hatt til gutane. På bildet side 42-43 har Ragnhild på seg uniformen som blei bruka i heimkunnskapstimane på Hjartdal barne- og ungdomsskule.

Kjoleforkle

Så er det kjoleforkle - som vart bruka som arbeidskjole heime. Dei var som regel sydd i bomull, gode og behagelege å bruke. Men så fekk me eit stoff som heitte nylon. Det stoffet er tett og lite luftig, ubrukeleg både i kulde og varme.



Til venstre: Elsa og Astrid viser dei eldste forkleda i samlinga. Dei var nytta av to tanter som var fødd i 1885 og 1889.

Til høgre: Aslaug og Ragnhild viser fram bunadsforkle.

Nede til venstre viser Ragnhild og Barbo typiske gamle kvardagsforklemodellar, Barbos er det eldste.

Nede til høgre: Ragnhild, Barbo og Astrid viser tre ulike pynteforkle.



Eit så godt bruk
kvardagsforkle
som Wenche viser
her, kunne bli både
falma i fargane og
prega av slitasje
og hol, men det var
av dei viktigaste
plagga i heimen.
Bildet til høgre viser
eksempel på uniformsforkle. Ragn-
hild t.v. har på seg
forkledet som blei
bruka på aldershei-
men tidlegare.
Astrid viser for-
kledet til ei typisk
sjukepeleieuniform.



Tone har på seg eit
nylonforkle. Gudrun
har klypeforkle.
Bjørg har eit kjole-
forkle av stripet
bommullstoff.



Strieforkle

Dette forkledet vart sydd av ein striesekk og nytta i grovarbeid f.eks. i fjøset. Det var ikkje alltid veden kom i vedkassa. Kvinnfolka måtte bera sjøl, og da var strieforkledet godt å ha. Elsa viser eit slikt forkle på bildet side 42-43.

Klypeforkle

Dette var forkle med lommer til klesklyper. Dei lika nok å ha «orden i sakene» i gamle dagar.

Klesklypene var laga av tre – og skulle dei ikkje bli svarte, måtte dei takast inn etter bruk.

Juleforkle


Mange syntest ikkje det var jul før juleforkledet kom på – som regel raudt med grøn pynt. Seinare med sølv- og gulltrådar. Marit har eit typisk juleforkle side 42-43.



Dette serveringsforkledet er det lagt mykje arbeid på, med nupereller innfelt i forkledet og rundt kanten.

Det mest typiske mannsforkledet var vel det som smeden brukte i arbeidet.

*Her ser vi Halvor H.Sisjord.
(Forkledet hans er ikke del av samlinga til artikkelforfattaren).*



Mannsforkle

Gjennom desse hundre åra har det vore lite om forkle til mannen, med unntak av smeden. Han brukte forkle i smia. Det var laga av skinn.

Men tida har forandret seg, og etter som mannsfolka tek meir og meir over på kjøkkenet må dei ha forkle, og me har fått mannsforkleda. Desse er oftast laga av godt bomullsstoff - gjerne i stripa. Eit slikt har Wenche på side 42-43.

Bunadforkle

Forkleda var og er ein viktig del av folkedrakta. Det gjeld beltestakken og bunaden. Materialet og dekoren variera mykje. Både band og broderi er høgst forskjellig.

Bunadforkledet som eg, Aslaug, har i hendene side 42-43 og side 46, er brureforkle til beltestakken som bestemor til mannen min stod brur i. Det var i år 1879.

Til slutt

Det ser ut som forkledet har hatt ein stor plass i kvinnene sitt liv gjennom hundre år. Kanskje bør me ta denne tradisjonen opp att, og dermed noko av det som desse forkleda var med på. Det synest som om mykje av det har blitt borte.

Åste Nisi skriv det slik i eit dikt:

*Å kunne me verna om alt av verdi
frå gamle og nyare tider,
og forma det saman i ven harmoni,
som inn i vårt tilvære glider.
Ein arv har me fengje, ein arv skal me gje,
å kunne me alltid stå saman om det,
til signing før komande ætter.*

Barndomsår i Hjartdal under krigen

av Kari Skoland og Lisa Halvorsen

Dette er ei lita forteljing om korleis vi to søstrene opplevde okkupasjonen og krigsåra.

Foreldra til Lisa og eg var begge Oslo-folk. Far, Axel Haugen, var kunstmålar, og blei lokka til Telemark som så mange andre kunstnarar i



Kari på ski ved nedre Prestegarden.

1930-åra. Etter ein start i Flatdal i 1933, kom dei til Hjartdal i 1936. Dei var i Hjartdal heile somrane, og reiste til Oslo att om høsten.

Presten Kobro døypte meg i Hjartdal kyrkje i september 1939.

Bustaden vår i Oslo var i Tordenskioldsgt.10, bare eit steinkast frå Rådhuset.

9.april hugsar ikkje eg, men gjev ordet til Lisa som var 6 år:

Natten til 9. april fikk jeg ligge i pappas seng, han selv satt oppe hele natten og lyttet på radio.

Om morgenen var det fullt kaos og flyalarm, hele huset ristet, og vi fløy over gaten til Rådhuset, der var vi i tilfluktsrom i flere timer.

Pappa løp til Vestbanen for å høre om det gikk tog til Notodden, men kl.13-toget hadde gått, og hadde vi kommet med det, hadde vi kommet opp i kaotiske og paniske tilstander.

Tilbake til leiligheten, fant fram mere tøy og pakket. Så ble det flyalarm igjen, og ny tur til Rådhusets kjeller.

A handwritten receipt from Skogheim Hotel in Hjartdal, Telemark. The receipt is dated April 9, 1940, and is addressed to Axel Haugen, room number 17. The total amount is 72.44. The breakdown of charges includes: post (post), 3 days (3 dager), 10 1/2 dl (10 1/2 dl), 1/2 water (1/2 vann), 1/2 coffee (1/2 kaffe), 1/2 cream (1/2 krem), telephone (telefon), and 1/2 tax (1/2 skatt). The signature "Axel Haugen" is written across the bottom of the receipt.

Hjartdal den		fra 9/4 1940
Regning		
For	Axel Haugen	No. 17
Skogheim Hotel		
Hjartdal, Telemark. Bensinstasjon - Telefon - Post		
Skattefritt		Skattbar
post		49 00
3 dager		
10 1/2 dl		5 00
1/2 vann		0 50
1/2 kaffe		0 50
1/2 krem		8 00
telefon		3 00
1/2 skatt		3 24
		72 44
Avtalt		
<i>Axel Haugen</i>		

Regninga frå Skogheim 9.april 1940.

Mamma Randi sprang av gårde med Kari i armene, og jeg etter med baby-skinnposen.

Vi kom til et annet tilfluktsrom, der alt skranglet og ristet.

Vi kom med toget til Notodden om ettermiddagen. Framme i Notodden ventet eieren av Skogheim hotell, Nils Bratland, på oss med en liten privatbil, toseter. Jeg fikk ligge på «hattehyllen».

Da vi kom fram, ble vi innlosjert i annekset. Der var det ufyrt, og vi fikk ligge med klærne på.


Vi bodde på Skogheim i 3 døgn, så flyttet vi til Midtbøen til Signe, (mor til dagens Aslaug), hvor vi hadde bodd før.



Bildet er frå 17. mai 1943. Bakerst frå venstre: Aslaug Midtbøen, Margit Midtbøen (f.Nordbø), Aslaug Eriksen (f.Hagen), Anlaug Havrås (f.Hagen).
Nest bakerst: Kjersti Pettersen (f.Hagen), Anne Flatland (f.Nordbø.), Signe Mørkholt (f.Hovdejord - med fletter), Ingebjørg Skeie (f.Nordbø), Lisa Halvorsen (f.Haugen - kikkar fram), Marie Kleppen (f.Hovland), Anne Kaldstøy (f.Langåsdalen), Åsne Slaattelid (f.Nirisrud - kikkar fram), Anna Bergljot (Annemor) Haug (f.Særsland), Tora Bakkelie (f.Våle)? Fremst: Åsne Olsen (f.Nordbø), Kari Haugen Skoland.



8.mai 1945.
Kari (f.1939)
Lisa (f.1934)
Kyrkjekrinsen
skule til venstre i
bildet.



Lisa og Kari ved Århushusbro 1942.



Lisa på ski ved nedre
Prestegarden.
1944-45.

Senere i krigen bodde vi hos Anne og Olav S.Våle i Nedre Prestegarden, Nistugu, og en vinter i Astrup-hytta i Rogrenda. Jeg gikk på Kyrkekrinsen skule i Hjartdal.

17.mai 1942 eller 43: Mamma ville at vi skulle gå i 17.maitog, og kjøpte opp resten av norske flagg som var på Handelslaget. Læreren mente at det var ikke verdt at det ble arrangert tog.

Det ble laget en liten fest på Midtbøen. Pappa tok bildet, den eneste som bar flagg var Kari.

Fred: Vi gikk på søndagsskole på Misjonshuset. En vårdag mens vi var der, gikk det rykter om at det var fred. Alle vi småungene gikk hele veien oppover og sang alle norske sanger vi kunne komme på. Det viste seg å være falske rykter. Men 4.mai var det fest i stua, da var Danmark fritt.

8.mai var Norge fritt, jeg bakte et lite sukkerbrød, og fikk tak i krem og sprøytet FRED på kaken. Kari og jeg pyntet oss med de rosa kjolene med brune sikksaklisser som tante Didi hadde sydd, og stilte oss opp i vegen så pappa kunne «fotografere freden».

12.mai reiste vi tilbake til Oslo, det var stort å kunne gå i Slottsparken og bivåne Kronprinsens hjemkomst 13.mai.

Dette var eit utdrag av Lisas notater frå krigsdagane i Hjartdal.

Me hadde det fredeleg og bra i Hjartdal under krigen. Eg kan berre hugse ein gong at me såg uniformerte tyskarar, det var visstnok i forbindelse med eit av flya som datt ned på Skorve.

Det har vore av stor betydning for Lisa og meg å ha fått delar av barndomen i Hjartdal, begge snakkar dialekten, og me har fått vene for livet, og eg bur fast her på fjortande året.

Meir om familien Haugens liv i Hjartdal kan du lese i Årbok for Hjartdal historielag Nr.1 2011.

Lekkjenuten

av Olav Langåsdalen

Lekkjenuten er navnet på langheistulene til Haatveit nordre i Hjartdal. Det er i dag to stuler med hus på roa. Ytterligere to gjengrodde stulsro ligger i sørhellinga under Lekkjenutfjellet i Hjartdal. Det folk forbinder først med Lekkjenuten er nok den sørnste stulen med tre hus idag.


Lekkjenuten sørnre ligger i hellinga ut mot Flottin-myrene. Her ligger også et gjengrodd stulsro ca 300 meter videre sørover. Roet er nå gjengrodd, men med ei stor furu midt i hustufta er det lett å finne.

I motsetning til dagens generelle gjengroingsproblem står behovet for ved da stulene var i bruk. All fyringa for primkokking hele sommeren gjorde at det meste som kunne brenne var brent. Det skulle også mye gjerding til, og det ble derfor kjørt inn både brenne og gjerdefang fra skogstykken lengre heim ved skareføre på ettervinteren.

Det meste av tre og busk i nærheten ble brent opp under den daglige kokingen av prim. En hjuring gikk ikke forbi en vedpinne fortalte Torbjørn Langåsdalen (1910-1976) som var hjuring på Vrangetjønn i 1923-24.

Går du 800 meter mot nordvest etter førevegen* fra den før nevnte sørnste stulen, kommer du til det vi kaller Nordstulen. Tidligere var det enda en stule ca 400 meter videre nordover, kalt både Sandbakken og Saueroet. Også her er roet gjengrodd med tuft etter hus gjemt i briskekjervet. Så vi vet med sikkerhet at det har vært minst fire Lekkjenut-stulsro tidligere, om enn ikke nødvendigvis i bruk samtidig.

*Førevegen = veien mellom bygda og stulen. Blir ofte blanda sammen med reksteveg som egentlig er en hvilken som helst sti eller dyretråkk



Det sørnste Lekkjenut-roet sett fra nord. I høyre bildekant er et av de gjengrodde roa. 2013. (Ro = setervoll)

Det er likevel kanskje mulig med drift på flere ro samtidig da det er godt og tidlig beite på disse stulene. Der er for eksempel mange grader mindre vinterstid på de to sørnste Lekkjenut-roene enn nede på Flottin bare 100 meter unna og noen få meter lavere.

Stulsro nær hverandre, med hustufter, ser vi ofte andre steder også. Å veksle årlig mellom «parallelldro» kunne være et alternativ til den el- lers nødvendige gjerdinga for å dele roet. Deling av roet med gjerde var nødvendig når dette ble byttet på for beiting eller slått.

Lekkjenutbeitet var i 1864 beregnet til to hester, 16 storfe og 20 småfe. En regna også 11 mål fjellslått som skulle gi 4 skippund (740 kilo) høy.

Navnet Lekkjenuten skal komme av at vann ble ført fram til roet i «lekkjer» som er tilskanta renner av halvkløyvinger, antakelig fra olla øverst på roet (sørnste stulen). Der og i «smørbekken», ei olle midt i myra mot vest, er det usedvanlig kaldt og godt vann. Bekkene på begge sider av roet har dårlig vann. Godt kaldt vann var en forutsetning for gode og holdbare melkeprodukter.



Lekkjenuten
nordre. Store
Anne (t.v) og
Vesle-Anne
Risvold.
1941.

Det er ellers sikre spor etter jernutvinning med en rekke blestergroper og nrydding. En stor ryddningsrøys på den sørste stulen vitner om dette. Det er også en mulig ikke verifisert gravhaug og flere bågåstiller i beitet. Noe av dette kan ses når du går forbi på førevegen kort før roet på sørste stulen når du kommer sørfra.

Eiendomstvist i 1477

Hvor lenge det har vært stulsdrift på Lekkjenuten er vanskelig å si, men lenge er det. Det viser spora etter mangfoldig og omfattende drift. Og at det har vært stulsdrift her i mange hundre år er sikkert, for så tidlig som i 1477 omtales Lekkjenuten som en gammel stule.

Et gammelt skinnbrev gir oss et sjeldent innblikk i dette. Lekkjenuten som del av en eiendomstvist, er omtalt i et skinnbrev fra 1477 hvor presten Gudthorm Ivarsøn 26.april samme år stadfester at 6 vitner er avhørt og at «Lekkenut stødlen» tilhører Olaf på Hvaale og ikke Hallvard på Lofthus som påstår den er hans.

Doctor philol. Terje Wagener har transkribert skinnbrevet som omhandler Lekkjenuten. Orginalbrevet er i Riksarkivet og finnes i *Diplomaticarum Norweticum, Uio Dokumentasjonsprosjektet*. Vi gjengir skinnbrevet her. Wagener har pekt på noen usikkerheter i teksten:

Til alle de som ser eller hører dette brevet sender Guttorm Ivarson, prest i Hjartdal, Anund Olafson, Helge Toffson, svorne lagmenn, og Avald Ramson og Herbrand Avaldson, allmuemenn, Guds og sin

hilsen, og kunngjør at vi var i Lofthus siste lørdag før korsmesse året 1477. Vi var kalt inn til rettsmøte om den stølen som Halvard ville tilegne seg, som heter Lekkenut. Samtidig dømte vi at de begge skulle komme for retten 3 virkedager før Mortensmesse, slik at de skulle holde skifteprov en halv måned før bolsok (Bottolfsvake, 17.juni), og skulle da begge legge frem sitt odelsvitne.

Så førte førnevnte Olav som avtalt 2 forstandige vitner som heter Joran Alfsdotter og Sigrid... og de var 60 år gamle og hadde levd i denne bygda i alle sine dager. Da svor de med fullt edsformular at ingen hadde eid den stølen andre enn Olaf. Deretter tok jeg, Guttorm Ivarsson, 2 forstandige vitner i den samme saken, som heter Dyre Toreson og Torgeir Toreson, som svor på bok med fullt edsformular etter ?? til Tore, faren hans, som han [altså Tore] lyste den siste dagen han levde, at ingen eide stølen bortsett fra Olav på Hvale. Deretter tok jeg, førnevnte Guttorm Ivarson, 2 forstandige vitner, som heter Åsild Andutdatter ? og Helge Fågardson, som svor på bok med fullt edsformular om den stølen som Halvard ville tilegne seg, at den har ligget under Hvale siden gammel tid. For å bevitne sannheten herom setter Aslak Aslakson og Tjostov Pederson sitt innsegl på dette brevet, som ble utfordiget dag og år som sagt ovenfor.

Videre salg og eierskap

Etter avgjørelsen i 1477 fortsatte Lekkjenuten å tilhøre Gvåle i mer enn 300 år. Men i 1784 kjøpte Halvor Skaarnes stulen for 106 riksdaler. Det gikk ikke lang tid, bare 10 år, så kjøpte eieren på nord Gvåle stulen tilbake. Kjøpet inneholdt også et skogstykke og nå er prisen blitt 123,5 riksdaler.

Så gikk det igjen noen år og på ny ble det handel om Lekkjenuten. I 1828 ble stulen solgt for 200 riksdaler til T. S. Bratsberg. 70 år seinere, i 1898, ble stulen solgt til Jon Håtveit for 500 kroner som tilsvarte 125 riksdaler. Siden har Lekkjenuten ligget til Haatveit.

Beløpet 500 kr i 1898 tilsvarer bare 31048 kr i 2014. Den egentlige kjøpekraften var det mangdoble. En ufaglært kunne ikke regne med å tjene stort mer enn en krone dagen, mens ufaglærte i dag tjener kanskje 150-200 kr i timen! Det forteller noe om hvor viktige stulene og utmarka var i gammel tid.

Om folk og arbeid

Gunvor Håtveit (1873-1947) hadde stulstellet på Lekkjenuten i over 40 år. Hun dro hver sommer med dyra fra nord Haatveit, først for foreldrene og siden for broren Olav.

Blant de siste som brukte nordstulen på tradisjonelt vis var Su Risvold i 1941. Året før var samme drivere på sørnste stulen. Anne, Jon, og Margit Risvold (født hhv. 1921, 1926 og 1930) forteller i februar 2013 at de hadde storfeet fra både Jore, Vålsbakk, Su Risvold, Haatveit Nordre og muligens også fra Haatveit Søndre. Med stort og smått oppimot 50 naut. «Roet såg ut som ein åker» sier Margit. Margit forteller at de hadde dyr fra flere forskjellige eiere på ulike vilkår.

Både forsagt og akting samtidig ga mye å holde styr på. Forsakt betydd at stulsfolket leigde dyra og beholdt avdrott som sitt. Akting var at stulsfolket passet og stelte dyra og foredla melka mot avtalt betaling i form av smør, ost og prim. Seinere i kontanter, mens produktet tilhørte dyreeieren. En rekke andre vilkår var også vanlig å knytte til ordningen. En tredje og kanskje eldste variant var såkalt triungs deling. Da skulle dyreeieren ha avdrottet fra to dager og dyreplassen ha for den tredje. Trygve Dølen skriver mer om dette og takstene i *Stølsdrift i Hjartdal*. Ei studieoppgave som anbefales.

I 1941 kom snøen særlig tidlig forteller Jon Risvold. Det kom et ordentlig snøfar rundt 1. september. De flytta da til Haatveits vårstule i



*Anne Risvold
har funnet hes-
tene etter at de
hadde rømt til
Systebulia
1941*

Kalddalen og ble der et par uker. Som en liten kurositet nevner Jon et bilde frå Nordstulen på side 76 i boka til Trygve Nes, *Med lokk og Lur Stulshistorikk fra Hjartdalsfjella*, at det er Torbjørn Håteit som er nr.2 fra venstre, ikke John Nerisrud slik det står under bildet. John gjømde seg vekk bak dei andre, kan han fortelle, og peker på at vi kan se litt av fiskestanga hans! Jon husket godt at bildet ble tatt!

Margit forteller om arbeidet med å fli huset når de kom med buskapen ved sankthanstider. Hjeller og tråg og andre kar ble vasket og skurt. Gulvet ble sopt og strødd med fin sand både da og seinere, og det kunne nok trenges da de kunne ha to kyr inne til mjølking samtidig! For å holde i hvert fall noe mus ute, stakk de tett i tett med friske småkvister av brisk mellom steinene under syllstokken.

Hun husker det var gruelig langt å gå fra bygda og minnes en gang hun gikk innover med far sin. Hun ble så trøtt da de hadde kommet opp Kleivsbrekken at fra Skjørtjønnbekken fikk hun sitte på hesten inn til stulen. Det var et av hennes gode minner fra stulslivet.

I 1951 begynte Dølen på Nord Lofthus å bruke Nordre Lekkjenuten. Hvor mange år de ble der vites ikke, men i 1957 finner vi samme driverne på den sørste stulen. Trygve Dølen f.1941 har en historie fra 1951 på nordstulen som må ha gjort et uforglemmelig inntrykk. Trygve forteller omtrent slik til meg i 2015:

Det var ikke ofte dyra ble sjuke på fjellet, men den sommeren ble ei ku veldig dårlig. Kua ble liggende på roet og vomma este ut så ho til slutt såg nærmest ut som en ball. Far var ingen dyrlege, men hadde tru på at rødsprit ville berge dyret. Alt som inneholdt alkohol var vidundermedisin på den tida og skulle hjelpe for det meste. Så det som var igjen på rødspritflaska ble resolutt tømt i svelget på kua.

Jeg fikk likevel beskjed om å springe til Drambekk for å hente Søren Bekkhus (ordføreren) som evnt. skulle brukes til slakter. Oppøst av all ståheien sprang jeg som for livet. Rett nedfor roet er en løk og jeg hoppet til. Det ville seg dog slik at jeg ikke greide spranget og havnet i løken. Men like fort var jeg oppe igjen og var etter få minutter på Drambekk med hivende pust og surklende gummistøvler. Her fant jeg Søren på roet og etter som pulsen gikk ned, fikk jeg gråtkvælt fortalt om den sjuke kua. For meg var det som om det var nære familien som lå for døden. Søren var straks klar og jeg sprang tilbake langt foran slakter og nabo. Vel framme på stulen så jeg kua på roet i full gang



Kokehytta på
Lekkjenuten
søndre i 1958 med
Ragnhild Dølen.
I bakgrunnen hytta på
Skrubberoet
og Ståvatjønn.

med å ete. Reaksjonen til slakteren når han så kua ete i fred og ro på setervollen husker jeg dessverre ikke. Men jeg fikk fornyet, og enda større respekt for far min - og rødsprit.

Gris på stulen

Olav Særsland f.1923 forteller at hans foreldre brukte stulen for Ola Haatveit i 1943-44 og -45 og at de hadde med seg gris fra bygda. Dels fora med innkløva mais. Han husker at grisen ble fulgt til Åhusbrua av begge foreldrene, men derfra var faren aleine med grisedriften. Det gikk greit helt til de kom til sølediket rett heimafor stulen. Der feilberegna grisen et hopp og satte seg fast. Etter mye strev kom han laus, men ville da ikke lenger, uansett hva de gjorde. Olav trur dette var i 1945 da faren hadde gevær og bla. trua med å skyte grisen på stedet hvis han ikke kom frivillig! De må ha kommet til enighet for grisen ble med heim om høsten.

Harald Åkre forteller at han var med mor si Anne, og tanta Ingebjørg Åkre. De brukte stulen og hadde med egne dyr fra Åkre, samt dyra fra Haatveit og Bakken.

I 1957 hadde Ragnhild og Anne Dølen stellet på stulen. I 1958 var Ragnhild Dølen tilbake sammen med Margit Risvold. Fra 1962 til -88 var Anne og Jon Nirisrud noen uker hver sommer på Lekkjenuten med egne dyr. Slik ble de to de siste som brukte den stulen på tradisjonell vis.



Nordstulen Lekkjenuten sommaren 1941.

Husa på Lekkjenutstulene

Selet på Nordstulen er antakelig fra første halvdel av 1800-tallet. Det er ikke datert, men vi vet det var på denne tida stulsdriften tok seg opp for alvor. Det er en rekke årstall fra ca 1860 og framover skåret i sengekarmen. Huset er på hele 49 kvadratmeter og med 45 meter ostehjeller. Det er et uvanlig stort sel og tyder på stor framtidstrygghet. Det er også tufter etter et annet noe mindre hus 30 meter nordvest for dette.

Selet på Nordstulen ble rasert av storm i 1989, men John og Anne Nerisrud fikk med hjelp av Søren Sisjord satt det opp igjen et par år etter. Nå ble tønneblikket erstattet med torv. I 2003 var igjen taket ødelagt med avblåst torv og papp. Lekkasjene måtte stoppes, og taket repareres, og det ble lagt nytt blikktak i 2004. Samme år ble den gamle spissen restaurert ved hjelp av murer Gullik Gjerjordet.

Også store deler av gulvet i melkerommet ble skiftet ut da det her var mye råteskader.

Plattingen i deler av hovedrommet er derimot ny og vedkomfyren ble satt inn da spissen ble restaurert. 15 meter syd for selet var den gamle koke-eisa. Inne ble det fyrt på tufta, det viser de svarte bjelkene i passelig høyde anbrakt nettopp til å holde tunge primkjeler over varmen. Da huset fikk spiss en gang rundt 1900 var nok det en stor standardheving.



Selet på Lekkjenuten søndre med nye vindskier i 2012.

På Lekkjenuten søndre er der i dag tre hus. Sel i tømmer, et fjos i tømmer og driftshytte i tømmer/reisverk.

Selet er også her udatert, men klart eldre enn fjoset. Det vi vet om det gamle selet er at taket ble lagt om i ca 1933 (gamle aviser under pappen) og det ser ut som om melkerommet kan være bygget innat på samme tid. Vi vet også at det var hus her i 1830 da det i et rettsmøte på Hvaale heter at et omtalt skogstykke lenger heim «ikke var mer enn det som trengtes til ved og vedlikehold av husa på Lekkjenuten».

Det ble fyrt på tufta inne, og ljoren og det sotsvarte taket forteller noe om budeienes arbeidsforhold.

Harald Åkre forteller at han var der da Hans Åkre, onkelen, kløva inn kasleringen i 1946. Det må ha vært reine julekvelden selv om de her var velsignet med egen kokehytte. Denne ble revet ca 1969. I selet står også en spesiell gammel seng som vitner om hvor til de grader lite fordringsfulle brukerne var. Rester etter en enda eldre seng er for øvrig brukt i gulvet i melkerommet.

Dagens driftshytte er oppført i 1970 omtrent der den gamle kokehytta stod før, på kanten ut mot Flottin, og påbygd i 2013. Nevnte kokehytte var omkring 3x3 meter og laftet på enkleste vis av halvkløyvinger. Stein fra muren og spissen i kokehytta er brukt i muren på driftshytta

og en platting i svalgangen foran døra. Rester etter kokehytta er ellers fortsatt synlige som løyper for vassbærere fra brønnen i myra mot nordvest.

Fjoset er fra ca 1900, et datert bilde viser at det var torv på fjoset i 1941. Fra ca 1946 var det tønneblikk. Tønneblikket kom fra bektønner sekkefabrikken på Hydro trengte til papirsekkproduksjonen for å pakke kunstgjødsel i. Tønnene ble hugget opp og blikket banket flatt og solgt, gjerne av bygdefolk som hadde fått agenturet i bygda. Prisen var kr 1 pr. stk. + 25 øre i frakt, viser en kvittering for 200 plater kjøpt til Haa-tveit. Tønnenes endestykker ble solgt for seg.

Tønneblikket har redda mange tak, men ødelagt mange vegger. Grunnen til dette er at de gamle tekkemetodene, særlig der det ble nyttet torv, gjorde at det måtte regne lenge før det begynte å dryppa fra takskjegget. Med bord, gvåv eller flis på taket tok det også noe tid før det begynte å renne av taket. Og det ble lite fart på dette vannet. Derfor kunne man tillate seg små takutstikk og nesten travær av mur i overkant av tufta. Dette var hensiktsmessig materialbruk også på vær-harde steder.

Når blikk kom på, rant det av taket for hver minste regnskur. I vind med regn blir veggene derfor våte langt oppover. Og det blir oftere våte på veggen og i jorda ved syllstokken*.

Så moralen er: Legger du blikk på taket bør du også få opp takrenner. Da redder du huset, det er viktigere enn å redde taket!

I 2002 var tønneblikktaket gjennomrusta med lekkasjer og råte til følge. Taktroa av halvkløyvinger ble restaurert, og taket lagt om, nå med galvanisert bølgeblikk.

På sørnste stulen, den vi vanligvis forstår som Lekkjenuten i dag var gjengroinga kommet svært langt siden forrige eier la ned i 1988. I 2005 og 2006 ble roet igjen rydda og 105 store hauger med brisk oppbrent i 2007 og 2008.

Det er bare den sørnste av Lekkjenutstulene som i dag brukes aktivt. Selet på Nordstulen brukes sporadisk av jegere og fiskere i den bare årstida. Vinterstid er selet åpent som en gest til brukere av Hjartdal idrettslags skiløyper.

*Syllstokk er den første stokken i et lafta hus.



Fjøset på Lekkjenuten sørnre I retning heimover - over Flottin.
I bakgrunnen skimtes Mælefjell. 1940.

Kilder

- ◊ Anne, Jon og Margit Risvold
- ◊ Olav Håtveit
- ◊ Halvor Sisjord
- ◊ Olav Særsland
- ◊ Harald Åkre
- ◊ Torbjørn Langåsdalen
- ◊ Trygve Dølen: *Stølsdrift i Hjartdal*. Studieoppgave ca 1971
- ◊ *Hjartdalsoga IIIA*. Hjartdal kommune 2000
- ◊ Diplomataricum Norweticum. UiO Dokumentasjonsprosjektet
- ◊ Eldre foto: Familien Risvold
- ◊ Nyere foto: Olav Langåsdalen

Sauland legedistrikt 1860-1920

av Torkel Hytta

Innnføringa av jordmorvesenet i 1810 kan ein kalle starten på det offentlege helsevesenet i Norge. Den store barnedødlegheten på den tida var nok ein drivkraft for ei slik ordning. Dei få utdanna jordmødrene hadde fått utdanninga i København, men i 1818 kom det i gang ein ny skule i Kristiania. Landet blei delt inn distriktsvis, med etter kvart tilsetting av jordmødre i alle distrikt.

Også legedekninga var svært dårlig først på 1800-talet. Etter at universitetet i Kristiania kom i gang i 1813, betra forholda seg, men utviklinga gjekk langsomt. I 1827 var det i heile landet 120 som hadde rett til å kalle seg lege, berre 40 av dei heldt til utanom byane. Kvaliteten var også svært varierande, «det var ei brokut forsamling av lærde og ulærde, med dei siste i stort fleirtal», skriv folkeminnegranskaren Olav Bø.

Framover nå blei det offentlege helsevesenet betre organisert. I 1836 kom ordninga med distriktslegar utover i heile landet, og i 1838 kom Hans Krabbe til Seljord som den fyrste og einaste distriktslege i Øvre Telemark, han skulle da også dekke Hjartdal kommune. I åra som følgde blei distriktet dela opp fleire gonger.

Sauland legedistrikt blir danna

I 1863 blei kommunane Hjartdal, Heddal og Gransherad skilt ut som eitt legedistrikt. Distriktslegen skulle bu i Sauland, derfor blei namnet Sauland legedistrikt. Det var eit stort distrikt med lange avstandar, folketetalet i dei tre kommunane var ca 7000.

Nå var det i alt 7 distriktslegar i Telemark, mellom dei også i Tinn og Kviteseid. Eit par år før, i 1860, blei det ved lov innført sunnhetskomisjonar i kvar kommune, i 1905 blei navnet endra til helseråd. Dei var samansett på ulike måtar, men i dei tre kommunane i Sauland legedistrikt var heile kommunestyret medlemmar, men med distriktslegen som formann. Av praktiske grunnar blei møta i sunnhetskommisjonen halde saman med kommunestyremøta, men fram til rundt 1890 kunne det gå fleire år mellom kvart møte. Seinare blei det meir regelmessig, først og fremst p.g.a. auken i tuberkulose på den tida.

Dei fyrste legane

Frå den fyrste legen kom til Sauland i 1864 og fram til 1920, ein periode på 56 år, var det berre fire legar her, det viser stor stabilitet.

Den fyrste som kom hit var Jon Olivus Andersen, fødd 1824 i Nes på Hedemarken. Før han kom hit i 1864, hadde han vore distriktslege i Tinn. I Sauland kjøpte han garden Nord-Mosebø som han eigde og dreiv fram til 1878. Han var ein samfunnsengasjert og aktiv mann med mange interesser. Ein skulle tru arbeidet som lege i eit så stort distrikt tok mesteparten av tida hans. Men i tillegg til også å drive gard, var han med i styre og stell i kommunen. Mellom anna var han overformyndar heilt fram til han reiste i 1884, og frå 1879 til 1883 var han også medlem av formannskapet og varaordførar. Også i tida han var i Tinn hadde han vore samfunnsengasjert, mellom anna var han ei drivkraft bak innkjøpet av fyrste dampbåten på Tinnsjøen, den seinare kjende *Rjukan* som byrja rutetrafikk i 1864.

Dr. Andersen flytta herifrå til Kristiania i 1884. Etterfølgaren hans var Lauritz Fritzner Paulsson, fødd 1842 i Trondheim. I Sauland budde han på garden Hagen (ved Løvheim hotell), og var her fram til 1898. I

1889 var han ein av pådrivarane for å få bygd kombinert sanatorium og turisthotell på Kovstulheia, det som nokre år seinare blei Tuddal Høyfjellshotell. I 1898 reiste han herifrå, han blei da utnemnt til distriktslege i Holla med bustad Gvarv, og budde der til han døydde i 1911.

Etter Paulsson kom Hans Fridtjof Holst, fødd 1847 i Bodø. I likhet med Andersen hadde også han vore distriktslege i Tinn, frå 1884 til 1894. Han kom til Sauland i 1899, og var her fram til 1912. Dr.Holst kjøpte tomt frå Suistugu Bø i 1901 og bygde *Doktergården*, kombinert kontor og doktorbustad i fin og tidstypisk sveitserstil. Holst flytta frå Sauland til Drøbak, og døde der i 1924.

Dr.Wilhelm Moe var fødd i 1870 i Kristiansand. Han tok over som lege i Sauland våren 1913. I 1918 blei distriktet dela i to, og Moe heldt fram som distriktslege i Hjartdal og Gransherad fram til 1920. Da overtok han som distriktslege i Gjerpen og Siljan med bustad i Skien. Frå 1916, da han enda var i Sauland, blei han tilsett som fylkeslege i Telemark (amtslege fram til 1925), og den stillinga hadde han saman med



Her står Dr.Moe midt i bildet. Truleg er nokre av personane familiemedlemmer. Men til venstre står Fridtjof Nansen. Anledningen var at Nansen som nyvalgt president i Norges Forsvarsforening var på foredragsreise om forsvarssaken i 1915, og talte i Løvheimlunden.

Foto frå Fridtjof Nansen bildearkiv. Nasjonalbiblioteket (Wikimedia Commons)

arbeidet som distriktslege fram til pensjonsalderen i 1941. Han må ha hatt stor arbeidskapasitet, for i tillegg hadde han også ei rekke tillitsverv. M.a. var han i mange år formann i kontrollkommisjonen for Faret psykiatriske sjukehus i Skien. Da han gjekk av for aldersgrensa blei han utnemnt til æresmedlem i Telemark legeforening.

Dr.Holst og seinare dr.Moe eigde doktergården sjølve, men da Moe reiste frå Sauland i 1920, blei gården selt til kommunen for 62 000 kr. I dag er der legekontor og elles kontor for kommunehelsetenesta, stilmessig blei han mykje endra ved moderniseringa på 1960-talet.

Skulemedisin og folkemedisin

På den tida brukte folk legehjelp mykje mindre enn i våre dagar. Det hadde fleire årsakar: Som nemnt tidlegare var det store avstandar i distriktet, skulle doktoren t.d. til Bondal eller Busnes gjekk nok heile dagen. Telefonen kom hit først på slutten av 1800-talet. Før den tid måtte doktoren varslast direkte når noko sto på. Mange budde også framleis på avsides plassar i utmarken utan vegforbindelse. Under slike forhold var det ikkje enkelt for sjuke folk å kome til doktor, og heller ikkje lett å få legen ut til pasienten. Mot slutten av perioden byrja så smått bilar å kome, men hesteskyss var framleis det dominerande framkomstmiddlet til langt ut på 1920-talet.

Mange hadde heller ikkje så stor tiltru til skulemedisin som legane sto for, og det var ikkje utan grunn. Skulemedisinen hadde lite effektive behandlingar for sjukdom på den tida. Det galt ikkje minst alvorlege infeksjonssjukdomar, i kampen mot dei var legane nokså makteslause.

Ein tredje årsak til lite legesøkning var økonomi. Distriktslegane hadde ei grunnløn frå staten, dessutan skyss- og kostgodtgjering, men i tillegg skulle dei ha betaling frå pasient ved sjukebesøk. Fram til 1911 var det pasienten sjøl som måtte betale dette, berre dei som ikkje hadde mulighet fekk hjelp frå det offentlege, frå fattiggassa i kommunen.

I 1911 kom lov om obligatorisk sjukeforsikring med fri legehjelp for ein del av befolkningen, først og fremst lønsarbeidarar. Store grupper fall utanfor ordninga, m.a. bønder og mange husmannsfolk, og for dei var det førebels ingen betring.

Alternativet til legebehandling var å søke råd hjå såkalla bygdedoktorar og andre lekfolk, personar som hadde ord på seg for å ha spesielle evner i sjukebehandling. Slik behandling kunne vere av svært ulikt slag, men kan i hovudsak delast i to hovudgrupper. Den eine bygde på nedarva kunnskap gjennom generasjonar, spesielt kjennskap til ulike planter. Til dømes var planta groblad mykje nytta, og bruken av denne har halde seg heilt fram mot vår tid til leking av sår og verk.

Folkeminnesamlaren Tov Reisjå fortel at i Sauland, på ei øy i åa ved Landsverk, Landsverkøya, var det mange slike medisinplanter som blei bruka.

Tov Reisjå nemner elles ein «bygdedoktor» som var mykje nytta, Tore Neshaug i Hjartdal. Han var spesielt kyndig med medisinplanter og folk kom langvegs frå for å söke hjelp hjå han.

Eit anna middel ved verk av forskjellig slag var blodiglar, dei blei plassert over verken for å suge blod.

Den andre gruppa innan folkemedisin blir gjerne kalla troldomsmedisin. Å «stemme» blod (stoppe blødning) var ein slik kunst. Å si fram ei magisk bøn eller regle skulle kunne stanse blødning. Såve Holmen f.1817, og mor hennar på plassen Holmen i Tuddal, hadde kjennskap til det meste innan folkemedisin. Dei brukte avkok av ulike planter, men kunne også kunsten å stemme blod.

Før den tid var det ein annan tuddøl som også var kjent for å kunne stanse blødning, Halvor Høljeson Hovde. Han var fødd i 1784. I 1830 måtte han selje garden Halvors-Hovde, og flytta til Busnes der kona hans var frå. Både i tida i Tuddal og seinare i Busnes, brukte han evne- ne som «blodstillar».

*Årelatingsjern eller sneppert.
Instrumentet hadde eit lite knivblad som blei spent
med ei fjør. Når fjøra blei utløyst
skar knivbladet eit kutt i ei blodåre (vene),
oftast nær albogen.
Årelating var mykje bruka på 17- og 1800-talet.*





Koppehorn blei mest bruaka som behandling for muskel-og leddplager. Den vide enden av hornet blei trykt mot huda, og i andre enden blei lufta sugd ut. Dermed blei det eit undertrykk som førde til betre blodforsyning i vevet under koppen, og dette skulle da gje lindring av smerter. Kopping blir også bruka i dag innan alternativ medisin, men hornet er nå erstattat med sugeskåler av glas eller metall.

Elles var årelating (tapping av blod) eit universalmiddel, eit eige lite apparat med knivspiss til å kutte i ei blodåre (sneppert) blei bruaka til det. Denne metoden har røter tilbake til gresk medisin i oldtida, og var til langt inn på 1800-talet også ein del av skulemedisinen. Årelating i folkemedisinen blei bruaka svært ukritisk, og kunne nok ofte gjere meir skade enn nytte. Elles var det på den tida blant taterar og andre reisande ofte nokre som gav seg ut for å vere kyndige i behandling av ulike sjukdomar.

Distriktslegane klagar over at folk i Hjartdal og Gransherad søker lege for lite, særleg er dei kritiske til at fattigstyret yter for lite legehjelp til sine. «I Tuddal anneks har jeg ikke været en eneste gang i årets løb» skriv Paulsson i 1887.

Dårleg hygiene, men betring etter kvart

Distriktslegen skreiv kvart år rapport til amtslegen (fylkeslegen) om helsetilstanden i distriktet. I boka *Bygdefolk - før i verden* skriv Ivar T. Dahl ein del om det, med Tov Reisjå som kjelde. Både dr. Andersen og Paulsson skriv om dei därlege hygieniske forholda på den tida. Dårlegast var det i Hjartdal, noko betre både i Heddal og Gransherad. Særleg var det därleg på husmannsplassane med trekkfulle, trongbudde hus, og med golva så slitne at «rengjøring neppe lar seg utføre»

Eit stort framskritt var det likevel når det blei vanleg med «slagvinduer til at aabne» i nye våningshus. For å betre på dei därlege hygieniske forholda var helseopplysning det viktigaste tiltaket. Her hadde jordmødrene ei viktig rolle, men også lærarane bidrog. Dr. Paulsson skriv om det i 1888:

Lærerne har strengt pålegg om å se etter at barnene ved fremmøte er vel vasket og kjemmet... Men om lærerne oppdrager den oppvoksende slekt til jevnlig vask og kjemming, så er skoletiden så kort at innen den lange sommerferien er de givne pålegg som regel glemt.

Utover på 1890-talet seier dr.Paulsson likevel at hygienen og reinsemda er i jamn, men langsam framgang,

...men innendørs er det ennå mangelfullt med hensyn til renslighet og frisk luft.

Når det oppsto epidemiar var det ulike tiltak sunnhetskommisjonen kunne ta i bruk, så som stenging av skular og møteforbod. Også desinfeksjon av heimar blei tatt i bruk der det hadde vore sjukdom. Særleg etter at tuberkulosen auka så sterkt, blei det eit viktig verkemiddel. Det var helst ei saltsyreblanding som blei bruka, ved hjelp av eit spesielt apparat røykla dei hus og inventar. Åse Raundalen f.1854 i Tuddal, var ei av dei som fekk ein slik jobb som *desinfektrise*.

Rundt 1890 vedtok helseråda i dei tre kommunane *sundhetsforskrifter*, Heddal var først ute i 1887, seinare blei dei revidert i 1914. Forskriftene skulle først og fremst hindre spreiling av tuberkulose, og inneholdt m.a. krav til nye bustadhús, reglar for vern mot forureining av drikkevatn og om oppbevaring og sal av matvarer. Om butikkane kan vi lese i forskriftene i Hjartdal kommune frå 1914:

I butikkerne skal gulvene og diskene vaskes hver aften, likesom der skal forefindes et passende antal spytebakker, der rengjøres hver dag.

Til slutt står det at medlemene av helserådet skulle sjå til at forskriftene blei halde, «og at anmeldte overtredelser for helseraadets formann». Korleis kontrollen var veit vi ikkje, men i alle fall var forskriftene gjeldande fram til det kom nye i 1951.

Epidemiar av smittsame sjukdomar

Den viktigaste oppgava som distriktslegen hadde, i alle fall fram mot århundreskiftet, var å hindre spreiling av epidemiar av smittsame sjukdomar. Den første tida galt det spesielt sjukdomane difteri, skarlagensfeber, tyfoidfeber og meslinger. Dette var alle alvorlege sjukdomar som kunne vere dødelege. Døme på det var fire sysken på garden Øvre

Fosse i Sauland som døde av difteri i 1862. Det året var det ein hard epidemi av denne sjukdomen som spesielt ramma Hjartdal kommune siste halvåret. Av helserapporten frå det året går det fram at i alt 13 personar døydde. Midt på 1880-talet var det ein ny epidemi som ramma hardast i Tinn og Sauland distrikt, også nå med fleire dødsfall.

Tyfoid, kalla nervefeber i den tida, er ein type salmonellainfeksjon. Den var utbreidd, og var spesielt alvorleg vinteren 1865-66. Da var det ein lokal epidemi på Tinnoset og i Gransherad. I alt blei det rapportert om 16 tilfeller, av dei døydde to.

På 1700-talet var det kopper som var den store pesten med fleire epidemiar, den ramma hardast barn, og blei derfor kalla barnekopper. Vaksine mot koppen kom like etter århundreskiftet og blei obligatorisk frå 1810. Alle barn skulle da vaksinerast før konfirmasjonsalderen, det var såpass strengt at utan godkjent attest blei ein ikkje konfirmert og fekk heller ikkje lov å gifte seg.

For å få gjennomført vaksineringa kvart år blei det tilsett fleire hjelpevaksinatørar, rundt fem i talet. Dei som vaksinerte måtte ha skriftleg godkjenning, autorisasjon, og helsemyndighetane ville helst at jordmødre eller anna helsepersonell skulle ha denne jobben.

I Sauland legedistrikt ser vi likevel at lærar Tov Moen frå Tuddal var den som vaksinerte flest. I Tuddal var han fast vaksinatør seinast frå 1888, og i Sauland og Hjartdal overtok han for jordmor Tone Aamot frå 1914 til midt på 1920-talet.

Løna var ikkje så stor, i 1914 var den 80 øre pr barn, skyss og kost måtte han halde sjøl. Trass i dårlig betaling viste ettertida at jobben vaksinatørane gjorde var svært viktig. Som følgje av den minka kopper-sjukdomen sterkt utover heile 1800-talet, men likevel var det mindre utbrot heilt fram til rundt 1910.

Mot slutten av denne tidsperioden, 1918-1920, kom Spanskeksenken. Det var ein type influensa som var verdensomfattande og spesielt hard, og som tok livet av minst 40 mill. menneske. I Norge reknar ein med at ca 15000 døde. Det var spesielt personar mellom 20 og 40 år som var utsett, dermed var det mange barnefamiliar som vart ramma.

Dette går også fram av omtale i *Teledølen* seinhaustes 1918, m.a. blei det gjennom avisar samla inn pengar til familiar på Notodden som


hadde mista forsørgaren sin. I 1910 blei Ingeborg Abrahamsen tilsett som den første menighetssøster i Hjartdal. I eit avisintervju mange år seinare fortel ho om dei sosiale og helsemessige forholda på den tida. Om spanskesjuken seier ho:

Den var forferdelig. Folk døde rundt om på gårdene, den ene etter den andre. Det tok mange ganger bare noen timer fra ein fikk syken til ein døde.

Fødselsomsorg og barnedødleghet

Barnedødlegheten var framleis stor, men likevel mykje mindre enn på 16- og 1700-talet. Jordmordenesta har nok ein god del av æren for denne framgangen. Nedgangen i barnedødleghet var også viktigaste årsak til folkeauken på 1800-talet, ein auke som ikkje minst Hjartdal tok del i. Den store utvandringa til Amerika frå bygdene her vitnar om det.

Alt på 1860 og -70-talet var det jamt over 3 jordmødre her i distriket. Truleg var det ei jordmor i kvar kommune, men namna på dei frå den perioden kjenner vi ikkje. Med over 200 fødslar i året kunne dei nok vanskeleg nå ut til alle, så mange fødde derfor utan jordmorhjelp under primitive forhold. Dr. Krabbe i Seljord skriv i 1848 korleis fødsel- og barselhjelp kunne arte seg:



Fødselstong blei bruka ved vanskelege fødslar når fosterhovudet sto fast på bekkenbotnen. Dei to armane blei festa rundt hovudet, slik at fødselshjelparen kunne dra barnet ut.

Tonga blei oppfunnen på 1600-talet, men først hundre år seinare blei tatt i bruk her i landet. Lenge var det berre legane som hadde lov å bruke tonga, men mot slutten av 1800-talet blei ho etter kvart også tatt i bruk av jordmødrene og er i dag for det meste erstatta av vakum-kopp.

Barselquinder gives indvendig fulde Drammeglas (av brennevin), og deres hele Underliv bedekkes med Klude gjennemvædede med Kamferbrændevin....

Etter århundreskiftet kjenner vi namna på dei fleste av jordmødrene i distriktet: I Heddal Bergit Kolbjørnsrud, i Gransherad Anlaug Hauge og seinare Bergit Venås, og i Hjartdal kommune Tone Aamot. Tone Aamot var jordmor til langt ut i 1920-åra, men jobben som vaksinatør sluttar ho med nokre år tidlegare. Av fødselsprotokollane frå den tida ser vi at framleis var det mange som fødde utan hjelp av jordmor. «Barnet født før jordmor kom» står det mange gongar i rapportane.

Barnedødligheten minka gjennom heile 1800-talet og vidare framover. I Telemark døde i 1880 i gjennomsnitt 9 av 100 barn i første leveåret, 30 år seinare var talet gått ned til 7 av 100. Dødeligheten i kvart legedistrikt kan vi følgje i helserapportane frå rundt 1860, her kan vi lese at i 1865 blei det fødd 228 barn i Sauland legedistrikt, 13 av dei døde første året, i alt 33 barn før 10-års alder. 1867 var kanskje det året med størst barnedødelighet, 31 døde da fyrste leveåret.

Tæring – den store folkesjukdomen

Frå rundt 1890 blei tuberkulose eller tærimg det dominerande helseproblemet. Det er rekna ut at i tidsrommet 1895 til 1955 døydde ca. 250 000 av denne sjukdomen her i landet, rundt århundreskiftet døde 6-7000 årleg.

Sjukdomen hadde vore tilstades i fleire hundre år, men kvifor den nå auka så kraftig veit vi ikkje med sikkerhet. På om lag same tida skjedde det forandringar i mange heimar. Vedkomfyren blir nå tatt i bruk og den åpne peisen tetta til. Peisen hadde gjeve ein god ventilasjon, så da den blei borte blei inneklimaet därlegare. Dette kunne gje betre grobunn for spreiling av smitte, somme har derfor peika på det som ein mogleg årsak.

Nå byrja det å kome sanatorier og pleieheimar, både private og offentlege. Tuddal sanatorium på Kovstulheia, seinare Tuddal høyfjells-hotell, er tidlegare nemnt. Det åpna i 1894, men flesteparten av gjestene her var ordinære turistar. For dei som hadde hatt tuberkulose, var opphaldet meir som eit kuropphald.


Solbakken pleieheim i Heddal var av eit heilt anna slag. Heimen kom i drift i 1912, og som namnet seier låg han solvendt opp frå dalbotnen ved Skilrud i Heddal. Det var i samsvar med datidas behandlingsprinsipp for denne sjukdomen, sunt levesett med mykje sol og frisk luft var beste botemiddel for tuberkulose.

Men mange av dei som blei lagt inn på Solbakken var uhelbredeleg sjuke utan håp om betring. Dei kom gjerne frå små og overbefolka hus, og budde ofte saman med mange barn. For helsemyndighetane var det viktig å få den sjuke innlagt for å hindre vidare smitte, tuberkuloseloven frå 1900 ga derfor også høve til tvangsinnslegging.

Det var først og fremst pasientar med stor smittefare som blei innlagt på Solbakken. Desse betalte kommunen for, derfor måtte helseråda gje ei skriftleg grunngjeving til innleggingane. Dette kan vi lese om i helserådsprotokollane, det gjev også eit bilde på den sosiale nauda på den tida.

Vi viser her to rapportar frå 1916, litt forkorta, skrivi av distriktslege Wilhelm Moe:

Hun er 38 år, og lider av lungetæring i sterk grad. Hun bodde i et lidet hus på Meheia. Hun var sengeliggende og meget daarlig, hadde ingen hjelp i huset. Manden var på arbeide. Hadde 4 børn hjemme fra 1 - 7 år gamle, de gikk alene i samme værelse hvori moderen laa syk uten andet tilsyn end det moderen kunde yde dem fra sengen. Værelset var selvfølgelig uryddig og urent. Under disse forhold fandt formanden det paakrevet straks at faa den syke indlagt på Solbakken.



*Solbakken i Heddal.
1923.*

Helserådet godkjente innleggelsen einstemmig. Dr.Moe fortalte vidare at han hadde tilsett

... en tæringsyk pike ... Hun er 23 år, har hat tæring i vel 1 år. Hun er nylig hjemkommet fra sanatorium, hvor hun har opholdt seg for egen regning. Hun har nu opbrugt sine midler. Hun har intet hjem, bodde forløbig hos en slægtning på plassen Runningen under Yli. Hun er meget daarlig, der er intet haab om bedring. På Runningen, hvor det kun er et lidet daarligt hus og trangt om plass, kunne hun ikke bli da hennes slægtning ikke ville ha henne i huset, og at faa hende privat forpleiet andet steds er visselig umulig. Helserådet godkjente einstemmig at hun blev innlagt på Solbakken til forpleining.

Det følgde både frykt og fordommar med tuberkulose, og redselen for smitte kunne gje seg mange ubegrunna og underlege utslag. Mange var redde for å omgås folk frå tuberkuloseheimar både i arbeid og vanleg sosial samanheng, det var med å sette eit stempel på heile familiarar i lang tid etter sjukdom. Ein parallelle til aids-sjukdomen mange ti-år seinare er lett å sjå.

- - -

Helsetilstanden betra seg gjennom dei 60 åra frå 1860 – 1920. Nedgangen i barnedødelighet er ein god målestokk på det. Framgangen kjem nok i hovudsak av betre levekår, dei store medisinske framstega kom seinare, spesielt med oppdaginga av antibiotika på 1940-talet. Kanskje kan det komme ein artikkel som tek for seg tidsrommet 1920–1960 i ei seinare årbok.

Kjelder:

- ◊ Ivar T. Dahl: *Bygdefolk - før i verden*. Eige forlag, Heddal 2005
- ◊ Ivar T. Dahl: *Bygdeliv - før i verden*. Eige forlag, Heddal 2003
- ◊ Ivar T. Dahl: *Lesebok for deg og meg*. Eige forlag, Heddal 2007
- ◊ Olav Bø: *Folkemedisin og lærde medisin. Samlaget 1986*
- ◊ Den Norske lægeforening: *Norske leger*
- ◊ Forskjellige protokollar, m.a. helseråd- og jordmorprotokollar

Christian Stenersen – teatermålaren som blei hjartdalsven

av Olav Tho

Ein sommardag i 1940 gjeng målarvenene Harald Kihle og Christian Stenersen, saman med andre kunstmålarar, langs gamle stigar frå Flatdal og Svartdal til Hjartdal på leit etter gode målarmotiv.

Dei gjeng forbi husa på Nord-To for å finne ein kvileplass og stoppar fram på kanten mot grannegarden.

Alt i 1937 hadde Cristian Stenersen kome til Telemark på leit etter «det skjulte Noreg». Dei fyrste somrane budde han hjå Knut Espelid i Flatdal, saman med andre målarvener, mens dei meir etablerte målarane heldt til på Nutheim nær ved. Derifrå blei det målarturar til bygdene i kring, og det var rikeleg med motiv i Flatdal, Åmotsdal, Svartdal og Hjartdal.

Utsynet som møtte dei, var mest til å svimle av: Ei heil bygd med gardar midt i mot, nede på flata, djupt under, men mest i bratte bakkar, og Hjartsjø blinkande langt der ute og fjell som reiser seg mot blåe himmelen. «Her skal jeg bygge hytta mi», sa Stenersen, som i noko tid hadde vore på leit etter eigen sommarbustad.

Og tomt fekk han av eigaren på Nord-To, Halvor G. Tho. Året etter blei hytta bygt av Jon Jorde Nirisrud, ein framifrå laftar og handverkar. Stolpane kring inngangspartiet blei dreia av ein annan dugande hand-



Christian Stenersen brukte ofte personar han møtte i Hjartdal som modellar til bilda sine, men det skal vel noko til å kjenne att desse i dag.
Linoleumssnitt, truleg frå 1960-åra.

verkar, Jon Train Haugen. Etter kvart kom det tilbygg og fleire tømrer, kjøpt i bygda, slik at det blei eit heilt tun på Little-To, som Valborg og Cristian kalla sommarstaden sin.

Hit kom dei mest kvar sommar i svært mange år, ja, så lenge dei orka for helsa si skuld, fyrst frå Oslo – og så frå Moss, der dei levde sine siste pensjonist-år.

Kva var det så med Hjartdal?

Jau, for målaren var det først og fremst ljoset og så ein talande natur, eit særmerkt bygdelandskap og alle dei gamle husa, merkt av bruk i generasjonar og skiftande ver.

Etter kvart skaffa Valborg og Christian seg også mange gamle bruksting frå bygdene ikring, som fekk heidersplassar på Little-To. Mange av dei finn ein att i teikningar han laga.

Tomta hadde blitt fint rydda, fekk hus og planta til med blomar som kunne vekse på skrinn jord ved sida av ei mura trapp opp til stoga. Blomane var nok Valborg sitt verk og var eit syn for bygdefolk og andre som kom der. I store ospetre var det ei mengde fuglekasser, så på Little-To var det eit yrande liv sommarstid. Hit kom kunstnarvener og mange andre, som tok med seg noko av den store verda til den rolege bygda.

Om vinteren budde Stenersen-folket i Ruseløkkveien i Oslo sentrum, og Christian hadde stutt gåveg til Nationaltheatret, der han hadde arbeidsstaden sin. Da er det lett å skjøne at det var uendeleig godt å koma til Hjartdal, når våren og sommaren kom.

Barndom og utdanning


Christian Stenersen var fødd i Moss i 1899 og vokste opp nær fabrikkane ved Mosse-elva og hamna. Han tok middelskoleeksamen og byrja som kontormann, 17 år gammal, på Moss Glasværk. Men etter berre to år flytte han til Christiania (Oslo) for å begynne på Statens Håndverks- og Kunsthindustriskole.

Christian hadde nok kunstnarevnene frå morssida, for morfaren var smed og ein god teiknar. Han hadde mellom anna laga den fine smijernsporten til Våler kyrkjegard. Denne bestefaren kom til å stå unge Christian særleg nær og fekk tyding for hans utvikling som kunstnar.

Deretter blei han elev hjå teatermålaren på Centralteatret, og i 1921-22 hadde Stenersen arbeid på Opera Comique, før han drog på fleire studieturar til Tyskland og Leningrad i Russland. Christian fekk så scenografiske jobbar på Centralteatret og Nationaltheatret og blei fast tilsett som teatermålars på landets hovudscene i 1935, og var der til han blei pensjonist i 1969.

Teatermålaren

Stenersen hadde kontrakt med Nationaltheatret om at han skulle måle kulisser til fire stykke i året, noko som svara til full stilling. Dette blei




Lauving, tresnitt frå 1980.


På kommunestyresalen heng
måleriet Auksjon i Åmotsdal, måla
av Stenersen, med bakgrunn i dei
tronge tidene på 1930-talet –
ei hending til forlysting for nokon, til
stor sorg for dei som mista alt.



*Stenersen var allsidig.
Her har han måla direkte på
ein brannmur hos artikkelforfattaren. Her er det ikkje
snakk om hjardølar
og hjardalsnatur.
Det er heller teatermålaren
som viser seg her.*



*Eit landskap, inspirert av
utsynet frå To-grenda, mot
Hjartsjø.*



helst utført i vinterhalvåret, og det kunne bli lange dagar. Men om sommaren var han oftast fri til å drive med eigen kunst.

I dei 34 åra han var teatermålar ved Nationaltheatret, samarbeidde han nært med dei fremste innan norsk scenekunst og fekk ansvaret for dekorasjonar til stykke av diktarar som Ibsen, Bjørnson, Kinck, Shakespeare, Tolstoj, O'Neill, Strindberg og Brecht.

I *Norsk kunstnarleksikon* blir det sagt at Stenersen ikkje var nokon nyskapar som scenograf, men laga gjennom åra ei rekke gode og maleriske scenebilde. Og Kristian Elster seier det slik i ei omtale i *Nasjonen* i 1929:

Lille Eyolf av Ibsen ble en av de vakreste forestillinger i Centralteatrets historie. Alle opprinn var stemt saman til en betagende helhetsvirkning understøttet av Chr. Stenersens vakre dekorasjoner.

Stenersen laga kulissene i nært samarbeid med dei andre fagfolka ved teateret, og framheva såleis innhaldet i det enkelte stykke på ein god måte, slik at det blei ein verknadsfull heilskap.

Mennesket Christian Stenersen

Han voks opp i eit arbeidarstrok i Moss og tok med seg inntrykk frå det – og hadde stor sympati med slitarane i samfunnet heile sitt liv, noko kunsten hans og ber preg av.

Christian hadde kunstnarhug og med det eit skiftande sinn. Han kunne vera brå og utołmodig, noko som ikkje minst kona hans, Valsborg, måtte lære seg å leva med. Men så var ho da eit elskeleg menneske, tolmodigheten sjølv, som Christian blei heilt avhengig av. Ho var, som han sjølv sa, hans trufaste «trøst og anker». Og dei tok aldri kvelden med ei uoppgjort sak seg i mellom!

Christian hadde eit nært forhold til bygd og folk og særleg til «Kulturgrenda», som han kalla den nærmaste bygdedelen. Det uttrykket hadde nok ein dobbel botn, for han kunne vera kritisk til det han såg og høyrde og gav tydeleg uttrykk for det, ordhag som han var. Så hadde han da også lært seg kva uttrykket «me fær sjå på det» eigentleg tydde. Og hadde det ikkje vore for han, ville det teke lang tid før det hadde blitt postombering i bygda og dagleg bussrute langs Holmsvegen.

Kunstmålaren

Christian Stenersen blir ein av dei mange kunstnarane som søker til det indre Telemark på 1930-talet. Dei tolkar natur, bygdelandskap og menneske sett gjennom eit kunstnarsinn. Stenersen sine kunstverk er oftast konkrete og knytta til stader som gjev attkjønning. *Norsk kunstnarleksikon* seier det slik:

Han arbeidet i et robust og fargemetett figurativt formspråk som av og til kan minne om Harald Kihle, men har også i enkelte bilder abstrahert motivene.


Stenersen og Kihle arbeidde mykje saman, så det er ikkje underleg om dei påverka kvarandre.

I 1941 kunne Stenersen-huslyden flytte inn i den nye sommarbus-taden, og derifrå blei det mange målarutferder til bortgøynde stader, som husmannsplassen Ramberg, høgt oppe i Vestfjellet, ein stad Kihle hadde fortalt han om. Så blei det turar til grannebygder og til fjells, alltid på leit etter det beste motivet. Ofte blei det for tungvint å ha med må-larsakene, og da laga han skisser og tok foto, som blei arbeidd vidare med i målarverkstaden.

Elles hadde han rikeleg med motiv ved berre å sjå ut av glaset eller gå rett utanfor huset, noko han da også gjorde seg nytte av. Ved å sjå hans kunstverk i dag, fær ein eit møte med ei no mykje endra bygd, ikkje minst når det gjeld byggeskikk og klesbunad. Mange gamle hjart-dølar er attkjennande i fargar og strekar frå hans hand.

Våren var han særleg glad i som kunstnar, ikkje minst den tidlege våren, noko som gjeng att i mange kunstverk. Som mange andre kunstnarar fann han spennande motiv i gamle lauvingstre, og dei var det mange av i hans grend. Og enno var det lauvingsarbeid på kvar gard. Dei gamle, kyllte almetrea var så erotiske, syntest han.

Etter som åra gjekk, og hans kjære Valborg fann det tungt å bli med på lange målarturar, fekk eg (og andre) spørsmål om å vera med. Det blei vandringsturar til Matklepp og langs Skardsvegen. Men det blei og mykje meir: Eit møte med ein vidsynt kunstnar, som opna ei ny verd for ein ung gymnasiast.



Dei kyllte almane var eit ofte brukt motiv hos Stenersen. Dei står som reine skulpturar i hjardalsnaturen.

Tittel er Almestubber, måla truleg på 1960-talet.

Som pensjonistar flytta Christian og Valborg til Moss, der han hadde vaks opp. Da måla og teikna han ei rekke kunstverk frå gamlebyen der og opplevde å bli ein kjær biletkunstnar i fødebyen.

Christian Stenersen debuterte på Høstutstillingen i 1933, same året som venen Kihle. Dermed var ein viktig milepæl nådd. Han kom til å vera med på Høstutstillingen i mange år, og var med på andre kollektivutstillingar og separatutstillingar. I år 2000 var det minneutstilling for han på Gvammen skule i Hjartdal, i samband med tusenårsfeiringa. I Moss hadde det vore ei tilsvarande utstilling året før, som ei hundreårsmarkering for Stenersen.

*Kommunevåpenet til Moss er utforma av
Christian Stenersen*



Allsidig kunstnar

Stenersen arbeidde i ulike teknikkar, såleis og med trykk av ulike slag. Ikkje minst har han mange gode i små format med bygdemotiv.

Heile sitt kunstnarliv, og før det, var Stenersen ein god teiknar. Såleis laga han teikningar frå ulike stader og miljø. Med få strekar fekk



Ramberg. Eit kjært og forlokkande motiv for Stenersen og andre kunstnarar, i den tida alle husa var der.



*Christian Stenersen i arbeid.
Foto: Gunnar Bosnes.*

han fram mykje. I lokalavisene *Telen* og *Moss avis* laga han ei rekke illustrasjonar til eigne og andre sine tekster.

Stenersen var ikkje nøgd med den skeive og därlege kyrkjegardsporten i Hjartdal og teikna framlegg til ein ny på 1970-talet. Dermed kom det ein staseleg og praktisk smijernsport laga av bygdas storsmed, Halvor Sisjord, på plass.

Stenersen var heller ikkje nøgd med det gamle våpenskjoldet til Moss og laga fleire framlegg til eit nytt. Og etter ein lang diskusjon i byen blei Stenersen sitt framlegg til nytt byvåpen – Mossekråka – vedteke og godkjent i 1953-54. Det gledde Stenersen stort at fødebyen hans fekk eit heraldisk rett våpenskjold teikna av han.

Det er tidlegare nemnt at Stenersen var ein ivrig fotograf, og hadde stadig med seg fotoapparatet i ei tid da det var ein uvanleg ting i bygda. Det er tydeleg at fotografen er kunstnar, slik han fanga motivet, om det var natur eller menneske som skulle bli foreviga.

Avslutning

Det heng mange kunstverk av Christian Stenersen rundt i heimane i Hjartdal og Moss. På heradstyresalen heng det to store målarstykke av han. Det eine, med vårmotiv frå Hjartdal/Levors-To, blei kjøpt inn i 1990, og det andre, *Auksjon i Åmotsdal*, blei gjeve til kommunen av dottera, Ingrid, i 2005.

Hjartdalsbygda har gjeve mange kunstnarar inspirasjon og gode opplevingar, både som kunstnarar og menneske. Men ingen blei der så lenge som Christian Stenersen. Han døydde i Moss i 1984, men fekk gravstaden i si kjære bygd, Hjartdal. Der kviler også Valborg og dottera, Ingrid, og hennar huslyd.

Kjelder

- ◊ Amdahl, Eva: *Telemarkingen i penn og hjerte*. Heddal 2009
- ◊ Gjesdahl, Pål: *Centralteatres historie*. Gyldendal 1964
- ◊ Moss kunstforening: *Chr. Stenersen, minneutstilling* 1999
- ◊ *Norsk Kunstnerleksikon*. Oslo 1986
- ◊ Revold, Reidar; *Norsk Billedkunst II*. Gyldendal 1953
- ◊ Rønneberg, Anton: *Nationaltheatret 1949-1974*. Gyldendal 1974
- ◊ Sisjord Halvor H.: *Tankar, brev, hendingar...*, Hjartdal 2002

Bygdeglimt

Tekst og foto: Ivar T. Dahl

Tuddal:

27. mai 2014 var Hjartdal historielag på «bygningskultur-tur» til to historiske gardar i Tuddal: Sud-Bøen og Greivjord. Begge gardane er idag bebudde av unge folk med både nærings- og kulturhistorisk interesse. Levande buplassar der fortid og nåtid er smelta saman.

I Sud-Bøen er det i tillegg til aktiv turistnæring, eit svært gammalt loft, Bøen-loftet. Dette var målet for ein stor flokk av historieinteresserte folk denne maidagen i 2014.



På «bursskorre» ser me «avtroppande» eigar i Sud-Bøen, Jon H.Tjønn og ein interessert hjartdøl/saulending Jon Gjerjordet som studerer den uvanleg fine laftinga i middelalderloftet i Sud-Bøen.

Lafteendane er som dei er klypt, og dette er i ei tid føre Svartedauden i 1349, utført med bile. Sag var ikkje i bruk på denne tida, og det blei framheva at ved å høgge av lafteendane med ei kvass bile, så plomberte du stokken så væte ikkje trengte inn.


Ein kan undre seg på at eit så praktfullt loft kunne byggast i ei fjellbygd. For å forstå det må vi sjå på kor stor Bøengarden var i seinmiddelalderen. Hjartdalssoga fortel at etter Svartedauden eigde Bøen frå Åsen til Hovde. Garden var også lensmannsgard og den kjende og rike lensmann Fingar Bøen budde her midt på 1600-talet. Det var han som skaffa göglene (grågåsa) korn, og derfor blei belønna med rikdom.

Bøen-loftet er eit av dei vakraste i landet, og det er ikkje å undras at professor Arne Berg, vår fremste kjennar av middelalderbygg i tre, hadde det som sin favoritt.

Sjå framsida på boka *Lafting* av Kristian Strømshaug. (Landbruksforlaget 1997).

Den andre garden flokken frå historielaget besøkte, var Greivjord, no-kre hundre meter lenger oppe i bakkane frå Sud-Bøen.

I den samanhengen er det viktig å nemne at det heiter *i* Greivjord, ikkje *på* Greivjord. Det er ingen regel for preposisjonsbruken framfor eit stadnamn, bare tradisjon å halde seg til. Eit døme på det er Brekke. Det heiter *i* Brekke i Bondal, men i Heddal heiter garden med same namn, *på* Brekke.



Greivjord er tillike med Sud-Bøen, ein av dei eldste gardar i Tuddal. Tov Reisjå nemner jamvel at Greivjord er gammaste garden i bygda, men det er vanskeleg å stadfeste.

Bygdetradisjonen vil i alle høve ha det til at i Greivjord var det folk som overlevde Svartedauden, likeins Upplande og Søndeland. Om «Mor Greivjord» er det fortalt i ulike bøker, m.a. av underteikna.

Gardsnamnet har truleg sitt opphav i det gamalnorske ordet «greidr», som iflg. Ivar Aasen tyder det ypperste. Når ein da koplar det til ordet jord, får ein «Den ypperste jorda».

Sant er det at Greivjordsåkeren var kjent som svært god kornåker, og i seinare tid namngjeten for å gi gode poteter.

På bildet ser vi nokre av historielagsmedlemmene i det gamle Greivjordstunet, vakkert i lendet ned mot Bjärvatnet i Tuddal.

Vesleburet t.v. er frå 1786 og loftet frå 1797, same året som kyrkja blei bygd. Men øvre delen er nok av ein eldre bygning, altså gjenbruk som har vore vanleg gjennom alle tider. Loftet blei bygd i 100-åringen Ole Halvorsen si tid da Greivjord også omfatta nabogarden, Haugen. Derfor har han fått namnet sitt innskore under gluggane. O H S 1797.

Det er knytta mange hendingar til denne velhaldne garden, og ikkje utan grunn er han tildelt Norsk Kulturarvs heidersteikn: «Olavsrosa».

Tunet i Greivjord er ikkje freda, slik som Bøenloftet, men verna gjennom bruk.

Hjartdal:

Veit du at på ein gard i Hjartdal er ei Glittenberg-kiste, måla av Hans Glittenberg i 1830, med eit stort bilde av den svensk/norske kongefamilien under loket?

Fremst sit Kong Oscar II og Dronning Sophia som har kosehunden ved føtene sine. Alle dei andre er prinsar og prinsesser med namna: Oscar Bernadotte, Ebba Bernadotte, Ingeborg, Margaret, Carl, Theresa, Eugen, Erik, Gustaf, Victoria og Vilhelm.

Norge hadde som kjent felles konge med Sverige frå 1814 til 1905. Det var derfor stas å ha eit bilde av den felles kongefamilien. Men kan hende ligg det litt bitterhet under at vi ikkje fekk vår eigen konge i 1814.



Er det derfor dei har «gøynt» kongefamilien under loket på kista, godt nedlåst og gøynt?

Kista kom opphaveleg frå garden Mæland. Dessverre blei ho seld ut av bygda på ein gardsauksjon i september 2015. Pris 80 000 kr.

Nok eit kulturminne er borte frå bygda.

Bondeopprøret 1540

Tirsdagen etter Olsok år 1540 blei det satt ein rett på Hjartdal prestegard. To hovedsmenn og tri prestar, ein frå Hjartdal, ein frå Kviteseid og ein frå Seljord var tilstades som vitne. Det blei tatt ut 16 menn som hadde vore opphav til opprøret mot dei tyske bergmennene, og fem av desse blei halshogd på «Brådaråker» på Hjartdal prestegard. Ein sjette mann blei dømt til å vere bøddel.

På den blodige rettarstaden på «Brådaråker» har det seinare vore stygt med spøkeri, særlig kring Olsok (29. juli), fortel M.B. Landstad i boka *Gamle sagn om hjartdølene*.

På Bergverksmuseet på Kongsberg er denne hendinga livaktig framstilt som eit tablå med Nordbygda i Hjartdal som bakteppe. Vi ser

gardane nord om kyrkja slik som ein tenkjer seg dei låg på 1500-talet, og med Hovdejordnuten, 936 m.o.h. ruvande i bakgrunnen.

Den stakkaren som blei tvinga til å vere bøddel, hadde nok ikkje mange gode dagar etter dette. Landstad skriv at det var menn frå fleire omliggande bygder som blei dømt, ikkje bare hjartdøler.

Ta deg ein tur til det rikhaldige Bergverksmuseet på Kongsberg, og du vil få interessante opplevingar.



Stavkyrkja på teikninga låg lenger nede mot åå enn kyrkja idag. Truleg der kyrkjegarden er nå. Ho var svært utsett for flaum og rotna vel delvis ned kring 1809 då ny kyrkje blei bygd.

Sauland:

Historie er vel alt som har skjedd tilbake i tid, nær tid eller fjerne tider. 10 år er ingen alder, men kan vere interessant for dei som kjem etter oss.

Her ser du tri vennlege bygdejenter som tek imot deg når du stig inn på kommunehuset i Sauland. Bildet er altså 10 år gammalt, frå 2005, og jentene tilsvarande, men like imøtekommende og vennlege idag. «Serviceminded» heiter det visst på godt norsk.

Såvidt eg veit møter du dei same jentene, eller kanskje må vi nå seie damene, den dag i dag.

Ein annan god eigenskap dei har, er at når du stig inn i Hjartdals kommunehus, får du høre det vakre bygdemålet. Dei tri damene, Anne Haugan frå Hjartdal, Ingrid Sletta Olsen og Ingebjørg Landsverk frå Tuddal, er såleis gode representantar for dei innfødde i hjartdalsbyg-dene.

Er dei siste generasjon som møter deg i kommunen med det beste av lokal tradisjon, bygdemålet?



Uppstugu på Kleppen i Sauland var i Kleppenfamiliens glansdagar eit skattkammer. Storgarden med lensmenn og styremenn i fleire generasjonar, var sjølve Soria Moria for bygdefolket. Tenarskapet var stort, husmennene mange, og økonomien tillet å leige inn kunstnarar for å smykke ut hus og heim. Ein kan godt seie at det var rikfolka si skuld at mange kunstnarar kom seg fram og fekk eit levebrød.

Så også med rose målaren Ola Hansson (1750-1820). Det er ulike meininger om kor han var fødd, men truleg er han frå Hovin. Likevel veit vi at han budde både i Heddal og Sauherad, og han har mykje vakker måling etter seg i alle Aust-Telemark-bygdene.

Men den einaste staden han har signert målinga si er på Kleppen i Sauland. Da han var ferdig med vegg- og takmålinga der, skreiv han på den eine veggen: «Malet Af Ole Hans Sen 1804».

På bildet ser du nokre elevar frå Sauland skule som i 2009 følgde underteikna på ein oppdagingstur til Kleppenstugu. Eigaren, Roar Fjeld, let oss velvillig få sjå det som eingong var Saulands praktstugu.

Mellom takbjelkane ser vi m.a. Moses, eller Moisen, som Ola Hansson kallar han. Han blei framstilt med to horn og syner fram steintavlene med dei 10 boda. Skuleungane knipsar i veg og får med seg ei oppleving av at kulturskattar ligg ikkje langt unda (200 meter frå skulen).

Noko å tenke på for oss alle som ofte går over bekken for å finne vatn!



Gamle juleskikkar

av Karl Slaattun

Landsverk skule var ein tradisjonsrik greneskule i Subygda i Sauland, plassert rett sør for Omnesfossen og Slaattun-butikken. Opprinnelag sto skulestova på Landsverk-jordet, ikkje langt frå svingen i elva ovanfor Omnesfossen, derav namnet.

Skulen var delt i småskule og storskule, og elevane gjekk annankvar dag med same lærar. Ein lang periode på 1900-talet var læraren Nils Sønstebo frå Tessungdalen. Etter han var Brit Ingjerd Haugen (g. Hjart-sjø) lærar skuleåret 1959-60 som student. Deretter var Eivind Kval-



«Storskulen» ved Landsverk skule 1962-63. 7.klassingen Karl Slaattun sit bakerst ved vindauge. Lærar Torkel Fidjeland sit i bakgrunnen.

heim frå Flatdal lærar eit år før Torkel Fidjeland frå Sirdal slo seg til i Sauland og styrde Landsverk skule til nedleggninga i 1971.

Det var Fidjeland som gav stiloppgåva som sette Karl Slaattun på ideen om å intervju bestemor, Aslaug, om juletradisjonar. Dette var truleg i 6.klasse. Forfattaren vedgår nå i ettertid at Besta vel hjelpte noko meir med stilten enn berre å svare på spørsmåla, men resultatet var i alle fall ein god Mg frå Fidjeland si side. Og det var berre eit par små ordfeilrettingar i stilten.

Besta heitte Aslaug og var fødd på Uppistugu Fosse på Vestsida om lag ein kilometer frå Omnesfossen. Ho var gift med Lars Slaattun frå Lunde som blei kjøpmann på eigedomen Moen rett ved fossen.

Her skriv Karl:

Eg hadde lyst til å høyra korleis dei feira jul i 1890-åra. Difor reiste eg til bestemor.

- Korleis var jula da du var i 10-års alderen?
- Jula måtte ein byrja å tenkja på i tide. Malt måtte det vera, og det tok lang tid å få i stand. Fjorten dagar føre jul måtte det bryggast så ølet fekk god tid til å klarne.




Aslaug Slaattun (1880-1967).

S. Körner

NOTODDEN,
HITTERDAL

Karl Slaattun.
Bildet er tatt omlag da han skreiv stilen.



På dei fleste stadane var det eit eldhus, som blei brukt til brygginga og baksten. Til jul måtte det vera det finaste brød. Flattbrødet måtte vera tunt. Potetlefse og kling måtte det vera mykje av, for alle skulle ha bevertning. Reiste nokon utan noko, reiste dei med jula.

Julebaksten var fattigmann, ringar og goro. Goroen blei steikt i eit jern med eit skaft på ein meter. Brygginga gjekk det eit heilt døger til.

- Korleis var det dei brygga?

- Om kvelden byrja ein å malte, som det heite. Det var å ta malt i eit stort kjær og fylla på briskelåg eller bak. Vi rørde i det til alt var gjennombløtt og lot det stå i fleire timer. Etterpå koka me det opp i bryggepanna og slo det opp i eit bryggekar. Då kunne me skru på krana og få så mykje øl me ville. Det blei koka opp med humle, og så blei gong (gjær) sett til. Etter å ha stått eit døger blei det fylt på ei tunne, og sett i kjellaren. Ølet måtte ikkje rørast før juleftan.

- Korleis var det om juleftan?

- Då var det travelt. Det måtte beras inn fullt med tørr ved. Spikkebandet måtte opp før klokka tolv. Middagen tok ein lettint. For det meste var det spa. Etterpå var det kaffi og då fekk ein lov å smake på julekakene.

Klokka fem vart jula ringt inn. Det vart fyra opp i eldhuset for der måtte det bli varmt til badinga. Ein måtte fylla vatn i eit stort kjær til det blei varmt. Det var sjølen i huset som skulle bada først. Etter han var det mor, så ungane, arbeidsfolket og til slutt budeia. Alle bada i same vatnet.



Uppistugu Fosse teikna av ein nå ukjent kunstnar. Truleg tidleg på 1900-talet.

Då far kom or laugekjæret sto det kaker, øl og dram på bordet. Far sa nokre gode ord om julen.

Skjenken fekk folk ettersom dei bada. Når alle var ferdige, var det kveldsmat. Maten var risengrynsgraut som var i nokre store, fine fat, ved sida var det store bollar med mjølk. Alle åt or samre koppen og duppera i samre smøret. Etter var det røkefisk, tørrfisk, sylteri med smær og brød. Den som ville sjå sin tilkomme, kunne ta skeia med seg i senga og sova på ho.

Når vi var ferdige, tok far ein stor kubbestol midt ut på golvet, og vi sto rundt omkring. Han las juleevangeliet og vi song salmer. Det er så fint å minnast. Den gongen hadde vi ikkje juletre. Så var det noko kaffi og kaker før vi la oss.

- Kva var det de gjorde om juledagen?
- Juledagen skulle vi til kyrkja og da kappkøyrdi vi. Den som hadde sværaste hesten syntes gildt veit du. Då var det budeia som hadde fyrste retten til å få skyss.

Dette var det eg fekk høyre av bestemor om julen i gamledagar.

Stølsstell i Hjartdalsheiane

av Synøve Våle

Då eg gjekk tredje året på gymnaset i 1975 og skulle skrive denne særoppgåva om stølsstell i Hjartdalsheiane, skjøna eg fort at det blei vanskeleg å skrive alt med normal nynorsk rettskriving. Det var såpass mange spesielle ord og uttrykk nært knytt til stølslivet at eg spurde læraren min om eg kunne skrive mykje av oppgåva på dialekt, noko eg fekk lov til.

I tillegg til at det er vanskeleg å finne gode, dekkjande ord og begrep på nynorsk for mange av faguttrykka innan stølsstell, var det å skrive på dialekt au ein måte å taka vare på dialekten her i bygda - inkludert «fagspråket».

Informantane mine formidla på dialekt det dei visste og kjende til. Eg syntest difor at eg sitera dei best ved å skrive ned deira eigne ord.

Men det var ei utfordring å skrive på «kav dialekt»! M.a. var det ikkje berre enkelt å stave orda mest mogeleg fonetiskrett utfrå måten dei blei uttala på. Så ein fagperson ville nok kanskje ha skrivi orda litt annleis, t.d. med omsyn til bruk av apostrofar, trykk-markering osb.

Hjartdal, 3.juli 2015

Synøve Våle

Stølsdrifta i Hjartdal har gått svært attende dei siste åra. På stølane der dei for 30-40 år sidan hadde mange kyr, er det no øyde og stilt. Fleire stølar vantar òg skikkelege hus. Etter at folk slutta med å sitja på

stølen, har dei òg late vera å sjå etter med husa. Ein kan finne restar av fjøs som i si tid har hatt plass for både 10 og 15 kyr, men no er berre nedste stokken eller stokkane att.

Sist sommar (1974) tok eg meg ein rundtur innover heiane for å finne ut korleis det var med stølslivet i våre dagar. Rart nok fann eg fleire stølar der det sat folk. Det har si årsak i at det har vore tørre somrar og fleire gardar har fått for lite beite for kyrne sine. Både på Nemlaus og Trandem var det krøtter. Det var ikkje så mange på kvar staden, men



Til venstre ser vi fjøset på nedste roet på Kovedalen, slik det var medan stølen var i bruk. Vatnet går no rundt fjøset når det er fullt.
Hitt sælet vart flytta til det øvste roet, og det står, men fjøset der er det heller ikkje mykje att av.



Dette biletet frå øvste roet er tekje i 1948, og vi ser at fjøset står her. Nokre av kyrne ser vi òg.

Dette biletet frå øvste roet er teke hausten 1970, og vi ser at fjøset (til høgre) har falle ned.

Det tek ikkje så lang tid før eit hus vert øydelagd dersom ein ikkje passar på å halde tak på det.



der var då langt frå stilt. Ein annan støl eg vitja var Lekkjenuten, og der sat Anne og Jon med sine eigne kyr, men dei hadde òg nokre få innåt dei.

Det er stor skilnad på stølslivet før og no. Dei stadene eg vitja hadde fått meir moderne hjelpeemidlar, og det var lettvint å frakta fram til stølen det dei trong. Mat og reidskaper vart ført med bilar så langt vegen gjekk, og sidan kunne ein bruke traktor med belte innover myrar og fjell, eller motorbåt etter vatna. Skulle tru dei ville ha blitt storøygde dei gamle budeiene som var i sving for eit halvt sekel år sidan, om dei hadde sett dette.

Men då eg kom til Butjønn, var det ikkje ei ku å sjå eller budeielokk å høyre. Her hadde det ikkje vore dyr på mange år, det kunne ein lett sjå. Sælet sto der like godt, men roa var ikkje gnagne av kyr, men av sauер og mus. Ja, for sau er det ikkje så lite av inni fjellet.

Like tomt var det på Kovedalen då eg kom dit. Etter at Kovevatnet vart regulera, har det ikkje vore stølsdrift på Kovedalen. Fjøset sto att berre med ein to-tri veggar, og det eine sælet hadde «reist på havet».

No i dei siste åra har det vorte svært moderne med fellessæter. Vi har ei slik i bygda her òg, men det vert no nesten ikkje sæterdrift. Dei har elektriske mjølkemaskinar, og traktorar kjem kvar morgon nedanfrå

bygda og hentar mjølka og sender henne til meieriet. Nei, da var det anna til liv når budeiun måtte både yste og kinne, og smør, ost og prim måtte førast heim på hesteryggen.

Budeiun bynjå tåkå (leige) ky ende ivi nyår. Ky'n konne vørå både ifrå Hjartdal, Sauland, Heddal o` Granshørå. Så måtte dei bestemme me` han som egde kyn håffe slags måte di sku` håvå kyn på. Ein måte va` o` akte kyre. Da måtte han som egde kyre betale ein bestemt sum fe ho, o` så mått'n vøå. Men sjav fekk eigaren ell maten som kyre honoms konne gjøvå om såmmårn. de` vi` søå smær, ost o` prim. Dettan mått'n sjav hente på stulen, de` e` klart at de` konne bli heskleg mange koppar o` helle i-frå-inaen viss stuelsjentun' hae ky ifrå mange forskjellige eigarar.

Ein a'en måte o` håvå kyre på va` forsakt. Da betalte ikkje eigaren noko, men han skulle håvå ein viss del ta` det kyre gav. Ta ei vårbærð kyr sku`n håvå hælv trøå pond; me` kons mål vi` de` vel søå noko slikt som 15 kilo. Men ta ei høstbærð kyr konne de` vel bli noko slikt som et hælt pond (3 kilo). Når budeiun hadde kyn te` forsakt, måtte maten på burshella. Det va` dei som førde fe` budeiun som måtte levere maten ijå eigaren.

Den trøå måten o` håvå kyre på va` te` treongs. Da fekk eigaren trøå-delen ta ellosten, prime`, o` smære` som di fekk ta kyre om såmmårn. Dennan siste måten o` håvå kyre på blei lite brukta her i bygde etter` de` eg ha` hørt.

I 1920- og -30-åra sat det folk på nesten kvar einaste stølen innover fjellet. Det kunne vera så opp og ned med kor mange kyr dei forskjellige hadde, men ein 12-15 kyr for kvar budeie var vanleg. «Nokkon ha`e fleire, men da sa` di de` va` nokko dustedom o` slite så», fortalte ein gammal mann meg.

Mange av dei som reiste til «langheis» med kyrne, var gjerne to-tre veker på ein vårstule (heimstule) før dei reiste vidare. Dei flytte dit Santhans og når åtet blei for fælt, reiste dei lenger. I Ståldalen var det tre stølar som var i bruk vår og haust. Derifrå flytte dei til Svinom, Aslebekk, Skeie eller Butjønn.

Dei som dreiv på Butjønn, var ein tur på Listul, nærst i Ståldalen, eller på Gvamstul først. Dei var to jenter og hadde om lag 40 mjølkekryr. Eit år hadde dei 12 kalvar, 15 kviger og nokre hestar innåt mjølkekryrne. Det var litt av ein bøling å få sanke saman før dei skulle reise. Når

alle dyra var samla, kallast det eit «bunøyte» og ferda innover fjellet ei «bufær».

De` va` ikkje o` såvå den nätte di sku` flötjà. Klokka 2-3 om nätte måtte di a` sta`. Følk o` krætur om inaen innivi heivegun. Ein konne sjå dagsrände` i øst så de` gjekk godt an o` gange. Ette` kom hesten med kløv på ryggen. I meisens va` de` sengjeklæær o` mat o` ana donteri. De` e` mykje som må me` når`n skå vørå på stulen i ein to-tri monar.

På heimstulen måtte dei gjete kyrne kvar dag, difor var dei gjerne ein meir der ei tid. Men då 14 dagar var lidne, var det å få saman koppar og kar og koma seg vidare. Folk og fe hadde ei lang reise framfor seg, så dei laut koma seg tidleg av stad. Det var litt forskjellig med avreise-klokkeslett, men ved tolv-eitt-tida om natta laut dei i veg. Budeiene og kyrne var ofte godt kjende på vegen, så det gjekk sjølv om det var temmeleg mørkt. I Skjessoset kløvja dei av og rodde kløva til Skeie medan stølsjentene, kyrne og hestane «strånda» (gjekk langs stranda).

På Skeie fekk dei på att kløva og så bar det nordetter Skjessdalens og over til Trandem. I meisane på hesten hadde dei, som alt nemnt, sengeklede og mat. Men dei måtte òg ha med seg separator og kalvebøtter og mangt anna. Stølsjentene bar mjølkesilen på baken og rynjur på armen. Kinne trøng dei ikkje ha med seg, for det hadde dei på Butjønn, men slik var det ikkje mange andre stadar. Der laut dei taka med seg kinne, tråg, ystebaljur og mykje meir.

Når dei så endeleg var komne fram til stulen, måtte jentun til å mjølke, så det var ikkje store kvilda dei fekk når dei kom fram etter ein tur på om lag 7 timer.

Fyrste dagen vart det alltid svært travelt, for då skulle det ryddast inn i sælet alt dei hadde med seg. Separatoren måtte på plass slik at dei kunne få separert mjølka, og primkjelen måtte på plass i eisa etter at han var skura rein.

Om vinteren hadde karane fått nord ved og hoggi opp noko av han. Det går svært mykje brensel med til å koke inn ein primkjelle. Eg skulle tru det var godt å koma seg i seng etter ein slik lang dag, sjølv om det kunne sprette lopper på sengekanten og danse mus på «tufte».

Ein vanleg arbeisdag fe Gonil o` Anne på Butjønn bynjå me` mjølking klokka hælv seks. Det konne gange et par timer fyry di konne bynjå separere mjølkje når di hae såpass som 20 ky verr o` mjølke.

Så va` de` o` få kræture ut i beite. Te å bynjå me` gjekk di på roe, men sea måtte di lenger fe o` finne seg mat. Budeiun hae de` lettvint på dennen stulen fe di slapp o` gjete kyn.

Ette' at separeringje va` ondagjort, måtte di yste. De` va` o` verme upp skommamjølkje o` håvå i osteløyper. Så måtte dettan stå `i bel fyry de`blei stift, o` di konne røre o` få samle ell osten. De` va` ein kunst o` få ell osten i ein klomp o` så få`n heil uppi ystebala. Men når di fyst hae fingji`n dit, va di kvitt`n i bel. Viss de` blei att nokka ostebellar i kjelen, tok di et dørslag (ei plate med fullt av hol i) o` sila mysu så di fekk oto elt.

Da va` de` mysu di måtte få på kok. Di måtte fyre godt fe o` få ein hondreliters buarskjele te o` koke, men de` grædde stulsjentun te klokka va` ti på fyrymeddagen. Dennan mysukjelen måtte ikkje fosskoke, men han måtte småkoke i ett utivi dagen.

Mens den eine jenta arbedde med dettan, kinna hi. Ifrå våren va` di nødt te o` kinne verr dag. Di kinna elså ta söt fløte. Smære` di fekk, hae di i hølkar, men saupe gjekk vel helst te kræture viss di ville håvå ho. Lite grann saup drakk stuelfolkje sjave au o` kanskje di av og te lågå seg saupost te pålegg, men de` blei de` no ikkje mykjy av.

Når så mysu hae koka i nokka timar, bønjå ho å tykne, o` jenta måtte trøyte primet. De` vi` sôå at ho måtte røre i ett te de` blei heilt tykt. Så måtte ho tåkå kjelen ta osså røre te de` blei kelt, helles blei prime sande (grynut). Gonil fortalte meg at ho hae prim ve` halv fire-tie om ettemeddagen, så ho fekk vekk att primkjelen fyry kyn sku` mjølkas om kvelden.

No heve eg lyst til o` fortøljå nokko (uvanleg) om primkokinje på Butjønn. Ein kar eg kjenner hadde vore på møltehenting noronde` Vindeggen, åsså la`n vegen innom Butjønn fe o` få seg ein mjølkesup. Ende innafe dynne` i sælet sat Gonil o` rørde i prime`, men ho såg ikkje fræminkaren som gav seg i prat med Søren som au satt imme dynne. Fyry gjesten fekk sukk fe seg, kom grøtvuru full ta prim ut gjennom dynne` som ei kule o` tok sikte på skellen honoms. Han gjorde eit sprett te sia o` slapp så vitt o` få prim ivi heile anlete`. Så budeiun va` de` av o` te best o` passe seg fe, men du verden hå goe di va` o` ty te au!

Osten som di hadde hatt uppi ystebala, måtte oto att om kvelden hellå tileg om margin. Da hae`n blivi såpass fast (o` tørr) att`n konne stande sjav på jellen (hylla) i sæle`. Der sku` osten liggje ei ti`, men budeiun måtte hugse på o` snu`n verr dag helså grodd`n fast te onde-



Her ser me håsse Aslaug rører i primkjelen. Sjaft om dettan bilde e` tikji på Kovedalen, sie de` litt om håsse primrøringje gjekk fe seg, fe de` blei gjort på samre måten elle stan.

På de` neste bilde` ha budeia fingji prime` uppi tråje (trauet). Derifrå hae di prime` uppi primhølken. Det va` forskjel på ein smærhølk o` ein primhølk. Smærhølken va` vi`ar` uppe hell nee, fe smærklanken sku gange oto hell. Primhølken va` smal uppe o` vi` nee. De` va` vel helst fe at ikkje prime` sku rænne oto. Viss di sku stelle te primost, mätte di koke prime` stinnar o` så håvå i sukker o` fløte fe o` få`n ekstra god.

Ette` elt arbeide`, fekk di i gronn` lite betaling fe prime`. To kronur fe kiloen va` toppen, o` da ei stor primvel-le va på seks kilo, skjønnar me at løne fe primrø-ringje va` lito.



lagje'. Ystebala måtte briskebåkås (kokast med briskelake) fe o' få oto syrunn fyry di konne håvå i ny ost att.

I kveldingje kom kyn innatt apå roe fe di skjønna godt når de` va` mjølketi'. Av o' te va` de` eivor ta kyn som ikkje kom, o' da va` de` te o' leite o' lakket te'n fann ho.



Her ser me ein hest me` kløv færig te heimturen. Fyry di konne håvå på sjave meisen', måtte di leggje tykt me` jáfåt (klæ'ær o` plegg) på hesteryggen. Ettepå de` la'e di trygjen uppå hesteryggen. De` e` et bøga trestykkjy me` krokar på te o` hengje meisen'.

Meisen' va` da fulle ta mat (hell andre ting som sku` heimatt), når di hengde di på. Viss ein va` aleine me` o` kløvjå, trong'n ei kløvstøtte te o` sytjà onde den eine meisen mens'n hengde på hin (på hi si'a). På bilde kan me sjå ei vriin bjørkeviu (vridd bjørkevidje) som gjeng ifrå ne`aste kanten på meisen ivi ryggen på hesten o` ne` te ne`aste kanten på meisen på hi sida. Dennan kellas sjagje o` brukas te o` helle meisen ut så di ikkje ligg for hart imot siun på hesten. Åbandet e` onde sjagje uppå hesteryggen. Me ser noko som ligg i åbande` på bildet; de` e` inntulla i ein sekk. I meisen ser me hær ein ryggsekk.

Når di førde heimatt ost, hende de` at di la'e ein ost i åbandet som eg elt ha` nemt. Viss ikkje den osten va` godt nok festa, konne han dette oto o` trille ne`ivi bakken'. De` ha` blivi fortalt meg at da Ola førde heim ost frå Bjønnbjønn, trilla ein ost oto åbandet fe'n i Olaskjærbakk'en øvst i Gvammen o` tok på trille ne`ivi. Da Ola fann osten på Bakskjurt, va'n like rond o` heil, så den osten måtte i alle fall vore hard nok.

Skommamjølkje om kvelden gjekk me` fe kælv`en. Men viss di ein såmmår ikkje hae kælvar te o` drekke upp mjølkje, måtte di yste om kvelden au, åsså gjøvå mysu et uppkok helles blei ho sur te neste morgen.

De` konne jemt bli lange dågår fe` budeiun, men di va` no fe de` mes-te onge o` spræke så di grædde utruleg mykjy. Ludagen va` nok ein dag som mange ta stulsjentun såg fram te. Da kom de` heimfølk. Dei sku` hente smær, ost o` prim ifrå senste viku o` føre de` heimatt.

Dessan heimfølkje va` te` ivi sondagen o` reste heimatt ti`leg måndagsmargon. Viss di hae mange ky på stulen, måtte di føre me` to hestar. Smærhølken måtte vørå i venstre meisen på kløve fe att sole ikkje sku` skine på`n. Ifrå andre stular førde di me` smærhølken i høgre viss di på heimvegen fekk sole på venstre si`a ta hesten. I den andre meisen ha`e di primhølken. Den andre hesten måtte da børå osten heimatt. Di måtte passe på at di fekk like mange ostar i verr meis, helles kom kløve te` o svive. Jemt ha`e di ein ost i åbande` au. Fraktingje ta ost bynjå ikkje fyry utpå såmmår`n noko, fe osten måtte turke godt fyry di konne ha`n heimatt.

På fleire stular sat det berre ei budeie, men då hadde ho gjerne med seg ein gut eller ei jente til å gjete kyrne for seg. Denne hjuringen var òg med og mjølka dersom det var naudsynleg.

Det var ikkje alltid at hjuringane lika seg like godt i arbeidet, og somrane kunne nok bli svært lange. Mari fortalte meg at ho kløyde tresko-en sin på nokre steinar medan ho sprang etter krøtter. Ein annan gong heldt ho på å brenne opp ein sko, for ho hadde lagt han for nær varmen på «tufte» for å tørke han. Ho måtte og vedgå at ho var nokså sinna på kyrne og sauene av og til, når dei ikkje ville gå der dei skulle. Om hausten var det sær ille for då syppete kyrne (dei flaug etter sopp). Dersom dei fekk vanen på sopp, var det nesten umogeleg å få roa dei.

Hjuringen hadde med seg bondingen (strikketøyet) når ho gjette. Gutane hadde vel helst ein kniv med seg og spikka ymse figurar av tre. Av og til kunne dei bli så opptekne av det dei dreiv med at dei gløymde heile buskapen. Då var det å taka beina fatt for å finne dei att. Eit vanleg tidtrøyte for hjuringen var å hente tvugugras (kråkefotplanter). Dette laga dei så «tvugur» av og brukte dei til å skure kjelane med.

Medan eg sat og snakka med folk om korleis dei opplevde stølslivet, kunne det koma fleire morosame forteljingar, av og til var dei sanne an-

dre gongar ikkje. Eg vil taka med nokre av desse episodane for å peike på kva som kunne hende i samband med fjelllivet.

Ein dag Anne var ute og gjette kyrne, såg ho mange heilt svarte huldrekyr og eit tussekvinnfolk nordimot Vindeggen. Tussekvinnfolket kom nærmare Anne og ville til å ta på henne medan ho spurde: «Håsse kakkar de` heimi dalen i dag da?» Anne vart, som ein kunne vente, svært redd og slo etter kvinnfolket med kjeppen og skreik: «E` du galen du da!» Men da forsvant både huldrekyrne og tussekvinnfolket. Sidan såg Anne ingenting til dette kvinnfolket eller kyrne hennar.

På ein av stulane venta ei av budeiene barn, og utpå haustkanten syntest ho det var best å koma seg heimigjennom, for ho kjende at tida nærma seg. Men før ho rakk å koma heim i bygda, melde barnet sin ankomst, og budeia fødde under ei stor buskegrana. Men her kunne ho ikkje bli verande så ho tulla nokre tøystykke rundt ungen og heldt fram på vegen heimover. Då ho var komen heim, bad ho om ho kunne få ein «brausøll». «Fe eg blei så foronderleg slonkjen», sa ho. Jau, jammen var det sterke folk før, dersom ein skal tru denne soga.

Noko ein av og til fekk oppleva på stølen var at ei ku bar (kalva). Som oftast flytte dei den eller dei kyrne som var så tidelege, heimatt før, men det hendte at dei ikkje var så sikre på tida og dermed ikkje fekk henta kua tidleg nok.

Gonil kan hugse at ei ku frå Simones fekk «tvinlingar» for henne på Gvamstul. Det kunne ofte bli ein slitsom tur heimatt med ein nyfødt kalv dersom dei ikkje tok kalven heimatt i kløva på hesten.

Ein annan hjartdøl som sikkert hugsar at kua hans bar på stulen er Ola. Han og festarmøya hans fekk seg ein seig tur då han måtte bera kalven på ryggen frå Kovedalen og heim i bygda, medan hans unge møy leidde kua etter seg i eit band. Grunnen til at dei ikkje hadde hest var at den hadde rømt heimatt for dei om natta. Du veit da korleis nyforlova folk er - og som attpå til skal plukke tytebær.

Frieri var det mange av. Ungkarane var ikkje seine med å koma seg av stad om laurdagsettermiddagen og kvelden. Eg skal seia det vart liv i stulsbuene når jentun hørde at det var slikt besøk ute. Dersom stølen låg lagleg til, kunne det etter kvart bli nokså folksamt på roe både av

gutar og jenter. Og hadde nokon av dei fele med seg, gjekk dansen på stølsvollen til det byrja ljosne av dag.

Av og til kunne det hende at det blei full krig om beite og jentur. Stu-
lar som låg i nærleiken av grensa til Seljord, Flatdal eller Svarldal fekk
kjenne dette. Som oftast gjekk det bra, men det kunne òg bli vill kamp
der ein eller annan måtte bøte med livet. Slike triste soger har vi fleire
av, men ein må vel ikkje alltid taka dei høgtidleg. Desse sogene er ofte
svært gamle, og det kan ha blitt lagt på nokså mykje med åra.

Da det lei mot slutten ta stuelsturen på langhesstulen, måtte di buhå-
gå. De` vi` såå at di måtte gjørå seg klare te o` fløtjå på seg «me`
fillur o` fett». Elle koppar o` kar måtte vaskas oto, o` elt som ikkje sku`
vørå att på stulen måtte samlas i hop o` fraktas heimivi. Somme va`
so lengje på langhesstulen at di flute beint heim, andre va` innom
heimstulen (vår/haust-stulen). Der va` di da te krossmess (14.septem-
ber) fyry di flute heilt heim. Siste kvelden som di va` på stulen, koka di
bufærsgrauten (svivar, fløtegraut).

Di mjølka jønne oto nokka ky som de` va mest i om morgon fyry di
ræste og sette dennan mjølkje i ein bekk. Så hae di mjølk når di va`
nor`att o` fiska o` henta bær om høsten. Dennan morgon va` di ikkje
så tileg uppe fe di sku` no bære heimatt.

Det hende nok at budeia «såg godt ut» når ho kom heim frå fjellet. Ho
hadde med andre ord lagt på seg nokre kilo om sommaren. Dette fekk
ho sjølsagt høyre av dei heime, at ho hadde lagt smørholken på baken
i staden for å sanka han.

Mange av stølsjentene var difor svært varsame med maten medan
dei var på stølen. Dei ville ikkje ha det ordet på seg at dei hadde eti
opp maten som dei hadde sanka av kyrne om sommaren. I det heile
var stølsmaten feit og kraftig, så budeiene vart gjerne svært fine og
raudleidte av han.

Kjelder:

Samtaler med vaksne og eldre i Hjartdal som kjente stølslivet frå
ulike sider:

- ◊ Gunhild (Gonil) Sisjord (budeie)
- ◊ Ragnhild og Signe Hovdejord (budeier)

- ◊ Søren S.Sisjord (hjuring som gut, seinare ein av dei som kløvja og førde mest i bygda)
- ◊ Halvor H. (Habben) Sisjord (hjuring)
- ◊ Søren H.Sisjord (hjuring, men litt budeie òg)
- ◊ Halvor T.Djupedal (førde med hest)
- ◊ Mari Nirirsrud (hjuring)
- ◊ Olav S.Våle (hjuring)

Og sist, men ikkje minst, må eg nemne foreldra mine som var viktige informantar og vegleiarar i skrivinga om støslivet i bygda:

- ◊ Aslaug S.Våle (budeie, men førde òg med hest)
- ◊ Jon S.Våle (hjuring)

Om smør og sosialt liv i Tuddal

av Ingunn Hovde

Barndomsminna frå Tuddal er mange. Eg er så glad for å ha hatt barndom og ungdomsår i denne vakre fjellbygda. Det var ein god stad å vekse opp der det gamle bondesamfunnet gradvis blei farga av ei ny tid.

På skulebussen frå sudbygda (tidlegare Hovde-Sønderland krins) til skulen i nordbygda (Kyrkjekrinsen) var det også bygdefolk som skulle på butikken og handle. Ein dag i veka var spesiell: Onsdagen, Smørdagen. Smørdagen og smørlaget er begrep som eg etter kvart skjønnar at hører ei anna tid til. Tuddal Smørlag slutta å eksistere i 1984, det var 30 år sidan smørlaget stengte nå sist nyttår. Tida går, og gløymse-lens slør tek til å dekke minnet om denne eingong så viktige aktiviteten i bygda.

Det var i eit av fotoalbuma mine eg oppdaga eit par biletet frå smørlaget for ei tid sidan. Det var faktisk mor mi som elta siste siste smøret som gjekk ut frå Tuddal smørlag, og ho hadde så lyst til at eg kom og tok bilde før dørene stengte for godt. Mange år etterpå skulle eg prøve å fortelje litt om historia, inspirert av nemnde biletet. Samtidig fekk eg mange gode møte i Tuddal, men både mor og dei andre smørlagsdame-nene har for lengst fått kvile arbeidshendene sine for godt!

Ingrid Hovde, som var meierske 1981-84, ved smørelta der smøret blir salta og bearbeida.



Smørlaget som institusjon

I språket vårt har vi eit uttrykk «å skumme fløten» av eit eller anna. Det betyr at einkvan trekker det lengste strået, eller tek profitten ut av eit foretak. Årsaken er at for mjølkebønder har fløten alltid vore det gjevaste produktet, av denne kunne ein lage smør. Og smør gav best avkastning og har vore etterspurt vare.

På 1930-talet var samvirketanken framtredande i norsk landbrukspolitikk, og det synest rimeleg at opprettinga av smørlag var ein del av dette. Ved at staten bidrog med statstilskot til desse tiltaka, var produsentane/bøndene sikra ei viss inntekt for produkta sine og forbrukarane fekk rimelege og bra matvarer. Eg har ikkje sett det som formålstenleg å gå djupt inn i denne delen av smørlagshistoria, men har ønska å fortelje litt om Tuddal og Tuddal smørlag som ein kan følgje i protokollar attende til 1.1.1939.

Eit smørlag som det som var i Tuddal, var eit foretak der bøndene var luteigarar og kunne levere inn smøret for å få det stelt og voge opp og helst vidaresendt for salg.

Etterkvart som moderniseringen i jordbruket og i transportsystemet utvikla seg, fall dette behovet vekk og mjølka blei frakta til nærliggande meieri for vidareforedling før produkta gjekk til forbrukarane.

Bygningar og meiersker

Det første bygget smørlaget heldt til var i Sud-Hageviken i den rauden tømra som Olav og Tora Hovde eingong bygde og budde i. Det var desse som var dei første smørlagstyrarane. I førstninga var smørlaget i eit lite rom ut mot hovudvegen i fyrsteetasjen. Sidan blei det laga til i kjellaren i same bygget. Meiersker her var forutan Tora Hovde, også Bergit Tveiten.

Kva tid smørlaget blei flytta nord i kjellaren til Halvor og Anlaug Mjellekås, hugsar ein ikkje, men i alle fall var det Halvor og Anlaug som dreiv dette saman ei tid. Når Halvor Mjellekås blei kalla ut på andre oppdrag, skal bl.a. Bergit Tveiten og Ingebjørg Stuvrud ha vore medhjelparar. Seinare var Margit Løndal meierske i mange år, også med hjelp av systera, Ragnhild Stigen. Truleg var det nødvendig å vere to personar når det var mykje smør.

Den siste som var tilsett som meierske på Tuddal smørlag var mor, Ingrid Hovde (Jonsbu). Ho blei tilsett i 1981 og jobba fram til 31.12.1984 da smørlaget blei lagt ned.



Dette er huset der smørlaget heldt til i 40 år. Her har Anlaug Mjellekås gransheradbesøk. Ho var frå Grønnvollfoss. Mannen var frå Gransherad.



Anlaug Mjellekås, heldt hus for smørlaget frå 1950-talet og fram til avslutning i 1984.

Eigar av foto: Rolleif Mjellekås.



Bergit Tveiten som var meierske sammen med både Tora Hovde og Anlaug Mjellekås frå 1939 til ut på 1950-talet.

Eigar av foto: Mari Tveiten.

Løn

Tilsette i smørlaget er etter protokollane å dømme ei meierske og ein rekneskapsførar. I protokollen frå 1939 finn ein at meierske Bergit Tveiten har mottatt kr.76,50 for januar og februar. Ein annan stad finn ein at lønn til meierska er kr.50,- og til rekneskapsførar er det kr.10,-. I 1946 mottek Bergit kr.142 for mai-juni og får da 0,25 kr/kg.

Derimot er det meir grunnlagsmateriale tilgjengeleg om dette i protokollane frå 1981-84. Det har truleg vore lang tid med ei lønn til meierska på 1 kr/kg elta smør. Ny meierske blir tilsett hausten 1981, og ho har nok klaga på lønna. På dette tidspunktet har rekneskapsførar 0,50 kr/kg elta smør, altså halvparten av meierska si lønn.

I 1939 var rekneskapsførarlønna 1/5 av meierska si. Husleiga på smørlaget er nå 0,30 kr/kg elta smør. Mellom dei som førde rekneskap var Jon S.Kåsa (Nord-Rue).

I løpet av februar 1983 går meierska si lønn opp til 2 kr/kg elta smør, altså ei fordobling. Denne lønna har meierska fram til desember 1984 da smørlaget blir nedlagt. Dette året hadde meierska ei årslønn på kr.7810 + feriepengar kr.677= kr.8487 for 52 lange onsdagar, eller ca kr.165 pr. gong. Arbeidsdagen var 8-10 timer, avhengig av smørsmengde. Det er ikkje noko som tyder på ekstra betaling om ein trong å vere to på smørlaget, så da delte ein truleg lønna mellom seg.

Smør og subsidier

Statstilskotet til smørlaget kom på utbetalingsblankettar via posten frå Telemark Mjølkesentral i Skien. Storleiken på tilskotet ser ut til å ha variert mellom kr.1,95-2,03 i 1943. I 1946 er statstilskotet på 4,34 kr/kg. I 1982 får produsentane 6,60 kr/kg og smørlaget vidareformidlar smør til butikkar og liknande for 10 kr/kg.

Å ta smøret på heimveg

På smørlaget var meierskene/smørlagsdamene klare for mottak av smør ved 8-tida om morgonen, og kor lenge ein heldt oppe kunne vel vere til 5-6-tida slik som butikktida var den gongen. Men damene visste nok stort sett kven dei kunne vente og førte namn og leveranse inn i



*Margit Løndal som var meierske sammen med syster Ragnhild Stigen i alle fall på 1970 talet.
Foto: Einar Løndal.*

protokollen. Slik hadde dei nok ein formeining om kor tid alle hadde levert. For når det hadde kome inn ein passe slant med smør, blei smøret vaska og lagt i elta.

Dette var tungt arbeid. Smøret skulle så saltast og tilsetjast smør-farge. Smøret frå produsentane hadde ulik farge, avhengig av foret som kyrne åt. Om sommaren, viss kyrne gjekk på fjellbeite, blei smøret velduftande og gult av seg sjølv. Dette var ettertrakta vare!

Fram til 1960-70-talet var det ein jamn aktivitet med stulsdrift i Tud-dal. Budeia drog til fjells med kuflokken ved St.Hans-tider og kom heim Krossmess, 14.september. Noko av smørproduksjonen, i tillegg til ost og prim frå fjellet. gjekk til forsagt (leige av dyra) til bøndene, avhengig av mjølkemengde. Elles kan det hende det blei seld direkte til forbrukar, hyttefolk og bygdefolk som stakk innom. Men den overskytande delen gjekk til smørlaget ned i bygda.

Mange smørleverandørar ville gjerne også ete sitt eige smør. Det kunne dei gjere ved å levere inn smøret på smørlaget og vege det. Så før smøret gjekk i eltemaskina, måtte ein melde frå om at ein ville ha med litt eller alt smøret heim. Når smøret var innvogje, var det registrert og ein hadde rett på subisidiane uavhengig av om du sjølv skulle ete det, eller smørlaget skulle ha det!

På smørlaget blei trekasser, seinare solide pappaskar på 10 eller 15 kg gjort klare. Desse var merkte med tydeleg skrift «Fjell og gards-smør». I desse blei det fyrst lagt fukta smørpapir i krossform i botnen og opp langs kantane og tilstrekkeleg lengder til å dekke toppen. Så blei det ferdigbehandla smøret vogje opp og pakka i desse. Til slutt blei loket spikra på. Pappaskane som kom seinare var flatpakka, desse måtte limast saman med papirteip før dei ferdig fylte askane blei forsegla med teip over topploket. Da var smøret ferdig til levering.

Rolleif Mjellekås fortel at han og faren ofte hadde jobb med å spikre saman smørkassene. Desse fekk dei tilsendt som ferdige tilpassa bord i buntar. Som ein liten kuriositet fortel han at smørkassene også blei «arva» av gutungar som bygde bilar av kassene. Det var godt og solid materiale og veldig populært i grenda rundt smørlaget, fortel han.

Leverandørar

Tuddal smørlag kan sjå ut til å ha eksistert lengre enn mange andre stader. Årsaken kan vere fleire. Mykje av gardane i Tuddal ligg i små-grender oppover i solvendte lier med korte og lengre grendeveger ut ifrå hovedvegen eller storvegen, som me alltid omtalte han som, i min barndom og ungdom. Derfor kunne det vere tungvindt å få levert mjølkedunkane som blei bruka ved levering til meieriet. Traktorfrakt høyrer nyare tid til enn starten på smørlaget i slutten av 1930 talet. Og vare-transporten med lastebil gjekk berre på hovudåra. Så svært mange av gardbrukarane var leverandørar til det lokale smørlaget.

Gro Tråer, fødd på Reisjå nordre, fortel at smøret levera dei på smørlaget for å få tilskotet, men dei tok også heimatt smør. Ho seier at i hennar oppvekst på 1930 og -40 talet så måtte dei ta smøret i ryggssekken og gå ned til bygda. Da gjekk dei nok gamlevegen om Kultan, Grasåsen og Djupedal til Bøen, og ikkje som i dag om Stuvrud, Åsen og Tveiten.

Olav Stuvrud var postmann, og han gjekk på ski eller sykla med post til Bondal tre dagar i veka. Det hende at han tok med seg smøret nedover på heimturen. Etter krigen fekk Olav motorsykkelen, og Gro hugsar at stundom satt ho på med han for å sikre leveransen på smørlaget.

Distribusjonsapparat

Tuddal er ei lita bygd, sjølv om folketalet nok har vore ein god del høgare enn i dag. Men det som var bygda sitt store fortrinn var turismen. Tuddal hadde alt på 1890 talet fått Tuddal Høifjellssanatorium, som etter kvart blei til Tuddal Høifjellshotell. Det var fleire mindre pensjonat oppi Solheimsbakkane og hytteutbygging kom i gang, spesielt etter anleggstida og utover.

Bygda har hatt fleire butikkar, i allefall tre samtidig i nyare tid: Tuddal handelslag, i dag Joker, Tuddal samvirkelag, i dag Buen Kulturverkstad, og det som i daglegtale blei kalla «Filialen», opprinneleg ein avdeling av samvirkelaget der i dag (2015) Anlaugs husflid held hus. I tillegg var Fjellhaug eller Bondal Fjellstugu i drift. Mange av desse tok i

mot smør frå Tuddal smørlag. I følgje protokollane var det handelslaget og samvirkelaget som var dei største mottakarane av tuddalssmøret.

Enkelte gonger ser ein også at det er sendt smør til Sauland, til Harald Moen sin butikk og til Løvheim hotell. Rolleif Mjellekås, son av Anlaug og Halvor, har mange minne frå smørlagsaktiviteten. Han fortel at når han var med faren på jobboppdrag for vassdragsvesenet, hadde dei ofte også med seg smør til Varelageret og Slåttun-butikken i Sauland, og Moen i Ylikryssset.

Handsaming av smør i heimen

Heimesmøret var likeins med stulssmøret laga av syrna fløte, rjome. Det vil seie at når ein på gardane separerte mjølk, så samla ein fløte i ein eigen behaldar og tilsette nye tilskot morgen og kveld for resten av veka, inntil kinning skulle skje tysdag kveld eller onsdag morgen.

Utstyret til kinning i heimen var nok i utvikling i denne perioden, frå stavkinne, til runde trekinner med sveiv. Så kom vel stålkinnene frå Alfa Laval som var lettare og enklare å vedlikehalde. Desse fekk da etter kvart ofte motor.

Separatoren er ei manuell innretning til å skille skumma mjølk og fløte. Øverst på apparatet var ein stor kjele/behaldar som ein fylte den nysila mjølka oppi. I botnen var det ein tut som ein kunne opne så mjølka rann gjennom ei såkalla kule, fylt av ca. 20 skåler. Ved hjelp av farten som vart sett i gang ved å sveive separatoren, førte dette til at det lettaste stoffet, fløten, la seg øverst og gjekk ut av ein liten tut i systemet. Skummamjølka som var tyngst og størst i volum, gjekk ut gjennom ein større utgang underst i systemet. Så var det å ha koppar og spann til å samle dette i. Det var tungt arbeid å dra separatoren, og ein måtte halde jamn fart for at fløten skulle bli tjukk og fin.





Ei kinne er ein innretning for å lage smør av fløten/rjomen. Stavkinne er eit eldre reiskap og bestod av ein lagga treholk med ein stav med krossform i eine enden. Ved å heve og senke denne staven ned i fløten som var tømt nedi kinna, oppnådde ein til slutt at feittstoffet samla seg og skilde seg ifrå væska som var overskotsproduktet (saup/kjernemjølk). Da hadde ein fått smør.



Nyare form for kinne er denne stålbehaldaren fra Alfa-Laval. Opprinnelig hadde denne ei sveiv som gjekk ut fra understellet med tannhjul og ei stong i midten. Denne passa inn på sylinderen som var sveisa midt inni stålbehaldaren. Stålbehaldaren kunne altså lyftast på og av dette understellet. Inne i kinna var ein kall, ei metallplate som sytte for at smøret blei skilt ut når det kom fart på maskineriet ved handkraft, eller seinare ved at elektrisk motor blei kopla til.

Kinning var elles eit tungt arbeid, det var godt å få avløysing av nye, friske krefter når det tok å dra seg til og bli tungt, oftest rett før smør og saup skilde seg. Det var da ein måtte setje inn høggiret! Når det var blitt smør i kinna, blei dette tatt ut og måtte så vaskast og stellast iheimen, men ikkje saltast. Det skulle vere fint innpakka i pergamentpapir/smørpapir. Så kunne ein ta fatt på vegen til smørlaget!

Toppar på smørleveransen

I nokre av protokollane som er tilgjengeleg, kan det sjå ut som desember-januar-februar er gode månader. Det er mest kassabøker som er tilgjengeleg.

Den eine smørlagsprotokollen er frå 1966-69, og viser at vinteren 1966-67 hadde ein i mars månad 40 leverandørar og 1089 kg smør, og i april månad var det 41 leverandørar og 886,4 kg smør. I februar 1969 er det 31 leverandørar og 495 kg smør, i april 29 leverandørar og 823 kg smør. Så det kan tyde på mange «vårbaerde» kyr (kalva om våren) i denne perioden.

Kva betydning hadde smørlaget i Tuddal?

Smøret skulle leverast på smørlaget om ein budde på Raundalen, ei mil unna, eller øvst i Bondal, 17 km unna - i Tjønngrenda eller Solheimsbakkane. Folk hadde oftast nok med sitt daglege virke på gard, åker og eng eller i skogen. Men onsdagen var spesiell: Smøret måtte leverast på smørlaget innanfor opningstida. Det som var greitt var at ein da også kunne få handla inn mat og naudssynte varer for ei veke. Utover 1960 talet blei det også vanlegare å koste på seg eit vekeblad, og desse kom også på onsdagane.

Om vinteren kunne det vere sparkføre eller kjelkeføre. Om sommaren gjekk ein til fots eller brukte sykkel. Bilar var det sjeldnare med, men det gjekk skulebuss i alle fall frå 1960-talet nordover bygda og frå Bondal, og attende etter skuletid.

Fram måtte ein uansett, men det gode ved denne dagen var det sosiale livet som oppsto etter smørleveringen og handelen på bua. For det første stod det ein benk i smørlagskjellaren der ventande smørleverandørar kunne sitte til det var deira tur. På denne krakken kunne det fort bli litt morosam prat både med smørldama og med andre som kom i same ærend. Anlaug Mjellekås baude på kaffi på sitt kjøkken. Oppi andre etasje på handelslaget svinga Ågot Asland på kaffikjelen og baude på kaker og kaffi til alle som stakk innom. Mang ein god prat var det nok der, mykje latter og mykje hygge, sårt tiltrengt avbrekk i ein arbeidsam kvardag for dei fleste.

Men det var ikkje berre Ågot som fekk kaffigjester, heile Bjårgrenda hadde ope hus, slekt og kjente stakk innom og fekk kvilt beina og kveikt seg litt før heimturen. Tone Stuvrud fortel at ho hugsar at heime på Bjåland var det ofte stuvrudgrendingar innom og fekk kaffi og «biteti» av

mor, Ingebjørg desse dagane. Sigrid Løndal seier at mor hennar ofte fekk besøk «åmmåte gardane».

Kva betydde smørlaget økonomisk for folk – for kvinnene?

Eg har teke meg ein tur innom gamle naboar og har ein kaffiprat med Signe Olsen og Anne Grøgård, begge med Hovde som jentenamn. Eg spør etter smørlaget og kva dei hugsar som spesielt.

Anne seier det var pokker til jobb for ei ung jente. Ho måtte gå nord-over frå øvst i Hovdegrenda, det var tungt og ingen spark eller kjelke til å skuve eller dra smøret på. Signe som er om lag på same alder og vaks opp i nabogarden, seier ho syns det var ein snål tur når ho måtte avstad med smøret. Anne påpeiker at smørpengane var inntekta til kvinnfolka. Dei var heime og dette tilskotet var bra. Anne fortel vidare:

Mor syntes det blei oppsving etter at smørlaget blei oppretta, da fekk ho meir pengar mellom hendene. Og kvinnfolka kunne gå innom butikken og kjøpe seg eit heilforkle eller noko dei hadde lyst på til huset. Kanskje dei kjøpte to, så hadde dei eit til sondags også. Tømmerpengane som karane fekk inn, gjekk til utgifter, skatt og branntakst, og da var det oftast ikkje så mykje til overs!

Signe fortel:

Men det kunne da vere snålt også, ein måtte av garde. Langs vegen var det stopp på stopp. Onsdagen, smørdomen, var «alle» ute med «smærklanken» og det blei mykje prat om laust og fast. Anlaug på smørlaget var alltid blid og hyggeleg. Og så var butikkane like ved, og ein fekk handla det ein skulle, men å få handelen heimatt var også strevsamt. Det var eit fåtal som sende mjølk på meieriet i den tida. Ein tok noko smør med seg heimatt, og på vårparten samla ein smør i krukker for å ha utover sommaren når ein sendte kyrne til stuls. Men fjellsmøret var spesielt godt og svært etterspurtt.

Sjølve smørlagsdrifta gav nokre sårt tiltrengte kvinnearbeidsplassar på bygda i ei tid da jordbruksnæringa ennå stod sterkt. Det kunne også vere eit farleg emne innanfor husets fire vegger i 1930-50-åra at gifte kvinner tok arbeid utanfor heimen. Med smørlagsverksemda kunne ein få halde til i sin eigen kjellar og evt få hjelp av ei nabokone eller to, og da blei det nok meir akseptabelt.

*Ingrid Hovde ved vekta der smøret blir vogte og registrert.
Foto: Ingunn Hovde*



Hygienen.

Reinsem var da som nå viktig! Og alle gjorde sitt beste for at denne skulle vere god! Det var mange flotte, flinke kvinner og menn som kom med smøret sitt på smørdomen.

Det skal vel ikkje stikkast under ein stol at smørdomane frå tid til annan bad enkelte ta smøret med seg heimatt etter innveging. Det var ikkje reint nok. Det kunne vere alder, synet, helsa som kunne skrante hjå enkelte leverandørar. Livet er ikkje alltid så enkelt!

Stort sett gjekk dette for seg i stilla. Men at det også har vore sterk ordbruk ved «tvungent heimtak», er også ein del av historia. Det hende nok at smørdoma tok imot ei lita smørpakke, og la ho til sides. Det var greiest slik...

Tuddal smørlag blei altså lagt ned ved årsskiftet i 1984-85. Kvifor det blei det, er vel enkelt å si. Det blei færre mjølkebønder, dei som heldt fram, moderniserte fjøsa sine og leverte mjølk frå tank til mjølkebil. Dei få som var att da fekk levert smør som så blei frakta til Kviteseid.

Og i dag med dagens EØS-reglement ville denne måten å vidareformidle matvarer vore strengt forbode. Men eg har ikkje hørt at nokon tok skade av smøret, anna enn at bukselinningen kunne krympe ved for stort inntak.

	Mars. 1968.	6/3	13/3	20/3	27/3	
1	Bekhus Torkjel	1,50	1,75	1,70	1,70	6,65-
2	Bjøndalen Halvor.	3,25	3,40	3,40	3,45	13,50
3	Bondal Tov	4,60	4,45	5,-	5,-	19,05-
4	Braaak o K.	-	-	2,-	-	2,-
5	Daleen Olav	8,80	8,70	8,10	8,90	34,50
6	Flegon Nils	8,30	8,40	8,35	8,30	33,35-
7	Flegon Hans	4,40	3,80	4,15	4,05	16,40
8	Kaugen Tora	2,20	1,80	1,80	1,95	7,45
9	Kaugen Margit	2,-	3,65	3,10	2,85	18,60
10	Korde Olav	4,70	5,-	4,40	4,30	18,40
11	Korde Folv.	-	3,80	6,10	6,-	15,90
12	Lindal Knut	4,65		4,75		9,40
13	Nans verk Lin	4,60	5,10	4,90	4,90	19,50
14	Skeurdal J O	5,-	4,40	4,65	4,90	18,95-
15	Skeurdal O-O.	1,50	3,40	3,20	2,95	11,05
16	Solheim Tolværn	13,40	16,-	15,95	15,20	60,55-
17	Sjoåsen Olav	3,45	3,60	3,95	3,40	14,40
18	Sjoåsen Torgunn.	7,45	6,80	7,10	6,85	28,20
19	Sletta Kjell	2,20	2,-	2,50	2,05	8,75-
20	Sletta Fehr.	2,50	2,65	2,-	2,25	9,40
21	Tjønn Ingelyng	5,40	5,10	5,60	5,20	21,30
22	Tjønn Germund	2,95	2,45	2,40	2,-	9,80
23	Opplaerd Kjell	7,90	9,-	8,40	8,-	33,30
24	Runningen Kjell	1,90	-	1,90	-	3,80
25	Rue O F	4,35	4,35	4,45	4,80	17,95-
		102,55	113,95	115,10	113,75	445,15

Døme på ei side i smørlagsprotokollen frå 1966-69.

Hjartdal smørlag

Hjartdal hadde også sitt smørlag ifrå 1930-åra og framover. Sverre Haugan hugsar at mor hans, Marie Haugan, var med systera si, Gunnhild Håtveit, på smørlaget da han var gutunge på 1950-talet. Her blei dette plassert på eit rom i forlenginga av det dåverande Hjartdal handelslag. Men dette blei lagt ned og smøret blei levert inn på butikkane for vidareformidling til Kviteseid meieri. Da var det sannsynleg at det var bussruta aust-vest som tok med seg desse sendingane.

Nedlegging og nye tider.

Det blei stille etter vegen i Tuddal da smørlaget blei lagt ned. Onsdagsbesøka blei borte, folk handla fortsatt varene sine, men det var ikkje lenger så naturleg å få seg etter-smørleveringskaffi`n. Ein veit ikkje kva ein har før det blir borte! Det sosiale livet blei eit bidrag fattigare, og det gjer noko med ein. Det er ikkje så mykje som skjer i ei lita bygd.

Det er da eg tenkjer på Jon O.Bøen, leiar i pensjonistlaget i mange år, ein pådriver for aktivitet, og pensjonistmiddagens far. Han fekk starta pensjonistmiddag og samlingar på menighetshuset i Tuddal i 1991. Jon kjørde rundt i bygda for å hente folk, og han organiserte andre til å kjøre til samlingane!

Mor mi var kokke der dei første 10 åra, godt hjelpt av frivillige kjøkkenjenter/servitørar. Ho fortalte at den fyrste tida så kjende ikkje folk kvarandre lengre så godt. Det var lite og ingen prat, men etter kvart så tina folk oppatt, og samtalene gjekk livleg og latteren runga i salen. Folk hadde fått att ein sårt tiltrengt felles arena. Onsdagen var etter ein samlingsdag.

I dag er det Gunlaug Bekkhus og hennar gode hjelperar som driv dette vidare ved hjelp av pensjonistlaget. Dagens pensjonistar er så unge og aktive at dei både dansar og leikar under samlingane. Ikke fordi eg trur det har så mykje med smøret å gjere, men det har blitt ein god stad for hyggeleg prat og servering. Annankvar onsdag er framleis store dagar i tuddalsbygda!

Eg takkar for mange gode samtaler om dette emnet, mange gode kaffikoppar og herlege latterkuler. Ikkje alle historiar skal vidareformidlast, eg håpar eg har fått med noko vesentleg, og at ein del kjenner seg att i historia. Om eg har misforstått, feiltolka ting, så bed eg om tilgjeving. Dette er ikkje meint som anna enn det det er: Min versjon av smørlagshistoria. Og så minnest eg meg glede og respekt alle smørlagsdamene/meierskene og dei trufaste smørleverandørane som gjorde si plikt med flid og omsorg.

PS! Et smør, smør og fløte har blitt sunt att, enn så lenge...

Kjelder

- ◊ Mari Tveiten
- ◊ Signe Olsen
- ◊ Anne Grøgård
- ◊ Rolleif Mjellekås
- ◊ Tone Stuverud
- ◊ Sigrid Løndal
- ◊ Gro Tråer
- ◊ Torkjell Sletta
- ◊ Gro Sletta
- ◊ Anund Stuverud
- ◊ Ingrid Hovde (1926-2006)
- ◊ Ragnhild stigen (1916-1986)
- ◊ Sverre Haugan
- ◊ Smørlagsprotokollar og regnskapsbøker

Han ga sitt liv – Trygve Nyheim

av Kjell Klokkerud

Terrenget mellom Lågendalen og innsjøen Eikern er kronglete og ugjestmildt. Området hører delvis til Øvre Eiker og delvis til Sandsvær (nå Kongsberg). Under siste krig var disse skogene derfor et ideelt område for dem som trengte å gjemme seg bort.

I de første krigsåra ble det skjult russiske krigsfanger her. Disse hadde klart å stikke av fra en fangeleir i Drammen. Etter hvert ble det også etablert norske motstandsgrupper som holdt til som såkalte celler her inne, og vinteren 1945 ble «Operasjon Chacewater» satt i gang.

Det hele startet da det kom en særmelding fra London 21. februar: «Øyemål er ikke å få kjøpt».


Meldingen ble snappet opp av en motstandsmann på Vestfossen i Øvre Eiker. Han forsto hva meldingen betydde: Til natta ville det komme et «slipp» av utstyr på Tverringvannet, et av de mange innsjøene og tjerna i området. Han fikk varslet noen andre karer, og de dro straks innover skauen. Det var høy snø, tungt føre og langt å gå. Resultatet ble at de fire karene ikke kom fram til avtalt tid. Flyet, som ikke oppdagde noe bål som skulle markere slipp-plass, tok seg heldigvis noen ekstra runder i området, og da det passerte over for tredje gang, var bålene tent.

36 containere ble sluppet, hver på ca. 200 kg. I tillegg dalte det ned 4 mann. De fire utgjorde ledelsen i operasjon Chacewater.

Hovedkvarteret til Chacewater-gruppa var ved Urdsvannet (A).

En halv tropp med Trygve Nyheims gruppe var plassert på Gunhildsrudsetra ved Setertjern (B).

Og en halv tropp var forlagt ved Twillingvannet (C). Opp til høyre ser vi litt av innsjøen Eikeren.



Alle var på det tidspunktet klar over at Hitlers regime sto på kanten av stupet. Chacewaters oppgave var å sørge for at tyskerne ikke ødela Hakavika kraftstasjon og tre viktige transformatorstasjoner, når de trakk seg tilbake. Mens motstandsmennene ventet, lå de derfor i treningsleir inne på skauen.



Twillingvannet,
slippsted i Øvre Eiker.



Portrett av
Trygve Nyheim,
og minnesteinen
på Gunhildrud-
setra.
Dessverre be-
gynner laven å
gjøre skriften
utydelig.



De fire i ledelsen fikk snart forsterkninger av lokale grupper fra hjemmestyrkene. Fra Numedal kom det i tillegg en celletropp. I den sistnevnte gruppa var det en hjartdøl; Trygve Nyheim.

Trygve Nyheim var født i 1915 på Nord-Risvoll. Han var yngstemann i en søskenflokk på 6. Faren, Olav Nyheim, var fra Gransherad og hadde gifta seg til gården. Trygves mor, Ragnhild Århus, var farens andre kone, og to av barna var derfor Trygves halvsøsken.

Da krigen brøyt ut 9. april 1940, var Trygve i vernepliktig alder. Han ble med i Telemark Infanteriregiment og havna snart i ildlinja. Mest kjent er regimentet for at de deltok i de siste trefningene før Norge kapitulerte. Hovedkampene var i Vinjesvingen i dagene 3-5.mai. Tyskerne ble påført store tap, og den norske troppen holdt stand helt til de fikk beskjed om at hærledelsen hadde lagt ned våpnene.

Etter at regimentet var oppløst, fortsatte Trygve med illegalt arbeid og var høsten 1944 med i ei motstandsgruppe med folk fra Kongsberg og Numedal.

Chacewater-gruppa på Eiker ble nå delt i tre. Hovedkvarteret med de fire lederne etablerte seg i ei hytte ved Urdsvannet (A på kartet), en halv celletropp ble forlagt ved Tvillingvannet (C) og en halv troppe ble plassert på Gunhildrudsetra ved Setertjenn (B). Trygve Nyheims gruppe hørte til sistnevnte.

Operasjonsrapporten forteller: «Sellen hadde hatt en del instruksjon, etter 14 dagers kurs var den utmerket...» Karene drev deretter på med trening og annet forberedende arbeid.

Tidlig på formiddagen 24. april ble det meldt at «to lass bjørkeved» var på vei utover langs Eikern. (På kartet kan en se en liten flik av Eikern i øverste høyre hjørne). Beskjeden var en melding om at to lastebiler med tyske soldater var på vei sørover langs sjøen.

Karene antok at de skulle til Hakavika kraftstasjon. Den ligger en mils vei nedover på vestsida og hadde fast tysk bemanning. De sju hyttekarene ved Setertjenn satte ut en vakt, slik de hadde for vane å gjøre.

Det var en varm og god formiddag. Vakta kjeda seg, tok en liten flåte og drev den litt ut fra land for å fiske. De andre gutta i troppen satt inne, prata og spiste frokost. Ca. kl. 10 fikk vakta på flåten se at tyske soldater snek seg fram gjennom skogen. Han staka til lands, storma inn og skrek: «Tyskerne er her!» I det samme ble det åpnet ild. Kulene gikk tvers gjennom veggen. Vaktmannen ble truffet i hodet og døde momentant. Tre av de andre ble dødelig såра og en ble lettere såra.

Trygve Nyheim kasta seg ut av vinduet på baksida og løp i sikkerhet inn mellom trærne. En annen av karene fulgte etter.

Trygve Nyheim og Georg Ellingsen løp for livet uten å ense Stein og greiner som skar de bare føttene til blods. De hadde bare en tanke i hodet: Å få varslet guttene i Tverringvannsstua før tyskerne nådde fram. Normalt lå stua en drøy halvtime unna. De visste ikke om at tyskerne hadde delt seg, og trodde de sprang om kapp med den troppe som hadde overfalt dem. Pusten gikk i hivende hikst da de nådde vannet og fikk se hytta med døra oppe på den andre siden av vannet. Guttene der lagde til en orrhane de hadde skutt. Til sin fortvilelse så Nyheim at tyskerne hadde kommet først. I sine grønnekledde uniformer snek de seg inn på de intetanende norske guttene. Nyheim løp ned til vannkanten og vinket og ropte: «Tyskerne kommer! Tyskerne kommer!» Ekkoet gav gjenlyd i åsene: «Tyskerne kommer! Tyskerne kommer!» Det var som den varme vårdagen var blitt isende kald av ekkoet som rullet over vannet. Så smalt et skudd og Nyheim seg sammen truffet i hjertet.

(Utdrag fra kapittelet *Dramaet ved Setertjern*, fra boka *Vi som var hjemme* av Rolf E. Dramdal)



Gunhildrud-setra er ny.
Den gamle
brente
tyskerne
ned.
Minnestei-
nen kan
sees til
høyre for
foten av
furua.

De karene som holdt til ved Tverringvannet hørte selvsagt både Nyheims rop og skuddet som fulgte. De rakk å gripe geværene sine og stikke til skogs. Tyskerne turde da ikke følge etter.

Rolf Dramdal skriver litt seinere i kapittelet: «De fem guttene kom seg unna i god behold takket være Nyheim som gav livet sitt for å redde dem ».

Drøyt 14 dager seinere kom freden...

På dagen to år seinere, 24. april 1947, ble det reist en minnestein over de fire som falt ved Setertjernet.

Øverst av navnene står: «Trygve Nyheim, 29 år, Hjartdal».

Kilder:

- ◊ Rolf Egil Dramdal: *Vi som var hjemme*. (Eget forlag)
- ◊ Operasjonsrapport fra Chacewaters sjef Roger Backstrøm
- ◊ Kart: *Turkart Kongsberg 1: 50 000*, ajourført 2009

Småskala jernindustri på Skoje i Sauland

av Audun Solberg

Dei siste åra har vi funne svært mange kolgropar ved Skoje-gardane i Sauland. Funna er overraskande og kan truleg setjast i samanheng med ein småskala jernindustri ved gardane.

Kolgropar kan knytast til utvinning av jern i yngre jernalder og mellomalder og er ofte å finne i utmarka. Kolgropar i nærleiken av gardar



Oversiktsbilde frå Skoje-gardane i 1949. Langs vegen som går til høgre mot Omnes, ser vi eit lite uthus mot skogkanten. Litt forbi her ligg Kaldbekkdalen med smia. Bak der igjen går vegen vidare over Veslemo mot Omnes. Her finn vi mange av kolgropene, like eins tre gravhaugar frå jernalderen.

Flyfoto frå Widerøe. Eigar: Hjartdal kommune.

og innmark set ein vanlegvis i samband med produksjon av kol for gardssmier. Om det er spor etter industri eller heimebruk kan ein sjå på mengda av kolgropar innanfor eit avgrensa område. Gropene er derfor eit interessant statistisk materiale som kan fortelje mykje om organisering av jernindustrien i Telemark på denne tida.

Smie

Skoje-gardane ligg fint til på solsida i Sauland. I Kaldbekkdalen på garden Sud-Skoje veit vi også at det har lege ei gardssmie. Restane av smia var synlege fram til 1960-talet. Med tanke på alle kolgropene som er funne i området, er det lett å tenke seg at den laglege smieplassen kan ha vore brukta over lang tid. I samarbeid med arkeologane i Telemark fylkeskommune blei det derfor gjort ei undersøking for å finne ut om det verkeleg har vore smie der frå gamalt av.

I eit lite spadestikk eit par meter utanfor smia blei det funne rikeleg med kol og nokre bitar av jernslagg. Jordprofilen i ei prøvesjakt rett ved sida av smia viste fleire lag som representerer ulike driftsfasrar. Hjartdal historielag sa seg villig til å dekke utgiftene til ei C14-prøve, og trekol frå det eldste laget blei datert til 1215-1280 e.Kr. I Kaldbekkdalen har det altså vore smieverksemd meir eller mindre samanhengande i opp mot 800 år.

90 kolgropar

Innanfor ein avstand på omlag 600 meter frå smieplassen er det påvist opp mot 90 kolgropar. Kolgropar rett ved sida av ein gard i låglandet har ein som nemnt tidlegare, sett i samanheng med produksjon av kol til gardssmier. På Skoje er det ut i frå samanhengen uvanleg mange kolgropar samla på eit relativt lite område, og det er lite truleg at desse har vore nytta til ei vanleg gardssmie.

Vi kjenner ennå ikkje til omfanget av jernproduksjonen i Hjartdal, men den var meir omfattande enn ein hittil har vore klar over, og stadig nye jernvinneplassar blir registrerte. I tillegg til at jern blei laga til heimebruk, viser dei omfattande funna på Skoje at ein stor del av produksjonen truleg har blitt selt vidare.

Jern var ei viktig og svært god handelsvare, og produksjon og omsetning må på ein eller annan måte ha vore organisert. Kanskje kan Skoje ha vore ein mellomstasjon i jernhandelen der jern blei smidd til jernbarrar, som var handelsvara.


Truleg gjekk varetransporten nedover vassdraget mot Skien. Frå Skoje til nedsida av Omnesfossen er det omlag 2 km i lett terreng. Derifrå kunne varene fraktast i båt omtrent heilt fram til Skien, utan omlasting.

Om vi ser på kjente «jernområde» som Hovden øvst i Setesdal, Møsstrond, og Uvdal øvst i Numedal, var det vanskelegare transportveg mot kysten derifrå. I kystnære område budde det flest folk, og jern var etterspurt både i landbruket og til våpen. Noko av jernet blei kanskje også selt til utlandet.

Smie og jernvinne

Under framstilling av jern i jernvinne blei det ein god del restprodukt i form av jernslagg. Likevel var ikkje råjernet reint, og i smia måtte dei fjerne resten av slagget før jernet var smibart.

På smieområdet i Kaldbekkdalen og i bekken ved sida av er det jernslagg. Sidan det ikkje har vore utgraving her, er det vanskeleg å vurdere omfanget. Eit godt trena auga greier å skilje jernvinneslagg frå



Innanfor ein radius på omlag 600 meter frå smieplassen er det påvist opp mot 90 kolgropes. Kartutsnitt frå Riksantikvarens kulturminnebase Askeladden. I tillegg til kolgropene som er vist på kartet, er det også registrert omlag 15 groper som ennå ikkje er merkt av på Askeladden.
Foto: Kartutsnitt. Riksantikvarens kulturminnebase Askeladden.



Stor, fin kolgrop, ikkje langt frå smia.

Foto: Leif Skoje.



Smia på Skoje ligg på ei tørr, fin flate i Kaldbekkdalen og er noko opphøgd i terrenget. Der det har vore jernvinne og smie over lang tid, vil terrenget bygge seg opp grunna avfall som slagg, kolrestar og anna.

Foto: Leif Skoje.

Arkeolog Line

Grindkåsa
frå Telemark
fylkeskommune tar ut kol til
C14-datering.

Foto:
Leif Skoje.



smieslagg, og her er det begge delar. I tillegg er det fragment frå ein sjaktovn som var vanleg i jernproduksjonen frå omlag 700 til 1400 e.Kr.

I Telemark finn ein jernvinner i fjellområde der det er myrmalm. Dei finst også i lågareliggende område, men relativt sjeldan. Jernvinna på Skoje ligg vel 100 meter over havet, og er såleis uvanleg.

Kvar kom jernmalmen frå? Det veit vi ikkje, men kan forklaringa vera så enkel som at det var utfelt jern i nokre våtlende område på Skoje, ikkje langt frå der smia ligg? I alle fall kan ein finne myrmalm i

I ei lita prøvegrop
rett utanfor smia
var det lag med
kol og koljord,
sundbrent stein
og jernslagg.
Noko av slagget
er tydeleg jernvin-
neslagg.
Foto:
Audun Solberg.



heiområda på begge sider av Tuddalsdalen. På austsida ligg garden Tjønnås, ikkje alt for langt unna Skoje. Det skal vera gamal busetjing på Tjønnås, og i fylgje Hjartdalsoga var februk, fangst og jernvinne livsgrunnlaget. «I Sauland sokn hev dei sagt meg at det er merkje etter jarnbrenning i heiane» skriv Tov Reisjå, og han nemner Sjausethelia.

Småskala jernindustri

Funna viser at det har vore både smie og jernvinne i Kaldbekkdalen på Sud-Skoje. Om dei har vore samtidig, veit vi ikkje, men ein kan lett tenke seg at jernvinna er eldst, kanskje med noko overlapping av smieaktivitet.

Arkeologar frå Kulturhistorisk museum i Oslo har undersøkt og C14-datert seks kolgroper heilt i ytterkant av kolgropområdet. Fire av prøveresultata varierte frå 1290 til 1440 e.Kr., og dei to siste frå 1440 til 1650 e.Kr. Resultata understøttar at det har vore jernbearbeidning og smie på Skoje kontinuerleg over ein lang periode.

C14-dateringane frå kolgropene indikerer at dei er yngre enn den eldste bruksfasen av smia. Det er naturleg å tru at kolgropene nærmast jernvinna/smia blei tatt i bruk først, slik at desse sannsynlegvis er eldre enn dei som er daterte. Kor lenge jernvinnedrifta på Skoje varde er det vanskeleg å ha noko sikker mening om. Men truleg var det jernutvinning her alt på 1100-talet, om ikkje tidlegare.

Smieaktiviteten har vore omfattande og over lang tid. Kolgroper kan brukast om att, så her er det produsert trekol i store mengder. C14-dateringane frå både smia og kolgropene kan derfor tyde på at det har vore bygdesmie på Skoje, og at denne har vore i bruk over lang tid. I tillegg viser mengda av kolgroper at det til tider truleg har vore småskalaindustri her.

Kjelder:

- ◊ Hjartdalsoga band II. Hjartdal kommune 1992
- ◊ Espelund, Arne: Jernet i Vest-Telemark – der tussane rådde grunnen. Arketype forlag 2004

- ◊ Larsen, Jan Henning: Jernvinna på Østlandet i yngre jernalder og middelalder – noen kronologiske problemer. Artikkel i Viking - tidskrift for norrøn arkeologi 2004
- ◊ Kulturhistorisk museum. Rapport arkeologisk utgraving. Kullgropen Skoge, 82/1 Hjartdal, Telemark. Feltleder: Jakob Kile-Vesik. Oslo 2015
- ◊ Tov Reisjå sine skrifter
- ◊ Leif Skoje

Takk til fylkesarkeologane Line Grindkåsa og Lise Loktu for god hjelp.

Langeleiker fra Hjartdal

av Anne Haugen Wagn

Norsk Folkemuseum har arkivert sju langeleiker som har sin opprinnelse i Hjartdal. En av dem er trolig blant de eldste langeleikene som finnes her i landet. Langeleiken har tilhørt prestekona Sissel Lind, som levde i Hjartdal på 1600-tallet. Mye tyder på at dette er den eldste dokumentasjonen vi har av langeleik, ikke bare i Telemark, men i hele landet.

Det vanligste folkemusikkinstrumentet på 18- og 1900-tallet kom til å bli hardingfela. Langeleiken gikk da mer og mer ut av bruk. Men instrumentet må ha vært populært, med sju eksemplarer av instrumentet knytta til Hjartdal og en levende muntlig tradisjon for bruken av det. Det vi har av skriftlig dokumentasjon tyder på at langeleiken var et instrument knyttet til kvinnene. Hva kan det komme av? Og hvordan kom Norsk Folkemuseum til å bli eiere av de sju langeleikene fra Hjartdal?

I artikkelen *Langeleiken i Telemark – må historia skrivast om?* av Kjell Bitustøy (1955) finnes en oversikt over alle som har spilt langeleik i Telemark gjennom tidene. Forfatteren kan vise til langeleikspillende menn og kvinner i de fleste bygdene i fylket. Han dokumenterer også over 55 eldre langeleiker fra Telemark fordelt på museum og hos private. Med eldre setter han grensa ved 1920. På det tidspunktet er mesteparten av den levende langeleiktradisjonen i Telemark borte.

Vinje kommune, dernest Nome, er de kommunene som har hatt de rikeste tradisjonene på langeleik. Men de eldste navngitte lange-

leikspillerne, de finner vi i Hjartdal. Og vi ser allerede her, at instrumentet er knytt til kvinnene.

Den eldste av dem er Sissel Lind, og så er det barnebarnet hennes Kjersti Nordbø (f.1708). En tredje kvinne som knyttes til langeleiken i Hjartdal, er Margit Olsdotter Maurebrekke (f.1828).

Prestekona Sissel Lind

Lauritz Gabrielson Lind kom som prest til Hjartdal i 1679 og var her fram til han døde i 1706. Han var gift med Cesilie Arnsdatter Luth som var bakerdatter fra Kristiansand. Hun ble etter tradisjonen kalt for mor Sissel. Cesilie (som har vært døpenavnet hennes) var trolig født ca 1645. Fødselsåret er ikke registrert i bygdeboka, men i året 1665 fikk Cesilie sitt første barn, og en sannsynlig alder ved denne første fødselen er 20 år. Cesilie Lind fødte sju barn. Hun døde i 1717, i overkant av 70 år gammel, på Krosshus i Sauland, som på den tid var enkesete for presteenker. Ekteparet hadde seks barn, og sønnene giftet seg til gårder i Hjartdal.

Familien ble kalt for egdene, siden de kom fra Agder. Egdene har blitt brent omtalt i M.B.Landstad sin bok *Gamle Sagn om Hjartdølerne*, under navnet *Egde-ungernes saga*. Innsamlingen av sagn utførte Landstad i Hjartdal 1850-åra, men boka ble publisert først i 1880.



Dette er langeleiken som mest sannsynlig har tilhørt Sissel Lind. Den er oppbevart på Norsk Folkemuseum. Foto: Norsk Folkemuseum.

Landstad forteller om presten Lars Lind at han døde relativt fattig i Hjartdal etter 27 år i sognet. Men at hans kone Sissel (Cesilie) hadde adskillig «Kister og Klæder, og loftet var fullt av Bleier, Tjeld og Fyller».

Sissel lagde klær av skinnfeller, både sin egen stakk og skinnbukser til sine sønner. Hun var ellers ei «uvand kjæring», det vil si ikke krensen eller stor på det. Da hun var bakerdatter, hadde hun lært å bake rugbrød, og dette kom godt med, for hun gjorde fortjeneste på å bake ovnsbrød til bønder som skulle holde barsel og andre typer gjestebud. Slikt brød hadde ikke vært spist i Hjartdal før.

Hun hadde også godt håndlag og sydde hvite lerretsplagg med frynsjer på. «Dessuten kunne hun også spille på Langeleg, i den Kunst var hun umfram alle andre». Om søndagene, når presten var i Tuddal eller Gransherad, samlet bygdas jenter seg i prestegården for å høre mor Sissel låte på langeleik.

Sissel kunne sitte og spille for gjestene langt ut over kvelden de fineste slåtter. Så danset de, ja, det gikk lystig for seg i prestegården. Noen ganger måtte hun også spille for bøndene i deres brylluper og gjestebud, og derom var de alle samstemte, at ingen gjorde det jevn-godt med Sissel. De visste på den tid ikke av annet instrument enn langeleiken. Den ble brukt til både sang og dans. Ingenting låter for deres ører så «hjarteleg fint og gråtelig» som en langelek. Landstad skriver videre:

Der er endnu en gammel langeleg i Sauland, som skal have tilhørt Mor Sissel Lind, men der er knapt nogen mere, som kan spille paa den ... Dog sies at der er en Prestekone i Heiddal som lægger sig Vind om at faa Gjenterne til at tage Langelegen i Brug igjen, og selv lærer dem Kunsten. Godt var det og Tak værd om hun dermed kunde have Fremgang...

Sagnene ble fortalt til Landstad i Hjartdal omkring 1850. Det kan derfor tyde på at tradisjonen med å spille på langelek har ebbet ut i første

Hvordan spille på langelek

Den norske langeleiken spilles ved å dra et plekter (laget av horn eller fiskebein) over strengene med høyre hånd, mens venstres tre mellomfingre utfører melodien ved å presse ned melodistrengen ved notene. (Notene tilsvarer båndene på gitar). Strengene var gjerne dyretarmer.

halvdel av 1800-tallet. Hvem prestekona i Heddal er, vet vi ikke sikkert. Men det er trolig Olea Crøger, eller det kan være mora, Helle Margrethe Styhr Crøger, som vi vet underviste i musikk. Det er kjent at hun gav sin datter, Olea, opplæring i musikk, og at hun spilte langeleik. Skulpturen av Olea Crøger i Heddal viser da også Olea med en langeleik i fanget.

Verdt å merke seg er at Landstad forteller sagn, og at historiene derfor må vurderes kritisk. Flere av årstallene som gjelder personer han skriver om stemmer for eksempel ikke med det Hjartdalsoga kan dokumentere. Men mye av innholdet ellers kan være historisk korrekt. Uansett har sagnene en kulturhistorisk interesse.

Kjersti Nordbø

Hjartdalsoga skriver at Ditlef Larson Lind var gift med Helge (uttales Hælge - med tjukk L) Haraldsdatter Nordbø. De hadde åtte barn. Kjersti, ett av barna, ble født i 1708 og døde på Hovdejord i 1796. Første gang var hun gift med Gisle Berge, andre gangen med Jon Hovdejord. «Kjersti spela langeleik lik gommo si, prestekona, Mor Sissel» forteller Hjartdalsoga. Bitustøylen hevder at det kan være denne kvinnen, altså barnebarnet til Sissel Lind, som faktisk er langeleikspilleren Landstad skriver om. Det begrunnes med at Kjerstis levetid samsvarer bedre med årstallene Landstad bruker i sine sagn. Vi har likevel historien som knytter langeleiken til Sissel Lind, og da har den vært i bruk i Hjartdal på slutten av 1600-tallet.

M.B.Landstad har i sagnet om Johannes Pålson Skeide en fortelling om at Kjersti Nordbø var en av de beste til å spille på langeleik, og at det på den tid gikk mange til Nordbø om søndagskveldene for å høre Kjersti spille. Så satt de i god ro og snakket om nytt og gammelt. Kjersti spilte på langeleiken og sang visa om *Axel Thordson og Valborg og om deres trofaste kjærighet*. Denne balladen, som hører med til gruppen ridderviser, finnes i mange oppskrifter, og var en svært populær vise helt fra 1600-tallet.

Detaljer fra Sissels langeleik.

Foto: Norsk Folkemuseum.

Beskrivelsen fra NF:

Uthult av et tresykke. Opprinnelig 4 strenger. Alle neter mangler.



Sissels langeleik solgt til Sverige

Mye tyder på at langeleiken på Norsk Folkemuseum med registreringsnummer *NF. 2012-0931 fra Halvor Olsen Hovdejord v/T.L.Jore 20/9 1875*, er langeleiken vi kan knytte til Sissel Lind og Kjersti Nordbø.

Bakgrunnen for det er at Kjersti Nordbø var gift med Jon Jacobsen Hovdejord. Det er etterkommeren Halvor Olsen Hovdejord som selger langeleiken til Torjus L.Jore 20. september 1875. Halvor Olsen Hovdejord hadde Kjersti Nordbø som sin oldemor. Det er sannsynlig at han har arvet langeleiken etter sin oldemor. Halvor var også gift med Torbjørg Olsdotter Nordbø, fra gården der Kjersti kom fra, så en forbindelse til langeleiken herifra kan også tenkes.

Det som skrives om Halvor O.Hovdejord er at han hadde en stor ungeflokk, og var eier på Hovdejord i 1873. At han har hatt behov for penger og derfor har solgt langeleiken som hadde vært i slekta, er sannsynlig. Vi kan derfor med stor grad av sikkerhet slå fast at den ene av de sju langeleikene fra Hjartdal på Norsk Folkemuseum har tilhørt Sissel Lind.


Det Nordiske museet og tilbakeføringa til Norsk Folkemuseum

Det var i 1983 at Norsk Folkemuseum fikk beskjed om at den norske samlinga i det Nordiske museet i Stockholm skulle tilbakeføres til Norge. Fra høsten 1984 og fram til 1987 foregikk den store transporten med tusenvis av store og små gjenstander. I juni 1988 var 7452 gjenstander mottatt – derav 1789 drikkekar av tre og 1400 ulike deler av draktsølv! (Kultur i retur, 1988).

Den norske samlinga i det svenske museet har sin historie tilbake til grunnleggelsen av Nordiska museet. Det var Arthur Hazelius (1833 - 1901) som grunna dette i 1873. Det var i skandinavismens tidsalder, derav navnet. Den nye ideen til Hazelius var at museet skulle vise fram det som folket hadde skapt, og da var det bondesamfunnets kulturarv. Hazelius mente var viktigst å samle og ta vare på. Det var naturlig at Norge med sin egenartede bondekultur og sine avstengte bygdesamfunn kom til å bli et særlig inspirerende innsamlingsområde.

Han knyttet til seg medarbeidere, og det var Torjus Leifsson Jore fra Bolkesjø som fikk hovedansvaret for Norge. Han og Hazelius kom til å bli personlige venner og de hadde en tett brevveksling. Torjus reiste over hele landet, mesteparten av innsamlingsarbeidet skjedde i 1870 og 80-åra og tok slutt i 1905.

Den norske samlinga spenner over et vidt register av gjenstander – drakt, tekstil, møbler, husgeråd, sølv og våpen. Telemark utgjør det største tyngdepunktet, noe som betyr at vi i denne samlinga kan finne noe av det ypperste av kunsthåndverk fra vårt distrikt.



Torjus Leifsson Jore (1850-1929). Oppkjøper for Arthur Hazelius. Fotografert i 1925.
Foto: Norsk Folkemuseum.

Vi vet ingenting om langeleiken var i bruk etter at Kjersti døde i 1796. Kanskje lå den bortgjemt på Hovdejord i flere tiår, for etter 1850 ser det ut som at tradisjonen med å spille på instrumentet har blitt borte.

I 1875 reiser Torjus O.Jore rundt om i Telemark for å samle gjenstander til Nordiska museet i Stockholm. Slik kommer handelen i stand, langeleiken til Sissel Lind havner i Sverige.

Langeleikens historie

Langeleiken hadde sin blomstringstid her i landet på 1600-tallet, men har trolig vært i bruk enda 100 år tidligere. Den var vanlig i Europa i middelalderen. Så var det fela som vant fram på 1700-tallet, og langeleiken gikk ut av bruk. Det er bare i Valdres vi har en ubrukt tradisjon. Kari Lønnestad, som er leder for folkemusikkarkivet i Telemark, mener at det er flere årsaker til at langeleiken gikk ut av bruk. En av dem er mote – nye trender som kommer til bygdene. Fela viste seg å være mer lydsterk og passet bedre til spill i større lokaler. Fela hadde også flere muligheter rent musikalsk. Lønnestad har funnet fram til 70 telemarkinger som spilte på langeleik, den mest omtalte er Ingebjørg Torsteinsdotter Rinde (1761-1847) i Åmotsdal. Det er mange kvinner, men noen av dem er også menn. Men den eldste dokumentasjonen knyttes til Sissel i Hjartdal.

Langeleiken til Sissel Lind kan ha vært laget i Hjartdal, men Sissel kan også ha hatt den med seg fra Kristiansand der hun ble født. Siden Kristiansand er en sjøfartsby, kan instrumentet ha kommet fra et land i Europa, der det er kjent at langeleiken var vanlig i bruk i middelalderen.

En av de eldste langeleikene i Norge kan nå dokumenteres har hatt sin tilhørighet i Hjartdal. Den kan i så fall ha vært ute på en lang vandring. Kanskje er den laget et sted i Europa, blitt med til Kristiansand, og deretter til Hjartdal. Langeleiken fulgte bakerdatteren Cesilie Luth, som følge av et giftermål med han som skulle bli prest i Hjartdal. Så ble langeleiken solgt, etter å ha vært ute av bruk i flere tiår. Instrumentet ble så tatt med til Stockholm og museet der. Her var det oppbevart i mer enn 100 år, før det kom tilbake til Norge og Norsk Folkemuseum i 1980-åra.

Kanskje er det på tide at langeleiken kommer hjem igjen til

Langeleik fra 1547

På Valdres Folkemuseum er det i 2015 en utstilling kalt *Langeleiken – heile Noregs instrument*. Her er 38 langeleiker samlet, de fleste utlånt fra Norsk Folkemuseum. Den eldste er datert til 1547. Museumsdirektør Ole Aastad Bråten sier til Aftenposten (Det skjer på museet, 2015) at instrumentet har ei framtid, og at han håper utstillingen vil inspirere flere til å ta det i bruk. Blant andre har Lene Marlin, Tone Damli, Valkyrien Allstars og Little Steven brukt langeleik i sin musikk.

Hjartdal og blir plassert et sted i kommunen der den for 400 år siden ble spilt på? Det nærmeste å foreslå er at museet i Tuddal blir hjemstedet for langeleiken til Sissel Lind.

Langeleiker fra Tuddal

Historien til den ene av de sju langelekene fra Hjartdal har her fått sin historie omtalt, men det er seks til i Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Disse har vi mindre kunnskap om. Men av de sju er det fem som er kjøpt inn til Nordiska museet i 1875. Data om de to øvrige er ukjent.

Fire av de sju langelekene på Norsk Folkemuseum er fra Tuddal i følge Bitustøyl. Disse ble solgt av folk som kom fra plassene Reisjå, Bondal, Stuvrud og Hovde. Men langeleikspillere fra disse gårdeiene finner han ikke. Den eneste Bitustøyl kan dokumentere er Aslaug Gunleiksdotter Saalebotsmoen (Krosshus) født 1804 og død i Amerika i 1876. Hun skal ha vokst opp i Storekås under Løngdal. Bitustøyl navngir videre at Margit Olsdotter (f.1829 på plassen Maurebrekke i Sauland) spilte på langelek. Margit Olsdotter finner vi i en annen kilde (Dokumentasjonsprosjektet, 2015), at har sungetvisa om Axel og



*Langeleik fra
Tuddal
Foto: Norsk
Folkemuseum.
Beskrivelsen
fra NF:
Uthult av et
trestykke,
4 strenger,
hvorav 1 på
korpus. 2
skruer man-
gler. Det ene
skruehullet ser
sekundært ut.
Alle noter
mangler.
V-formet
lydhull. Dekor
på sidene av
korpus.*

Axel og Valborg – riddervise med 200 vers!

Å synge folkeviser var vanlig på 1700-tallet. M.B.Landstad skriver at Kjersti Nordbø sang visa om Axel og Valborg, og vi kan derfor vite temmelig sikkert at denne visa ble brukt når det var fest og moro i hjartdalsbygdene på 17-1800-tallet. Visa er en ballade fra middelalderen, og har så mange som 200 vers! (strofer). Den må ha vært populær og utbredt, for den ble trykt opp som et såkalt skillingsstrykk i 1841. Men visa har kommet i trykte utgivelser også før den tid, blant annet i Peder Syvs visesamlinger fra 1600-tallet. Og den finnes i 13 ulike folketoneopp-tegnelser. Den er nedskrevet i vårt distrikt av L.M.Lindeman både i Sauland og i Heddal, og to varianter finnes etter Olea Crøger i Heddal. I Sauland er det Marjet Olsdatter Traa som synger visa for Lindeman. (Dokumentasjons-prosjektet, 2015)

Denne riddervisa (Thoresen, 2000) er blant de lengste vi har, og fortellingen som rimene er spunnet omkring, er lang og komplisert. Persongalleriet er mangfoldig og vanskelig å plassere inn i kjente historiske sammenhenger. Men Axel reiser ut i verden i påvente av at skjønne Valborg skal bli gammel nok til å gifte seg med han, og det er mange hindringer som legges i veien for dem. Historien må være fri diktning. De kjente navnene som dukker opp i visa, som hellige Birgitta, Håkon Herdebrei og Håkon Adelsteinfostre, er brukt for å skape en fabulerende stemning av fjern romantikk, drama og riddertid. Visa er datert til mellom 14- og 1600, fordi det katolske tankegodset kommer så levende fram. Visa kan knyttes til Tønsberg, og ble av den grunn framført i et arrangement ved Heierstadloftet på Fylkesmuseet der i 2000. Det begrunnes i en utgave av visa i 1841 som heter *Axel og Valborgs berømte og historiske Vise, deres Endeligt og Begravelse i Tønsberg, hvis Minde vist endnu lever i enhver Nordmans Bryst.*

Valborg for Lindeman, kanskje akkompagnert med langeleik? (Ludvig M.Lindeman (1812-1887) utførte et stort arbeid med innsamling av folketoner i Telemark). I så fall har vi en ubrukt tradisjon av langeleikspill i Hjartdal, fra Sissel Lind i siste del av 1600-tallet til Margit Olsdotter på midten av 1800-tallet.

Et kvinneinstrument

Fra Hjartdal knyttes tradisjonen for å spille på langeleik til kvinnene. Slik er det også mange andre steder. Fela tok over fordi den ble vurdert som mer moderne og gav flere musikalske muligheter. Men hvorfor ble ikke da fela et instrument som kvinnene spilte på? Det kan ha noe med at langeleiken var knytta til hjemmet, ikke til fest og drikkegilder, slik som fela etter hvert ble assosiert med. I hjemmet kunne kvinnene



Sissel

Tegning av Svein Grue Carlsen. Fra Landstads Gamle sagn om Hjartdølene.
Nyutgivelse ved Hjartdal Museumslag 1985.

holde på med musikk, det innebar ingen trussel om kvinners ærbarhet. Å reise rundt i bygdene med ei fele under armen for å spille til dans og moro, kan kanskje ha blitt sett på som uanstendig for en kvinne? Kvinners status har alltid vært lav. Når langeleikspill blir forbundet med kvinner, mister også instrumentet status.

Kildene viser ellers at langeleiken har vært populær over hele landet, og var et av allmuens vanligste instrumenter. I 1660 nevnes instrumentet så langt nord som i Finnmark. Den knyttes også til hekseprosessene som vi vet var store nettopp i denne delen av landet. De anklagede fra en av de store hekseprosessene der fortalte at man hadde danset med djevelen og spilt på langeleik. (Aksdal, 1982)

Tradisjonen fra Hjartdal bidrar til oppfatningen om at langeleiken er et instrument som har vært kultivert og holdt oppe av kvinnelige utøvere. Det har ikke vært allment kjent, men viser oss at kvinnene kan ha hatt større betydning i musikhistorien enn det vi har vært klar over.

Kilder

- ◊ Aksdal, B.: *Med Piber og Basuner Skalmeye og Fiol. Musikkinstrumenter i Norge ca 1600-1800*. Tapir 1982
- ◊ Bitustøy, Kjell: *Langeleiken i Telemark- må historia skrivast om?* Årbok for Telemark 1995
- ◊ *Det skjer på museet*. Aftenposten Historie 2015
- ◊ Dokumentasjonsprosjektet. (2015, Februar). Hentet fra Ridderballader: <http://www.dokpro.uio.no/ballader>.
- ◊ *Hjartdalsoga Band IIIA*. Hjartdal kommune 2000
- ◊ Landstad, M.B.: *Gamle sagn om hjartdølene*. Hjartdal Museumslag 1985
- ◊ Lønnestad, K.: *Litt om langeleiksoga, spesielt i Telemark*. 2015
- ◊ Thoresen, S.O.: *Axel og Valborg*. Vestfold Fylkesmuseum. Færder Forlag AS 2000
- ◊ *Kultur i retur*. Norsk Folkemuseum 1988

Tverrås-saga

av Halvor H.Sisjord

Gunleik Kjetilsen Øygarden Finsekre, f.1839 i Smedshuskasin i Skårnesgrenda, sette opp og åtte denne saga. Dei gamle sa visst for det meste Finnseker-sagje. Det var truleg den første og einaste oppgangssaga i bygda, og ho var i drift til 1910.

No er det ikkje att noko anna enn nokre grove jarnboltar i fjellet der saga stod. Veivakselen til sjølve sagbladet låg der lenge, men er vel kanskje borte no. Veiva var heimesmidd – og mildt sagt grove saker.

Me som var hjuringar langs elva frå Gvamstul i 1930-åra, gløymde ikkje å fara innom denne sagtomta. Den gongen låg det att ymist interessant av tre og jønnskrap, ymse beslag og heimesmidd spiker. Dette var spennande – ingen visste kva ein kunne finne. Den gongen var det å sjå tomta og restene av eit anna hus og - det var Sagstugu.

Det tok ein times tid å gå frå Finnsekre til Tverrås, så det var betre å overnatte enn å gå nord og heim. Og så var det vel helst skurd nokre hektiske veker om våren. Det var veglaust, så tømmer som skulle skjerast vart framkøyrt på føre. Det var ein lageleg sagplass. Men det var det at skurden måtte lagrast på staden til neste vinter for å få det heimkjørt. Det var mykje fint tømmer i vestlidene innover mot Skeie og Breivatn. Og det var sikkert ikkje så små bord- og plankestablar år om anna.

Jamvel i våre dagar kan ein i gamle uthus finne bord og plank som er skore på oppgangssag. Det er lett å sjå, for sporet etter oppgangs-



Over ser vi del av ein planke som er skoren på Tverrås-saga. Ei ser tydeleg det loddrette mønsteret i veden. Til høgre ser vi sagbladet. Begge delar er tekne vare på av Olav Hovdejord.



bladet var heilt rett på tvers av bordet. Sporet etter sirkelbladet er ein svak runding.

Det var nok liv og ståk kring Tverrås-saga i varme, hektiske vårdagar. Fossen hyfste og skok seg kvit med søg og sus i vårlaumen. Frå saga kom det vel ein slags taktlyd, det måtte vel vera ein «spelemann» med grove fingrar og stor fele og tunge føter som «trampa». For bladet på tomgang gjekk lett på opptur, men tungt når det skar seg ned. Og det trulegaste var vel at det riste og skok i heile byggverket. Det gjekk vel ikkje så fort, men det kom nok nye, gulkvite, kvåeduftande materialer til syne rett som det var – og dei måtte takast hand om, berast til

kanten og stablast fint så ingen ting fekk vri seg og taka skade under tørken sommardagane.

Frå ein røyrstubb som stakk opp gjennom taket i sagstugu rauk det av og til. Karane måtte sjølv sagt ha seg mat og kvild – og ikkje minst ein røyk eller ein pris snus og ei skrå.

For ein mannsalder eller to sidan hadde mange av dei som brukta skrātobakk, ein liten dåse i lomma. Desse tobakksdåsane som dei blei kalla, var til å ha skrå i. Alle hadde lok som var solid hengsla. Og somme hadde lok både over og under, da hadde dei to rom. Det eine rommet var til å ha fersk skrå i, det andre til «tuggur». Tugge var ei skrå som hadde vore i munnen litt, men ikkje var heilt utbruka og for god til å kaste. Tobakksdåsane var solide og fint laga, som oftast av messing – og blei haldne i akt og ære.

Ein dag var ein av sagkarane uheldig. Han miste tobakksdåsen sin i fossen! Den var sjølv sagt «seld» for alle tider. Det var ein både kostbar og i aller høgste grad nyttig og viktig ting å miste. Men borte var borte. Mannen gjorde vel som Terje Vigen: «Han sørget kan hende en dag eller to, så rystet han sorgen av», og fekk seg vel ein ny dåse.

Kor lang tid det gjekk er ikkje sagt. Kanskje gjekk det eit år, kanskje fleire. Men ein dag spurdes det at nokon hadde funne ein tobakksdåse i sanden på Skjessøyren – det er like før der Hjartdøla renn ut i Hjartsjå! Dette skal vera heilt sant, men det liknar mest ei skrøne. Korleis i all verda kunne denne vesle dåsen berga seg gjennom ein så lang seilas? Det må da vera eit par mil, og minst tre skumkvite høge fossar!

Det var Kjetil Hovland som fortalte denne soga. Han hadde ikkje ord for å fara med slary, så han hadde nok hørt dette underlege hende – for han hadde eit fabelaktig minne. Høyrde han ting som var av interesse, vart det «spela inn» i hovudet – og var der i etertida.

Da mannen som hadde mist tobakksdåsen høyrde gjete dette funnet, fekk han sjå dåsen – og det viste seg å vera hans gamle kjenning.

Hjartdal historielag 25 år



av Svein Bakkalia (leiar i jubileumsåret)

Historielaget har stort jubileum i år. Det er 25 år sidan ei styringsgruppe med Leif Skoje, Hans Skeie og Anne Tone Larsen la fram sin rapport på stiftingsårsmøtet den 15.mars 1990.

Styringsgruppa som vart oppretta våren 1989 førebudde første års-møtet og la fram forslag til vedtekter. Dei verva medlemmer og søkte og fekk økonomisk støtte.

Elles var det ei stor markering av 150-årsminnet for amerikaut-vandringa i 1989. Anne Haugen Wagn og Leif Skoje ga ut boka «...for at finne en blidere skjebne», og behovet for eit historielag blei synleg.

Kjetil Fosse blei valgt til fyrste formann, Jon Bøen som nestformann og Hans Skeie kasserar. Leif Skoje var sekretær, Ingunn Hovde og Ivar T. Dahl styremedlemmer.



Tre «gamlekarar» som kom med i det første styret i Hjartdal historielag. Frå v.: Hans Skeie, Jon O.Bøen og fyrste formannen Kjetil Fosse. I tillegg var dei «yngre» Leif Skoje, Ingunn Hovde og Ivar T.Dahl i det fyrste styret.



Frå eit styremøte i 1999. Frå v.: Helga Asland, Ivar T.Dahl, Leif Skoje, Torkel Hytta og Brit Ingjerd Hjartsjø.

Hjartdal historielag hadde 33 medlemmer det første året, og kontingensten var på 30 kr. Den første årsmeldinga fortel at det blei halde 4 styremøte og 30 saker behandla. Det blei arrangert historisk rusletur langs gamle tuddalsvegar og arbeidd jamnt med innsamling og kopiering av historisk materiale til lagets eiga samling. Tre nummer av kontaktbladet kom også ut dette året.

Dei 25 åra har variert mykje i aktivitet og innhald. Torkel Hytta har vore formann i dei fleste av desse, i heile 18 år, og har vore ein viktig person i lagets utvikling. Kjetil Fosse var leiar dei to første åra, Svein Erik Sletta i fire år på 1990-talet før Torkel Hytta overtok att.

Leif Skoje var ein av initiativtakarane og er vel den som kan kallast grunnleggar av historielaget. Han har vore sentral i det lokalhistoriske arbeidet, m.a. som fagleg inspirator, som redaktør av kontaktbladet og ansvarleg for websidene. Han fekk Hjartdal historielag på internett alt i 1997 og har dessutan gjort ein stor innsats i digitaliseringa av fleire større bildesamlingar og i oppbygginga av historielagets arkiv.

Sakene har etterkvar blitt mange. Det er ikkje muleg her å ta for seg alt, ikkje ein gong mesteparten. Men utanom det som alt er omtala, kan nemnast initiativet overfor kommunen i 1991 som førte til at oppryddinga i det kommunale arkivet var ferdig eit par år seinare.

Vi har vore ein pådrivar i arbeidet med Heddal mølle og har hatt to medlemmar i styret for stiftelsen sidan 1996.

Ved fredsjubileet i 1995 gav historielaget i samarbeid med forfattaren ut boka «*Skriften på veggen*» av Svein Vetle Trae.

I 1997 blei Alf Mostue utnemnt til æresmedlem i Hjartdal historielag.

Da Hjartdal og Gransherad sparebank markerte sitt 100-årsjubileum med ein stor USA-tur i 1998, var det historielaget som stod for reise-

rute, fagleg innhald og guiding. Særleg utvandringshistoria, men også annan amerikansk historie blei formidla.

Vi har gjeve økonomisk støtte til dei kulturhistoriske praktbøkene til Ivar T.Dahl, til begge bøkene til Halvor Sisjord og til dei tre filmane om Suigard Bondal. Fleire CD-produksjonar med slåttespel har og fått økonomisk støtte.

I 2001 laga vi ein større bildeutstilling i samband med årtusenskiftet, og våren 2009 blei det halde ein godt besøkt filmkveld med framsyning av to eldre hjartdalsfilmar som historielaget hadde digitalisert.

Historielaget har og sørga for opprydding og merking av fleire gamle ferdelsvegar, m.a. Åsvegen og den gamle stulsvegen mellom Sauland og Slåkja. Eit saulandskart med gamle stadnamn gav vi ut i 2009.

Det har blitt mange lokale turar og fleire turar utanbygds. I 2009 var vi m.a. på Nasjonalgalleriet, Historisk museum og Norsk folkemuseum på Bygdøy, i 2012 på Telemark museum og i 2014 på Eidsvoll i samband med 200 års jubileet.

Vi har på samme vis avvikla mangt eit opent møte. 1814-møtet vårt i 2014, med historikar Jens Johan Hyvik som foredragshaldar, kan stå som eit eksempel på det.

I 2010 overtok historielaget utgjevinga av Hjartdalskalenderen som fram til da hadde vore mållaget sitt ansvar, og året etter kom endelig den første årboka vår som hadde vore snakka om så lenge.

Reisjaasamlinga er ferdig arkivert hos NIA på Rjukan, og nå i jubileumsåret kjem den femte årboka.

Vi har i haust også feira oss sjølve med ein fin fest på Nordbø Pensjonat. (Sjå neste side.) Her hadde vi eit stort program både fagleg og underhaldande. Og ikkje minst gjorde vi ære på tre medlemmer som har utmerkt seg med særskilt godt arbeid for laget og lokalhistoria. Ivar T.Dahl, Torkel Hytta og Leif Skoje er nå æresmedlemmer i Hjartdal historielag.

Vi gratulerer alle våre medlemmer med 25 årsjubileet!

Frå jubileumsfesten:

Torild Skårdal spela på bondeharpe - og fortalte om det sjeldne instrumentet, og sanggruppa frå Hjartdal leia oss trygt gjennom allsangane.

Anne Haugen Wagns jubileumskåseri tok oss med gjennom høgdepunkt i hjartdals-historia.

Hjartdals nye ordførar, Bengt Halvard Odden, hadde sitt første oppdrag ved å gjere ære på historielaget, og å overekke, saman med Ingebjørg Darrud frå Hjartdal-Banken, Tilla og Oles legat og Gudrun Hovdes legat til Leif Skoje, mellom anna for historielagsarbeid.

Svein Erik Sletta var programleiar og som alltid ein stor humørspreiar. Historielagslei-ar Svein Bakkalia ser vi i bakgrunnen.

Dei tre nye æresmedlemmene. Frå venstre: Ivar T.Dahl, Leif Skoje og Torkel Hytta.





Ting frå tidlegare tider

I år kan vi vise nokre gjenstandar frå Tuddal Høyfjellshotell.
Vi seier takk til hotellet for hjelpa:

Stakkevarmar

Øvste bildet er av ei slags varmeflaske. Ho blei fylt med varmt vatn og plassert på golvet mellom føtene og under stakken. Det kunne nok vera kalde og trekkfulle golv i mange hus før i tida, og da var det godt å få litt varme under stakken. I sanatoriets tid kan vi tenkje oss at gjestene sat ute på verandaen for å få sol og frisk luft, og da var det viktig å ikkje fryse på beina.

Neste bilde viser ein **potet-mosar**. Denne blei bruka ved f.eks. lefsebaking.

Nederst ser vi ei **handkvern**, også frå hotellet.





I avisa for 100 år sidan

9.2.1915

Amtsskirend

Sauland Idrætslag afholder Amts-skirend Lørdag 13. og Søndag

14.Februar.

Kl.1A.

Kombinert Hop- og Længdeløp for Deltagere over 20 Aar der tidligere er præmiert ved Amte- eller Landsrend. Kontingent: Kr.2.00.

Kl.1B.

Ikke tidligere præmiert ved saadanne Rend. Kontingent: Kr.2.00.

Kl.2.

Kun Hopløp for Deltagere fra 17–20 Aar. Kontingent: Kr.1,50.

Deltagere i Langrendet møter ved Ungdomshuset Lørdag klokken 1.

Hopløpet i Landsverklien Søndag begynder Kl.1 precis. Løperne møter ved Hoppet kl. 12 ½.

Indmeldelse ledsaget av Kontingent til O.H.Timdal inden Fredag Aften Kl.8.

Styret.

23.2.1915

Hjartdal Handelslag

har i 1914 havt en omsætning på 85.000 kr.

Til nyt medlem i styret valgtes Ole H.Strand.

15.5.1915

Hjartdal herredsstyre

Herredet vilde anbefale, at der blir git Østt. automobilselskap tilladelse til at trafikere bygdeveien mellom Sauland og Tuddal høifjeldshotel med automobil til befordring av reisende i indeværende sommer, nemlig i tiden fra 15de juni til 15de september med 3 ture pr. uke paa følgende betingelser:

1. At der holdes fast rute som betimelig paa forhaand gjøres tilstrækkelig bekjendt ved at indsætte i bladet «Teledølen» og «Telefylket» samt opslaaes i postaapneriet, handelsstederne og skysstasjonen i Tuddal. Ruten

skal ikke alene angi klokkeslet for avgang og ankomsttiderne ved endestasjonerne, men ogsaa klokkeslet for naar bilen regelmæssig vil passere Bjaar og Ruekaasa i Tuddal samt Sælebotsmoen i Sauland under op- og nedtur.

2. Ruten skal saa nøiaktig som mulig følges og overholdes, for at de kjørende, som maatte ha rædde hester kan vente paa steder, hvor det er mest beleilige at komme fra veien.

3. Naar bilen møter eller skal forbi kjørende er den pliktig til at stanse og om fornødiges at stoppe maskinen, inttil den kjørende kommer betryggende tilside eller har passert forbi. Vognføreren skal være tilpliktet at være de kjørende behjælpelig med at bringe hest og kjøreredschap betryggen-de tilside naar saadan hjælp av den kjørende findes nødvendig.

4. For bygdefolk fra Tuddal, som maatte ville benytte bilen skal betalingen ikke overskride, hvad den er pr. km. paa hovedveien.

5. Hvis disse betingelser ikke punktlig overholdes skal tilladel-sen kunne tilbakeholdes naar-somhelst paa begrundet klage.

18.5.1915

I Hjartdal

Baade barnetog og folketog. Lærer Hardang talte for barna og kirkesanger Lyngdal for folketo-get. Om kvelden fest.

I Tuddal

Blev ikke dagen feiret med nogen særskilt tilstelning

14.06.1915

Endnu ligger der meget sne i fjeldet meldes der til «Teledølen» fra Hjartdal og Tinn.

I Mælefjeld i Hjartdal ligger sne-en langt nedover skogen, bare en og anden flek er endnu bar.

I Gaustadfjeld er der ogsaa endnu bare en og anden bar flek.

Alle innslaga er frå Teledølen. Dessutan hadde avisa følgende overskrift 14.7.1915. Hovudinnhaldet refererer vi her:

Stor automobilulykke i Tuddal igaar

Videre sto det å lese:

Chaufføren og en passager drept.

Bilen dro fra Notodden ved halvfire-tiden og av passasjerene var det seks som skulle til Tuddal. Alle er nevnt ved navn. Det er fru

Asborg Henseid, Kr.ania, frøknerne Leaila Thoresen, Gunhild Lunde, Anne Mørk og Thea Dahl, samtlige fra Notodden. Disse fem skulle til Tuddal sanatorium.

Ved siden av dem var det en handelsreisende, Peter Møller. Han gikk av ved Tuddal handelslag. Bilen ble kjørt av Jens Andersen, som blir karakterisert som en dyktig sjåfør.

Det var regnvær denne dagen og *kaleschen var paa grund av regnveir opslaat.*

Alt gikk godt og vel til de ved sekstiden kom til de bratte Solheimsbakkene øverst i Tuddal. I en av de øverste og bratteste kneikene, i en krapp sving, begynte bilen å gli bakover. Sjåføren gjorde det som var mulig for å stoppe bilen, men bilen fortsat-

te å skli utfor veien. Den reiv med seg to stabbesteiner og havna på taket. En av passasjerene og sjåføren blei liggende under bilen.

Begge døde momentant.

Videre står det i avis:

Mange folk samlesdes efterhvert ved ulykkesstedet. Deriblant flere fra sanatoriet, bl.a. en inder.

Det blei sendt ekstrabil oppover til Tuddal for å bistå ved ulykken. Blant dem som var med bilen var, dr.Salvesen og fra Sauland kom dr.Moe. De kunne lite gjøre og de omkomne blei brakt til Notodden.

Budskapet om den uhyggelige ulykke spredtes fort utover byen og bygderne, saa langs veiene, hvor bilen kjørte frem med sagte fart, som ved ankomsten til Notodden var der samlet mange folk.

Teledolen

Bidragsytarane til boka


Svein Bakkalia (f.1954)

Tidlegare telefonmontør.

Arbeider i Psykisk helse og rus i Notodden kommune.

Heddøl, busett i Sauland.

Leirar i historielaget og i årbokredaksjonen.



Ivar Torfinn Dahl (f.1943)

Produktiv lokalhistorisk forfattar.

Mangeårig styremedlem i historielaget.

Nå busett i Heddøl.



Ingunn Hovde (f.1956)

Tidlegare lærar og rektor i Hjartdal.

Frå Tuddal, busett i Hjartdal.



Torkel Hytta (f.1939)

Mangeårig formann i historielaget.

Pensjonert lege og gardbrukar.

Busett i Sauland.



Kjell Klokkerud (f.1942)

Pensjonert skulemann.

Busett i Krokstadelva i Nedre Eiker.

Har hytte ved Vermbue i Hjartdal.

Interessert i friluftsliv og lokalhistorie.



Olav Langåsdalen (f.1955)

Gardbrukar på Håtteit i Hjartdal.

Aktiv i Senterpartiet og Bonde- og småbrukarlaget



Aslaug Mosebø (f.1928)

Pensjonert lærar.

Aktiv i lag- og foreningsarbeid.

Busett i Sauland.



Torgunn Opsal (f.1946)

Pensjonert lærar.

Busett på Gjuv i Hjartdal.

Redaksjonskomitemedlem og sekretær i historielaget.



Halvor H.Sisjord (f.1922)

Pensjonist, smed og framfor alt kjend som Hjartdals allsidige bygdediktar og skribent gjenom mange år.

**Leif Skoje** (f.1950)


Pensjonert lærar og kulturskulerektor.
Var med å starte Hjartdal historielag.
Redaksjonskomitemedlem.

**Skoland, Kari Haugen** (f.1939)

Pensjonist. Busett i Hjartdal.
Aktiv og interessert i folkemusikkmiljøet.

**Karl Slaattun** (f.1949)

Rektor på Gransherad skule i mange år.
Aktiv i idrettsarbeid - jeger og friluftsmann.
Busett i Sauland.

**Audun Solberg** (f.1946)


Pensjonert lærar og skulerådgjevar.
Redaktør for Hjartdalskalenderen frå starten i 1987 til i dag. Styremedlem i historielaget. Busett i Sauland.

**Olav Tho** (f.1944)

Gardbrukar og pensjonert lærar.
Mangeårig ordførar i Hjartdal kommune.

**Torkjell Tjønn** (f.1949)

Pensjonert lege.
Busett i Tuddal.
Redaksjonskomitemedlem og styredlem i historielaget.

**Synøve Våle** (f.1955)

Tidlegare misjonær.
Arbeider på Nesbukti pleie- og omsorgsenter i Seljord.
Busett i Hjartdal.

**Anne Haugen Wagn** (f.1952)

Lektor i historie og lokalhistorisk forfattar.
Underviser ved Notodden vgs.
Busett på Notodden.



Årsmelding 2014

Styret har hatt 8 styremøte der varmedlemmane har møtt på styremøta. Vi har hatt 152 medlemmar i 2014, det er ei auke på 25 medlemmar frå fjaråret. Kontingenget har vore kr 200,- inkl gratis årbok.

Rekneskapen er revidert pr 31.12.14 med ei omsetning på kr 210 637,74 og eit underskot på kr 46606,- Underskotet skuldast overføring av kr 25 000,- til etablering av fondet for kulturminnevern, og ei bevilging på kr 23 000,- for å sikre drifta for 2015 til *Mølla - ny bruk*. Behaldninga er på kr 63 623,69

Møter:

Årsmøtet vart halde på Løvheim i Sauland 12 mars med 30 medlemmar tilstades. Torkel Hytta hadde frasagt seg attvalg og takka av som leiar etter heile 17 år i leiarstolen. Han fekk ein rose måla bolle av historielaget som takk for framifrå innsats. Torkel Hytta har vore leiar i to periodar, frå 1993 til 2004 og frå 2008 til 2014.

Etter årsmøtet heldt Torkjell Sletta eit interessant kåseri om symbolbruk i folkekunsten og Leif Skoje informera om den nye nettsida til historielaget.

Onsdag 7.mai vart det halde ein åpen historielagskveld, der Audun Solberg viste bilde frå Hjartdalskalenderen. Dette var det andre møtet med framsyning av bilde frå kalenderen, interessa for gamle bilde er stor og mange hadde møtt fram. Den første kvelden vart halde 12 februar.

200 års jubileet for grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll vart feira med eit åpent 1814 møte saman med Hjartdalskoret. Møtet vart halde på menighetshuset 8 oktober med historiker Jens Johan Hyvik som foredragshaldar. Det var underhaldning av Hjartdalskoret pluss bevertning der vi m.a. fekk smake på ei 1814-kake. Omlag 40 deltok på ein vellykka kveld.

Jubileet vart og markert med overrekking av ei innramma utgåve av det lokale valgdokumentet frå 1814 som gav frå historielaget til Hjartdal kyrkje. Kyrkja var valgkyrkje i 1814 og overrekkinga vart foretatt ved gudstenesten på 17 mai av Torgunn Opsal frå historielaget.

Julemøtet med julemat på Tuddal høyfjellshotell har blitt ein tradisjon saman med «Kjerringkveldane» i Tuddal. Årets møte vart halde tirsdag 2. desember med underhaldning av Knut Buen og med over 60 deltakrar. Det har vore mange fornøgde tilbakemeldingar frå denne kvelden i etterkant.

Det faste lanseringsmøtet av årboka i november blei avlyst i år pga ein konkurs hos bokbindarieret som forsinkta leveringa av boka.

Denne våren og hausten er det halde åpne historielagskveldar på biblioteket kvar onsdag mellom kl.18 og 20. Frammøtet har variert, men fleire har vore innom med interessante lokalhistoriske papirer. Kveldane knytter laget saman sosialt og praten og ideane blomstrar.

Turar

Vårens lokalhistoriske tur gjekk dette året til Tuddal, til Sud-Bøen og Greivjord. På Su-Bøen fekk vi sjá nærmare på Bøenloftet saman med Jon H Tjønn før Ivar T Dahl tok deltagarane med opp til Greivjord og ei fin omvisning på fjellgarden. Ei god og lærerik oppleving.

Den 22 juni reiste 43 medlemmar på tur med buss til Eidsvoll. Turen denne søndagen var eit av høgdepunkta i årets 1814 feiring og vart både lærerik og interessant for deltagarane. Aslaug Mosebø servera 1814-kake og Torkel Hytta hadde ei fin gjennomgang av mirakelåret 1814 på vegen bortover.

Vel framme fekk vi både smake matrettar frå 1814 og omvisning i den nyrestaurerte Eidsvollbygningen.

Ein betre middag på Olavsgaard avslutta det heile.

Haustens lokale tur gjekk til utmarka i Frølandgrenda i Sauland den 10 september. Med Torkel Hytta som turleiar besøkte 30 deltagarar husmansplassane Snappholt, Nystul, Gampedalen, Nord-Nystul og Sud-Havrås. Her var det meir enn 20 plassar med busetnad på 1800 talet.

Årbok 2014, Hjartdalskalenderen og kontaktbladet

Årbokkomite for Årbok 2014 har som før vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal og Leif Skoje saman med Torkjell Tjønn som er ny i komiteen frå og med 2014. Årets bok var den fjerde årboka og blei tatt godt imot. Økonomien er god sjølv om boka ikkje er sjølvfinansierande, m.a. fordi alle medlemmer får ho gratis. Arbeidet i årbokkomiteen går godt og vi ser at arbeidet med lokalhistorie ute i lokalsamfunnet blir oppmuntra av årboka vår. Stadig fleire melder seg på og årboka fungerar slik som planlagt, som ein berebjelke i historielagsarbeidet.

Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2015 har vore Ragnhild Bekkhus, Ivar T Dahl, Ingunn Hovde, Torkel Hytta, Audun Solberg og Tone Stuvrud. Det er fortsatt god tilgang på gamle bilde. Kalenderen er populær og går med eit solid overskot.

Kontaktbladet kjem ikkje lenger ut like ofte som før. Årboka har overtatt mykje av funksjonen så vi prøver å få ut ei utgåve i året, helst saman med utsending av kontingentfakura. Kontaktbladet blei sendt ut i mai, i år til alle kommunens husstandar i eit forsøk på å verve fleire medlemmar. Resultatet vart omlag 25 nye medlemmar. Innhaldet var stort sett koncentrert om organisasjonssaker, om ein omfattande tur og møteaktivitet pluss litt om 1814.

Reisjaasamlinga

Bevaring av samlinga etter Tov Reisjaa har vore ei prioritert oppgåve for styret. Etter forundersøkingar hos Norsk Industriarbeidermuseum(NIA) på Rjukan sendte vi i juni eit brev til Hjartdal kommune. Vi oppfordra i brevet kommunen til å ta kontakt med NIA for å få samlingen overført dit. Kontakt blei oppretta, styret var m.a. på besøk hos NIA i august og overføringavtala blei underteikna i januar 2015. Torgunn Opsal og Audun Solberg sit i styringsgruppa for prosjektet frå historielaget. Samlinga skal systematiserast og publiserast på Arkivportalen på nettet. Etter at arbeidet er ferdig skal delar av samlinga stillast ut ei avgrensa tid i banklokala i Sauland. Prosjektet er finansiert av kommunen og Hjartdal og Gransherad Sparebank saman med NIA. Reisjaasamlinga er nå sikra for ettertida.

Registrering av gamle buplassar

Eit prosjekt med registrering av husmannsplassar har nå pågått ei tid, særleg i Sauland og Tuddal. Styret har diskutert opplegget for dette og Torkel Hytta er vald som prosjektleiar. Det er ikkje sett av nokon slutt dato og det er heller ikkje tatt noko standpunkt til korleis resultatet skal publiserast. Det skal som eit minimum registrerast GPS punkt i tillegg til at plassen skal fotograferast. Resultatet blir lagt inn i eit dataprogram.

Andre saker

- Mølla - ny bruk.

Historielagets styrerepresentantar er Frøydis Hagene Skoje og Geir Hagen. Etter at det ikkje lenger var pengar til drift for 2015 for *Mølla - ny bruk*, mottok historielaget ein søknad om dekning av desse utgiftene. Etter ein gründig gjennomgang og diskusjon i styret blei søknaden innfridd og ei bevilgning på kr 23 000 til dekning av driftsutgiftene for 2015 blei vedtatt, og utbetalt i 2014.

– Rydding og merking av gamle ferdselsvegar

Det har ikkje blitt rydda nye ferdselsvegar, men Ole E Næssen og Ove Bakka har foretatt mindre rydding på Åsvegen og Slettefjellvegen. Torkel Hytta sit i ei referansegruppe for utarbeidning av kommunedelplan for stigar og løyper i kommunen.

– Bygdedagane. Historielaget var tilstades på bygdedagane i Sauland og Tuddal og på Slåttefestivalen i Hjartdal, med informasjonsmateriell og salg av bøker.

– Lokalhistorisk arkiv.

Vi hadde eit møte med NIA om arkivarbeid i juni. Eit mindre registreringsarbeid er gjort i historielagets lokalhistoriske arkiv.

– Kulturmingefondet.

Fondet vart vedtatt oppretta på årsmøtet i 2014. Det blei ikkje bevilga tilskot eller mottatt søknader i 2014. Fondet har blitt utvida med kr 10 000 i kulturmiddlar til kr 35 000.

– Brev til kommunen

1) I januar sendte historielaget eit brev til kommunen der vi ba om at det blei starta opp eit arbeid med ein kulturminneplan. Dette ville kunne utløyse kr 100 000 i støtte frå Riksantikvaren. Forslaget blei avvist.

2) I mars sendte vi eit brev til kommunen om bygningar med historisk verdi og eigedomsskatt og ba her om også desse måtte bli fritatt for eigedomsskatt. Vi ba særskilt om fritak for Tuddal høyfjellshotel. Spørsmålet har vore oppe til behandling og det skal setjast ned ein komite for å sjå på dette der historielaget skal få ein medlem.

– Eilef Deilkås døde 17.mars i 2014. Han var ein kunnskapsrik og ivrig medlem i historielaget og ei viktig lokalhistorisk kjelde. Det blei lagt ned blomster frå historielaget på Eilev si båre.

– Øystein H Bondal døde 3.august i 2014. Han gjorde ein stor innsats for lokalhistoria, både som kjelde og evne til å fortelje, men og særleg for etableringa av Bondal bygdetun. Det blei lagt ned blomster frå historielaget på Øystein si båre og vi er svært takksame for minnegåva vi fekk frå begravelsen.

Styret i Hjartdal historielag

Svein Bakkalia

leiar

Styret 2015

Svein Bakkalia, leiar
Torgunn Opsal, sekretær
Gunvor Prestårhus
Torkjell Tjønn
Borghild Hovde Brennekåsa
Audun Solberg

Torkel Hytta, vara
Torkild H.Mosebø, vara, kasserar

Valnemnd

Svein Erik Sletta
Ivar T.Dahl
Anne Tone Larsen

Årbokredaksjon 2015

Svein Bakkalia
Torgunn Opsal
Torkjell Tjønn
Leif Skoje

Redaksjon Hjartdalskalenderen-2016

Audun Solberg
Ingunn Hovde
Kari Skoland
Tone Stuvrud
Ivar T.Dahl
Torkel Hytta

Revisor

Ingebjørg Frøland Hagen

*Hjartdal historielag
seier takk til alle som
støttar oss med
annonser - og på
andre måtar!*



**Skagerak
Energi**



HJARTDAL
KOMMUNE



Bygder med fortid og framtid





- du kjenner oss

Velkommen til SPAR Saulandtunet

Hos oss finner du alltid gode tilbud og et bredt utvalg av nystekte brød, frukt og grønt, og i ferskvaredisken deler vi gjerne gode tips og oppskrifter på hva du kan lage til middag. Service er viktig for oss på SPAR Saulandtunet, og vi ser frem til å ønske deg velkommen som kunde!

ÅPNINGSTIDER

Hverdager 08:00 -
20:00 Lørdag 09:00 -
18:00 Søndag stengt

KONTAKT OSS:

3665 SAULAND
Telefon: 35023355
Telefaks: 35023353
[spar.saulandtunet @ngbutikk.net](mailto:spar.saulandtunet@ngbutikk.net)



Abonner på ukens tilbud: Få ukens
tilbud direkte til din mobil eller på epost

Se ukens tilbudsavis: Se de gode tilbudene i din butikk



Kontakt:

HJARTDAL LANDBRUK OG FRITID AS
Bruluten
3690 HJARTDAL

espen.hoydahl@eiksenteret.com
35 02 49 27

Åpningstider: Mandag til fredag 08.00-16.30

LOKAL DRIVSTOFF- AUTOMAT I HJARTDAL



Vi leverer også:

- **DIESEL**
- **FYRINGSOLJE**
- **SMØREOLJER**
- **PARAFIN**

PRIVAT - BEDRIFT - LANDBRUK - ALLTID RASK LEVERING!

Olje og Energi
Senteret AS

Tlf. 02496 - post@ooes.no - www.ooes.no

Bondal
SNIKKARVERKSTAD
BONDAL 1990



/ Opplevelsar i heiltre

KJØKKEN * BAD * MØBLAR

www.bondalsnikkarverkstad.no

OLAV H.LISTUL
3692 SAULAND



Tlf.: 35023076 Mobil: 91 31 70 29

TUDDAL BYGGEVARER AS

VI LEVERER ALT INNEN TRELAST OG BYGGEVARER

AVD: TUDDAL

Tuddalsvegen 2128
3697 Tuddal
Tlf: 35024160
Fax: 35023305

Man-Fre 08-16.00
Lørdag 9-13.00

tuddal@tuddalbygg.no

AVD: SAULAND

Ørvellavegen 8
3692 Sauland
Tlf: 35023777
Fax: 35023776

Man-Fre 08-16.30
Lørdag 9-13.00

sauland@tuddalbygg.no



TUDDAL HØYFJELLSHOTELL

Tuddal Høyfjellshotell

Tenk deg et sted der det eneste du skal, er å
nyte. Være der. Spise, sove, tenke, føle, se og
gjøre akkurat så mye eller lite du bare vil.

Da er alt mulig.

Kontakt:

Tuddal Høyfjellshotell

N - 3697 Tuddal

tlf.: 35 02 88 88 fax.: 35 02 88 89

e-post: gurholt@tuddal.no



HjartdalBanken

Siden 1898

Hjartdal og Gransherad Sparebank har historie tilbake til 1898, da Hjartdal Sparebank ble stiftet.

Helt siden 1909 har banken også hatt sitt virke i det som i dag er Notodden kommune. Dette året ble Gransherad Sparebank etablert i det som den gang var Gransherad kommune.

Det var økonomisk oppsving med vekst i næringsliv og handel som gjorde at behovet for bank vokste frem.


I 1994 fusjonerte Gransherad Sparebank med Hjartdal Sparebank, og endret navn til Hjartdal og Gransherad Sparebank.

Vi er en lokalbank som tilbyr kundene både moderne digitale bankløsninger og helhetlig, personlig kunderådgiving. Gjennom god bankdrift og aktiv kundeomsorg skal vi skape verdier for lokalsamfunnet.

www.hjartdalbanken.no

telefon: 35028400

- Øystein Bondal er ikkje lenger er blant oss, men han har gitt oss ein arv som vil vare. I intervju har han gitt oss ei livssoge som viser at han også var meir enn ein samlar og museumsmann.
- Og vi har meir tuddalstoff i år. Bygda hadde sitt eige distribusjonssystem for smør frå dei einskilde gardane frå 1930-åra til og med 1984 - til økonomisk og sosial nytte for mange i bygda.
- Stulsliv er alltid aktuelt i hjartdalhistoria. To artiklar med ulik synsvinkel er med i boka.
- At forkleda har sin eigen historie har få vore merksame på. Det har nå Aslaug Mosebø gjort noko med. Kvinneperspektivet er også med når Anne Haugen Wang får fram svært gamle tradisjonar rundt langeleikspel i hjartdalsbygdene.
- Visste du forresten at det ein gong fanst eit sagbruk langt inne i Hjartdalsfjella? Eller at to småjenter kunne leve trygt i Hjartdal etter dramatiske timar heime i Oslo 9.april 1940.
- Vi presenterer nye arkeologiske funn frå Audun Solberg og fleire bygdeglimt frå Ivar T.Dahl.
- Eit tungt 70-årsminne må også fram. Trygve Nyheim fekk ikkje oppleve 8.mai 1945, han fall i Eiker få dagar før.
- Av alle kunstnarane som har levd og arbeidd i Hjartdal er det i år Christian Stenersen som får sin artikkel.
- At skulestilar kan være verdifulle historiske kjelder, får vi også eit godt døme på. Karl Slaattun skreiv ein gong ned kva Besta fortalte om juleskikkane i Fossegrenda.
- Litt om Hjartdal historielags første 25 år er også på plass i år.



HJARTDAL HISTORIELAG
arbeider i nåtida - med fortida - for framtida!
www.hjartdalhistorielag.no